



Verdsarvområde
Vestnorsk fjordlandskap
Nærøyfjorden og Geirangerfjorden

Forvaltningsplan

VESTNORSK FJORDLANDSKAP
DELOMRÅDE NÆRØYFJORDEN

Nærøyfjorden landskapsvernområde

Bleia - Storebotnen landskapsvernområde

Bleia naturreservat

Nordheimsdalen naturreservat

Grånosmyrane naturreservat

Busette område i Aurland og Voss




FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Rapport nr. 1 – 2008
ISBN 8978-82-91031-92-7
ISSN 0803-1886

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har oppgåver innan landbruk og bygdeutvikling, miljøvern, sosialsektoren, sivil beredskap og overfor kommunane. Vi er om lag 110 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 65 50 00 – Telefaks 57 65 50 55
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:
Hafstadgården, Hafstadvegen 48, Førde
Telefon: 57 72 32 00 – Telefaks 57 82 12 05
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: post@fmsf.no Internett: <http://fylkesmannen.no>
<http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Framsidedfoto: Utsikt frå Skomakarnipa mot Beitelen, der Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden møtast. Foto: Finn Loftesnes
Bakside: Felles informasjonsplakat for Vestnorsk fjordlandskap, versjon Nærøyfjorden

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rapport nr. 1 - 2008

Forfatter Morten Clemetsen og Siri Wølneberg Bøthun, Aurland Naturverkstad BA Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Dato Desember 2007
Prosjektansvarleg Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Trond Aalstad, Fylkesmannen i Hordaland	Sidetal 116
Tittel FORVALTNINGSPLAN VESTNORSK FJORDLANDSKAP, DELOMRÅDE NÆRØYFJORDEN	ISBN 978-82-91031-92-7 ISSN 0803-1886
Geografisk område Nærøyfjorden landskapsvernområde med tilgrensande verneområde og landskap i Aurland, Voss, Vik og Lærdal kommunar.	Fagområde Forvaltning av verneområde og verdsarvområde.
Finansiering Direktoratet for naturforvaltning	
Oppsummering Forvaltningsplan for verdsarvstaden Vestnorsk fjordlandskap, del sør Nærøyfjorden omhandlar Nærøyfjorden. Her ligg Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia – Storebotn landskapsvernområde, Bleia Naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat og Grånosmyrane naturreservat. Busette område i Nærøydalen, Gudvangen, Bakka, Dyrdal, Undredal og Breisnes er og inkluderte i planen. Alle desse områda inngår i felles forvaltningsplan fordi UNESCO i juli 2005 gav verdsarvstatus for Nærøyfjorden og Geirangerfjorden under nemninga "Vestnorsk Fjordlandskap". Ein tilsvarende forvaltningsplan er laga for Geirangerfjordområdet. Forvaltningsplanen byggjer på verneforskriftene i dei einskilde verneområda. Det er i tillegg gjeve tilrådingar til kommunal arealforvaltning i busettingsområde som er med i planen. Det overordna målet for forvaltninga av verneområde og busettingsområde, er å bevare eit særmerkt og verdifullt fjord- og fjellandskap med stor variasjonsrikdom av landskap, geologi, botanikk, zoologi, urørt natur, kulturlandskap og kulturminne for framtidige generasjonar. Forvaltningsplanen gjev oversikt over viktige problemstillingar som vedkjem tilhøvet mellom vern og bruk, og planen skisserer tiltak som kan gjennomførast for å fremje ei balansert forvaltning innanfor dei rammene som verneføremålet set. Vidare vert det tilrådd utarbeiding av meir detaljerte skjøtselsplanar i nokre område med spesielle kvalitetar, og ymse utviklings- og tilretteleggingstiltak i Nærøyfjordområdet.	
Emneord Naturvern Verdsarv Bruk og vern Kulturlandlandskap	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Fylkesmannen i Hordaland

Føreord

Nærøyfjordområdet inngår i "Vestnorsk Fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden og Geirangerfjorden", eit område som UNESCO gav verdsarvstatus for 14. juli 2005. Dette er den første forvaltningsplanen for området. Ein tilsvarande forvaltningsplan er utarbeidd for delområdet Geirangerfjorden.

Framlegget til forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet omhandlar forvaltning av Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia – Storebotn landskapsvernområde, Bleia naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat og Grånosmyrane naturreservat. Busette område i Nærøydalen, Gudvangen, Bakka, Dyrdal, Undredal og Breisnes er og inkluderte i planen.

Aurland Naturverkstad BA stod for utarbeiding av framlegget til forvaltningsplan på oppdrag frå og i nært samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland. Brev med melding om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan vart sendt alle berørte partar 23.06.2003, og det var fleire synfaringar og møte i samband med utarbeiding av planen. Det vart arrangert opne møte i Bakka 05.08.2003 og i Undredal 24.09.2003. I alt kom det 17 skriftlege innspel til melding om oppstart av arbeidet, i tillegg til munnlege innspel.

Arbeidet med forvaltningsplan har hatt ei referansegruppe med medlemmar frå Aurland, Voss, Vik og Lærdal kommunar, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar og Fylkesmannen i Hordaland og i Sogn og Fjordane i tillegg til Aurland Naturverkstad BA. Referansegruppa har hatt til saman 3 møte, det siste møtet 27.03.2007.

Forvaltningsplanen vart sendt på høyring til alle berørte partar: grunneigarar, organisasjonar og etatar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå i mai 2005. Det kom 32 fråsegner til planen.

Direktoratet for naturforvaltning godkjende forvaltningsplan i eit brev av 15.10.2007.

Nils Erling Yndesdal (sign.)
fylkesmiljøvernssjef
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Terje Aasen (sign.)
fylkesmiljøvernssjef
Fylkesmannen i Hordaland

Desember 2007



Innhold

1. Innleiing	6
1.1. Bakgrunn og problemstilling.....	6
1.2. Vestnorsk fjordlandskap - Verdsarv i Nærøyfjordområdet	7
1.3. Føremål med forvaltningsplanen	10
1.4. Verneverdiar.....	12
1.5. Forvaltningsutfordringar	17
2. Skildring av planområdet	19
2.1. Overordna omtale av Nærøyfjordområdet	19
2.2. Stalheim - Nærøydalen	19
2.3. Nærøyfjorden med Styvi - Holmo	21
2.4. Aurlandsfjorden og Undredal	22
2.5. Nordheimsdalen.....	23
2.6. Bleia	24
2.7. Grånosmyrane	25
2.8. Fjell og breområde	25
3. Prinsipp for forvaltninga av Nærøyfjordområdet	28
3.1. Sikring av naturverdiar	28
3.2. Omsyn til landskapsbilete og identitet	29
3.3. Heilskapleg forvaltning	30
3.4. Samarbeid	31
4. Retningslinjer for forvaltning av verneområda	32
4.1. Naturverdiar og biologisk mangfald	32
4.2. Naturområde og villmarksprega område utan inngrep	33
4.3. Kulturminne og kulturmiljø	34
4.4. Jordbruk og kulturlandskap	38
4.5. Skog og skogbruk	42
4.6. Villrein	44
4.7. Friluftsliv.....	45
4.8. Reiseliv	49
4.9. Transport og motorferdsle	54
4.10. Forsvaret	58
4.11. Vasskraft og straumforsyning.....	59
4.12. Media	60
4.13. Forsking og undervisning.	60
4.14. Informasjon	61
4.15. Forsøpling og ureining	64
4.16. Anna.....	65
5. Tilrådingar til arealbruk i busettingsområde	66
5.1. Innleiing	66
5.2. Aktuelle lover.....	67
5.3. Gjeldande kommunale planar.	67
5.4. Vurdering av tiltak i busettingsområde.....	68
5.5. Planlegging og sakshandsaming etter Plan- og bygningslova.	79
6. Oppfølging av forvaltningsmål- og tiltak	80
6.1. Forvaltningsstyresmakt	80
6.2. Oppsyn.....	80
6.3. Prioritering av tiltak	81
6.4. Rådgevinge utval for Nærøyfjordområdet	82
6.5. Verdsarvråd for Vestnorsk fjordlandskap	83
6.6. Nærøyfjorden Verdsarvpark: Regional naturpark og samarbeid med lokal utviklingsaktørar	84
6.7. Økonomi.....	84
6.8. Rullering av forvaltningsplanen	84
Kjelder og litteratur	85
Vedlegg	87

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn og problemstilling

Forvaltningsplanen omfattar Nærøyfjordområdet, den sørlege delen av Vestnorsk fjordlandskap. Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskriva på UNESCO si verdsarvliste (World Heritage List) 14. juli 2007. Det er laga ein tilsvarande forvaltningsplan for Geirangerfjordområdet.

Nærøyfjordområdet omfattar eit areal på ca. 709 km² i det indre fjordsystemet på sørsida av Sognefjorden. Av dette er ca. 683 km² verna etter naturvernlova. Ca. 51 km² er sjøareal, av dette er ca. 34 km² verna etter naturvernlova. Området er samansett av fleire verneområde. I tillegg omfattar utgreiingsområdet og busette bygder og anna areal som ligg slik til at dei vert omslutta av verneområde. Dette er område som framleis skal forvaltast etter plan- og bygningslova og anna lovverk. I alt om lag 250 menneske bur i verdsarvområdet i Nærøyfjorden, om lag halvparten av desse i Undredal.

Verneprosessane i området har pågått i mange år. Lokalsamfunn og grunneigarinteressene har på forskjellig vis blitt involvert i dei verneplanane som er gjennomført, avhengig av verneform, framdriftsplan og type problemstillingar.

Følgjande naturvernområde er omfatta av forvaltningsplanen:

- Nærøyfjorden landskapsvernområde, areal: 576km², oppretta 8. november 2002.
- Grånosmyrane naturreservat, areal; 3,35 km², oppretta 15. desember 1995.
- Nordheimsdalen naturreservat, areal 13,3 km², oppretta 17. desember 1999.
- Bleia naturreservat, areal 21,8 km², oppretta 8. oktober 2004.
- Bleia - Storebotnen landskapsvernområde, areal 66 km², oppretta 8. oktober 2004.
- Bleiklindi (Hatle-Styve), eit lindetre, freda 26.05.1933

Følgjande busette området er omfatta av forvaltningsplanen:

- Undredal
- Bakka
- Nærøydalen
- Stalheim
- Dyrdal
- Breisnes

I tillegg er dei indre delane av Aurlandsfjorden med i Verdsarvområdet, men ikkje inne i noko verneområde

Grunnlaget for vern i Nærøyfjordområdet

Planprosessane fram til formelle vernevedtak har vore ulike i dei einskilde verneområda.

Det formelle grunnlaget for å setje i gang verneprosess for Nærøyfjorden landskapsvernområde og Bleia naturreservat finn ein i Stortingsmelding 62 1991-92, "Ny landsplan for nasjonalparker og andre store verneområder i Norge".

Grunnlaget for vern av Nordheimsdalen barskogreservat er knytt til Stortingsmelding nr 40 1994-95 "Opptrapping av barskogvernet fram mot år 2000". Planprosessen i Nordheimsdalen starta rett nok opp tidlegare enn dette, men framlegget til verneplan vart vurdert i høve Stortingsmelding 40.

For Grånosmyrane er vernet ein del av dei fylkesvise tematiske verneplanane for våtmarksområde, som har sin bakgrunn i Stortinget si handsaming av Stortingsmelding nr. 68 (1980-81) "Vern av norsk natur".

Namnebruk i plandokumentet

Som felles omgrep på heile planområdet, som samsvarar med avgrensinga for del sør, vert nytta **Nærøyfjordområdet**.

Nemninga **Verneområde** omfattar dei tre naturreservata og to landskapsvern-områda.

Område som ikkje er verna etter Naturvernlova vert omtalt som **busette område**.

Namnsetjing av stader og landskaps-område er i hovudsak henta frå Topografisk hovudkartserie, M711 (N 1:50 000). Lokal namnbruk er nytta i den grad ein har kjennskap til dette.

Vern av Bleia – Storebotnen landskapsvernområde var eit framlegg som kom opp i februar 2003 som eit resultat av prosessen med å utarbeide søknad til UNESCO om å godkjenne Nærøyfjordområdet som verdsarvområde. Formålet var å binda saman Bleia naturreservat med Nærøyfjorden landskapsvernområde og Nordheimsdalen naturreservat.

1.2. Vestnorsk fjordlandskap - Verdsarv i Nærøyfjordområdet

Miljøverndepartementet sende ein offisiell tentativ liste over aktuelle verdsarvområde i Noreg til UNESCO i oktober 2002, etter at Verdsarv i Norden var utgreidd i ein rapport frå Nordisk Ministerråd i 1996. I rapporten frå Nordisk Ministerråd og i denne førehandsmeldinga er Nærøyfjorden og Geirangerfjorden under nemninga "Vestnorsk Fjordlandskap" eit av fire naturarvområde Noreg tek sikte på å nominera i løpet av ein 10 års periode. Vestnorsk fjordlandskap vart Innskrive på UNESCO si Verdsarvliste over dei fremste naturområda- og kulturminna i verda. Pr. 1.8.2007 er 851 objekt/område på Verdsarvlista, fordelt på 138 land, av desse er 660 kulturarv, 166 naturarv og 25 ei blanding av natur- og kulturarv. Føresetnad for Verdsarvstatus er at det alt er etablert nasjonale verne- regime for det meste av det omsøkte området. Verdsarvstatus fører såleis ikkje til ytterlegare vern eller andre særskilde restriksjonar i godkjente område.

Verdsarvstaden Vestnorsk fjordlandskap utgjer eitt objekt på Verdsarv- lista, og omfattar Geirangerfjorden på Sunnmøre og Nærøyfjorden i Sogn med tilgrensande fjell og dalar. Det er m.a.o. ikkje Geirangerfjorden og Nærøyfjorden som kvar for seg har fått verdsarvstatus; dei har fått denne statusen saman. Det er laga ein tilsvarande forvaltningsplan for nordområdet, Geirangerfjorden, i Vestnorsk fjordlandskap.

For å få eit område med samanhengande yttergrense å legge til grunn for søknad om verdsarvstatus, vart det avgjort å inkludere grender og busette område i Nærøydalen, Nærøyfjorden med Bakka og Dyrdal, samt Undredal og Breisnes. Dette er område der naturvernlova ikkje gjeld. Søknad om tiltak her vert vurdert etter plan- og bygningslova og eventuelle kommunedelplanar og reguleringsplanar. Planar om tiltak og inngrep skal og i mange tilfelle vurderast i høve særlover samt nasjonale og lokale forskrifter. Dette gjeld og saker innanfor grensene til eit verneområde.



Grunnlaget for nominering av Vestnorsk fjordlandskap til Verdsarvlista

Kva er Verdsarv?

Verdsarv er objekt eller område som oppfyller eit eller fleire av i alt 10 ulike kriterium fastsett av UNESCO. Desse stiller til dømes krav om at :

- området skal representere eit stort steg i jordhistoria eller, - være eit framstående eksempel på eit pågåande økologisk prosess eller, - være av dei viktigaste habitata for biologisk mangfald eller, - representere mesterverk i menneskelig skaperkraft eller, - representere betydningsfulle døme på utveksling av humanistiske verdier , mm.. Området skal representere "einestående universell verdi" (Outstanding Universal Value) for dei kvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatus.

I tillegg skal eit verdsarv ha ei avgrensing som sikrar at alle nøkkelement finst innafor området, samt ei organisering av forvaltninga som sikrar at verdiane vert teke vare på for framtida. Områda skal i tillegg tilføre Verdsarvlista noko nytt og være dei beste døma på emnet i verda. Før innskriving på lista vert områda nøye granska og samanlikna med liknande område andre stader i verda. Utviklinga i verdsarvområda vert rapportert til UNESCO kvart 6. år, og skal for Vestnorsk fjordlandskap skje i 2012/2013.

Bakgrunnen for søknaden

- 1996 – Det tverrfaglege og fellesnordiske prosjektet "Verdensarv i Norden" (1994-96) vurderer aktuelle nye kandidat område frå Norden til Verdensarvlista. I sluttrapporten (NORD 1996 :30/31) oppmodar Nordisk Ministerråd Norge til bl.a. å vurdere Vestnorsk fjordlandskap, representert ved Geirangerfjorden og Nærøyfjorden med omgjevnader, som aktuell kandidat for nominering.
- 2001 – Kommunestyra i Stranda, Norddal og Aurland gjer intensjonsvedtak om å prioritere verdsarvarbeid. Ordførerne ber om møte med Miljøverndepartementet og uttrykker kommunane sitt ønskje om at statsparten Norge prioriterer oppfølging av konvensjonen og vidarefører arbeidet med å fremje nye nominasjonar til Verdsarvlista.
- 2002 – Statsministerens kontor kunngjer at Regjeringan har avgjort å nominere vestnorske fjordlandskap til UNESCO si liste over Verdas kultur- og naturarv.
- 2002 – Miljøverndepartementet oversender ei offisiell tentativ liste til UNESCO. Lista er ei førehandsmelding om kva for område Norge tek sikte på å nominere over ein 10-års periode. Geirangerfjorden og Nærøyfjorden utgjer eitt av dei fire områda.
- 2003 – Direktoratet for naturforvaltning får i oppdrag av Miljøverndepartementet å utarbeide eit samla nominasjonsdokument for Geirangerfjorden og Nærøyfjorden med omgjevnader innan utgangen av januar 2003. Det vert nedsett arbeidsgrupper og referansegrupper med representasjon frå lokalt-, regionalt og nasjonalt nivå. Arbeidet involverer ei rekke fagmiljø og alle kommunane.
- 2004 – Eit komplett søknadsdokument vert oversendt UNESCO til evaluering 31.1.2004.
- 2005 – Vedtak i UNESCO 14. juli 2005 om at Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden og Geirangerfjorden kjem med på Verdsarvlista som naturarv.

Verdsarvverdiane i Nærøyfjorden

For verdsarvnominasjonen Vestnorsk fjordlandskap der Nærøyfjordområdet inngår har dei faglege utgreiingane gjeve følgjande konklusjonar og grunngjeving av søknaden:

Kriterie 44(a)(i)*

"Området viser eksepsjonelle døme på landformar laga av is og vatn. Eit unikt landskap med betydelege geomorfologiske formar. I forhold til jordhistoria er dette eit ungt landskap som vedvarande vert forma av aktive erosjonsprosessar."

Det er altså sjølve storforma i landskapet med aktive geologiske prosessar som utgjer grunnlaget for nomineringa. Noreg meiner å kunne hevde at Nærøyfjorden og Geirangerfjorden samla sett er det beste dømet på dette i verda og slik forsvarar ein plass på verdsarvlista. Dette vert grunngjeve med fleire forhold:

Noreg er landet i verda der fjordane ligg tettast og truleg er omgrepet fjord av norsk opphav. Dei vestnorske fjordane er blant dei viktigaste referanselandskap av denne typen. Fjordområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er dei best bevarte heilskaplege fjordområda i landet og samla utgjer dei eit eineståande døme på denne storforma. Områda inneheld alle geologiske element som kjenneteiknar eit klassisk fjordlandskap.

At dei naturlege geologiske prosessane, styrt av erosjon og fritt vatn, er aktive og lite påverka av menneskeskapte inngrep er ein vesentleg verdi i Nærøyfjord- og Geirangerfjord-området. Særleg viktig er det at dei viktigaste vassdraga innafor områda er varig verna mot vasskraftutbygging, og at det slik sett ikkje er gjort eller vil bli gjort inngrep som endrar dei naturlege prosessane i den vidare forminga av fjordlandskapet.

I tillegg vert det lagt til grunn at områda også oppfyller kriteriet om eineståande opplevingsverdiar;

Kriterie 44(a)(iii)

"Området representerer det mest ekstreme, dramatiske og storarta fjordlandskapet i verda og har ein eksepsjonell naturvenleik og estetisk betydning."

* Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention.

Vedtak i UNESCO, Verdsarvkomiteen, om Verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap, 14. juli 2005 lyder slik (sitat):

- På grunnlag av naturkriteria (i) og (iii) skriv Verdsarvkomiteen **Vestnorsk fjordlandskap** – Geirangerfjorden og Nærøyfjorden i Noreg, inn på Verdsarvlista:
- **Kriterie (i):** Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.
- **Kriterie (III):** Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stolar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.

Verdsarvkomiteen i UNESCO legg til at dei (sitat)

- Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknadene av eksisterande gruvedrift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie III);
- Roser staten for ein grundig prosess som involverer ein godt gjennomført utvelgingsprosess og konsultasjon med alle dei nordiske landa og lokale grunneigarar, noko som førte til støtte for nominasjonen.

UNESCO har m.a.o. i grunngevinga for innskriving på Verdsarvlista særleg lagt vekt på fjordlandskapet med aktive geologiske prosessar, det vakre naturlandskapet frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar, samstundes som kulturlandskapet blir framheva for å gi naturlandskapet perspektiv.

Den 10. juni 2006 arrangerte Miljøverndepartementet ei markering av verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden, der Dronning Sonja stod for hovudinnslaget.

Informasjon og lokal medverknad i utarbeiding av framlegg til forvaltningsplan

Utarbeiding av framlegg til forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet var tilpassa framdrifta i høve søknad om Verdsarvstatus. Søknadsfristen til UNESCO var 1. februar 2004. Arbeidet med forvaltningsplan-ramlegget er difor gjennomført med rask framdrift. Ein har likevel søkt å gje alle involverte partar og andre interesserte høve til å koma med innspel undervegs i prosessen. Det er og gjennomført fleire lokale møte og synfaringar.

Oppstart av arbeidet med forvaltningsplan vart kunngjort i midten av mai 2003. Brev med melding vart send til nasjonale, regionale og lokale høyringsinstansar, inklusive alle grunneigarar. Det kom inn 17 skriftlege innspel. Det er gjennomført ei synfaring og fire møte med lokale interesser. I tillegg har det vore kontakt med alle berørte grunneigarlag og med grunneigarar i området som har hatt konkrete problemstillingar å legge fram.

Det er i tillegg etablert referansegruppe for forvaltningsplanen med representantar frå berørte kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn. Referansegruppa har halde tre møte. I tillegg er det halde eit arbeidsmøte med representantar frå Fylkesmannen i Hordaland og frå Sogn og Fjordane.

Avgrensing av planområdet, eigedomstilhøve

Avgrensinga av området for forvaltningsplanen er samanfallande med Verdsarvområdet, som i tillegg til ver-



Dronning Sonja, saman med miljøvernminister Helen Bjørnøy og fylkesmann Oddvar Flæte kom til verdsarvmarkinga på Bakka 10. juni 2006. Foto: Tom Dybwad

neområde og omfattar busetingsområde i Aurland og Voss kommunar. Det aller meste av arealet i forvaltningsplanområdet ligg på privat grunn. Av areal verna etter naturvernlova er 80,4% i privat eige og 262 grunneigarar er omfatta av vernet. Busettingsområda er utelukkande privateigde.

Statsallmenningssgrunn finn ein i fjellområda aust for Aurlandsfjorden; Bleiaområdet i Lærdal er underlagt Lærdal Fjellstyre, Storebotnen - Kolarbotnen området i Aurland er underlagt Aurland Fjellstyre. I Nordheimsdalen naturreservat, som og er statsallmenning, er det oppnemnt eit allmenningssstyre som tradisjonelt har forvalta skogressursane for brukarinteressene i området.

Intensjonserklæring

Alle kommunane og fylkeskommunane med areal i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap har underteikna ei intensjonserklæring om å ta vare på verdiane i området (sjå vedlegg 4).

1.3. Føremål med forvaltningsplanen

Generelle mål

Føremålet med forvaltningsplanen er å sikre og ta vare på kvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatus, jf. UNESCO si grunngeving (innskrivingsteksten) av 15.07.2005 for å ta Vestnorsk fjordlandskap med på

Verdsarvlista. Det gjeld både i verneområda der det er eigne verneforskrifter i medhald av naturvernlova, og i dei busette områda der det først og fremst er plan- og bygningslova som styrer arealbruken.

Mål for forvaltninga av verneområda

Ein forvaltningsplan for eit verneområde skal fremje føremålet med vernet. Forvaltningsplanen skal gje nærare retningslinjer for praktisering av verneforskriftene. Planen skal vere ein overordna styringsreiskap til bruk for forvaltningsstyresmaktene for å sikre at nasjonale, politiske føringar for naturvernet i Noreg vert fylgt opp i praksis.

For eit landskapsvernområde, som er ein mindre streng verneform der ein i større grad har høve til å gjere avvegingar mellom vern og bruk, er det etter Naturvernlova eit mål å *”bevare egenartet eller vakkert natur- og kulturlandskap”* (Naturvernlova § 5). I eit landskapsvernområde vil kulturlandskapet ofte vere ein del av det karakteristiske kjenneteiknet på området. Forvaltninga av eit landskapsvernområde vil difor i større grad vere retta mot skjøtsel av kulturlandskap og tilrettelegging for ferdsle.

For reservat, som er den strengaste verneforma etter Naturvernlova og som i hovudsak dekker mindre areal, seier Naturvernlova (§ 8) at det overordna målet er å verne *”..område som har urørt, eller tilnæra urørt natur eller utgjør ein spesiell naturtype og som har særskilt vitenskaplig eller pedagogisk verdi”*.

Forvaltningsplanen skal gje oversikt over viktige problemstillingar som vedkjem tilhøvet mellom vern og bruk og skissere tiltak som kan gjennomførast for å fremje ei balansert forvaltning innanfor dei rammene som verneføremålet set. Forvaltningsplanen skal vidare kunne tilrå utarbeiding av meir detaljerte skjøtelsesplanar og ymse utviklings- og tilretteleggingstiltak.

Det er viktig å involvere lokalsamfunnet, grunneigarar, anna næringsliv, kommunar og andre som har interesser i samband med bruk og forvaltning av området. Forvaltningsplanen bør soleis vere eit verkemiddel til å bygge alliansar mellom vernestyresmaktene og lokalsamfunna. Også i verneområda gjeld anna lovverk som Plan- og bygningslova, Jordlova, Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og Kulturminnelova (sjå kapittel 5.2).

Føremål for Nærøyfjorden landskapsvernområde

”Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter.”

Føremål for Bleia - Storebotnen landskapsvernområde

”Føremålet med Bleia – Storebotn landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjør bre-isen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter.”

Føremål for Bleia naturreservat

*”Føremålet med fredinga er å sikre ein lokalitet med urvalmue (*Papaver radicum* ssp. *relictum*) av særleg vitenskapleg verdi og eit særmerkt fjordlandskap sin kvartærgeologi med uvanleg storskala ravinar og fjellryggar, og med eit botanisk og urskogprega verdfullt område frå fjord til høg fjell.”*

Føremål for Nordheimsdalen naturreservat

”Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvaliteter kan nemnast at området utgjør eit intakt nedbørsfelt med ein skoggradient frå fjøre til fjell, og som har

eit uvanleg stort mangfald av ulike furuskogstypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogpreg som truleg er det sterkaste ein finn på Vestlandet.”

Føremål for Grånosmyrane naturreservat

”Føremålet er å frede eit fjell- og våtmarksområde med hekkefunksjon for eit rikt og sårbart fugleliv.”

Mål for forvaltninga i busettingsområde

Busettingsområde som ligg innanfor verdsarvrensene skal forvaltast på ein slik måte at natur- og kulturminneverdiar ikkje vert forringa. Med verdsarvstatus er det viktig å sikre heilskapen i landskapsbiletet på tvers av vernegrensene, og sikre dei geologiske prosessane, ta vare på det eineståande vakre landskapet, med kulturlandskapet og levande bygder.

Dei fleste busettingsområda ligg i Aurland kommune, med unntak av gardane Stalheimsøyne og Sivlesøyne i Voss kommune. Arealforvaltninga vil i busettingsområde i hovudsak skje etter plan- og bygningslova. Føremålet til Plan og bygningslova (§ 2) er formulert slik:

” Planlegging etter loven skal legge til rette for samordning av statlig, fylkeskommunal og kommunal virksomhet og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar, utbygging, samt å sikre estetiske hensyn. Gjennom planlegging og ved særskilte krav til det enkelte byggetiltak skal loven legge til rette for at arealbruk og bebyggelse blir til størst mulig gagn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegging etter loven her skal det spesielt legges til rette for å sikre barn gode oppvekstvilkår.”

1.4. Verneverdiar

I Vest-Noreg finn ein det mest utprega fjordlandskapet i verda. Nærøyfjorden – som Geirangerfjorden - er eit av dei beste døma på fenomenet fjord, og området har difor ein særskilt høg verdi som referanseområde. Landskapet er rikt på kontrastar, med eit unikt samspel mellom naturlandskap og kulturlandskap. Området er lite prega av moderne tekniske inngrep. Det er og stor spennvidde mellom fjord og fjell som gir eit variert bilete av fjordfenomenet med sine særmerkte formasjonar, levande geologiske prosessar, og kontrastar frå strandline med mildt klima, til høgfjell med brear og evige fonner.

Geologiske verdiar

Geologisk kan området klassifiserast som eit særskilt velutvikla klassisk fjordlandskap. Landskapet er eit ungt, og geologisk aktivt, glasialt landskap. Geomorfologisk er området særprega. Både fjordane sjølve og mange sidedalar utgjer gode døme på typiske isbreforma U-dalar, mellom sidedalane er og klassiske ”hengande sidedalar”.

Store delar av berggrunnen i området høyrer til Jotundekket. Store flak av grunnfjellsbergartar vart skuva saman og omdanna til gneis, gabbro, mangeritt og anorthositt under den kaledonske fjellkjedefoldinga. Desse bergartane er næringsfattige og harde bergartar. Dei la seg oppå yngre, fyllittiske bergartar. Anorthositt er ein omdanna størkningsbergart som er bygd opp av mineralet feltspat. Dette er ein veldig lys bergart og kjem fram i terrenget i form av lyse gråtonar på snaufjellet. Dette kjem særleg godt fram i Bleia – Storebotn området der anorthosittiske bergartar dominerar. Eit blikkfang er og Kvitmålane under Skomakarnipa i inngangen til Nærøyfjorden og innover mot Dyrdal. Her lyser den kvite, steile bergveggen mot alle som kjem utover frå Aurland. Anorthositt har kommersielt interessante eigenskapar. Dei viktigaste førekomstane som kan vere av næringsinteresse finn ein i eit større område kring Jordalsnuten, og særleg aust for Nærøydalen.

Ved Bleia er fjordlandskapet spesielt storfelt. På nordsida finn ein det største samanhengande relieffet i Sognefjorden, frå fjordbotnen (1000 m djupt) til toppen av Bleia (1717 moh). På nordsida av Bleia dannar ravinar og ryggar uvanleg storslegne, særmerkte formar. Dei kvartærgeologiske prosessane er her særskilt aktive.



*Breidskrea utom Bakka er eit mektig døme på aktive geologiske prosessar i Nærøyfjorden.
Foto: Morten Clemetsen*

Topplatået av Bleia og fjellområda sørover er restar av det gamle slettelandet (peneplanet). Dei representerar soleis landformene frå før istidene.

Dei bratte fjordliane gjev rike moglegheiter for å studere kvartærgeologiske fenomen som faste skredfar og raskjegler og årvisse snøskred. Inste- og Ytste Drøfti på nordsida av Bleia er dei mest markerte og særmerkte skredfara i planområdet. I Nærøyfjorden utgjer Breidskrea utom Bakka og eit markert stor skredfar like ovanfor Styvi gode døme. I Bleiaområdet, ovanfor Revsnes, trer det fram tydeleg spor etter eit større fjellskred.

Inst i dalføra finn ein gjerne markerte botnar. Her ligg ofte små vatn danna av botnbreiar som har skura seg nedover i berg-grunnen. Eit særleg godt døme finn ein i Huldabotnen inst i Styvisdalen og Undredalsvotni aust for Skammadalshøgdi.

Innanfor verneområda finn ein både større breiar og mindre "evige" snøfonner. Den største breen er Fresvikbreen (1648 moh) på vestsida av Nærøyfjorden. På austsida ligg den mindre breen Syrdalsbreen (1761 moh). På austsida av toppen av Bleia (1717 moh) ligg og ein liten bre. Nær Fresvikbreen, og i fjellområdet mellom Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden finn ein og fleire småbreiar og evige fonner.



Sagelvi, ein av dei mange særprega fossane i Nærøyfjorden. Foto: Tom Dybwad

Dei store fossane inst i Nærøydalen, Sivlefossen og Stalheimsfossen er kjende attraksjonar. Mindre kjend er fossen i Vetlahelvete, gjelet som kjem ned frå Jordalen. Alle desse er døme på større elvar som tidlegare rann mot Voss. I heile Nærøyfjorden kastar 25 fossar seg utfor. Kjelfossen med 150 m fritt fall og 840 m totalt fall har det 18. høgste totale fallet i verda. Etter at bre-isen forsvann, er det i kvartærgeologisk samanheng mykje det frie vatnet i elvar og bekkar som formar landskapet. At det finst heile vassdrag utan inngrep, der erosjons- og landformingsprosessane går naturleg, er unikt. Vassdraga Undredalselvi, Dyrdalselvi, Kolarselvi (Nordheimsdalen), Nærøydalselvi (med unntak av sideelva Jordalselvi), Nisedalselvi, Vossovassdraget og Flåmselvi i området er verna mot kraftutbygging (Verneplan vassdrag I-V).

Biologiske verdiar

Nærøyfjordområdet har høg biologisk variasjon. I dei områda som er omfatta av forvaltningsplanen er det i alt dokumentert 35 særskilde lokalitetar med biologisk mangfald (Bøthun 2003, Moe 2003, Roald 2003, Gaarder 2003). Dei fleste naturtypene som er definert som verdfulle etter "Handbok i kartlegging av naturtypar" (Direktoratet for naturforvaltning 1999) er representert i området. Det finst likevel mange område som ikkje er undersøkte, og fleire av dei registrerte lokalitetane kan romme enno ukjende førekomstar av sjeldne plantar, sopp, lav, fugl og virvellause dyr. Det har ikkje vore gjort viltregistreringar i kommunane i planområdet.

Generelt har floraen preg av å ligge på grensa mellom Aust- og Vestlandet, og inneheld soleis både austlege og vestlege floraelement. Av område som er botanisk undersøkt, skil Flåmsvassdraget seg ut med ein spesielt rik vegetasjon. Dette skuldast mellom anna eit belte av fyllitt i berggrunnen som gjev kalkrikt jordsmonn.

Langs fjorden finn ein både slåtteeingar og beitemark. Ein del beiteområde har innslag av styvingstre. Dei



*Utsikt mot fjellryggen ved Grånosi i Bleia – Storebotnen landskapsvernområde. Området er mykje nytta av villrein.
Foto: M. Clemetsen /H. Skjerdal*

viktigaste tradisjonelle kulturlandskapsområda er Styvi – Holmo, området mellom Stokko og Undredal, Nedbergo – Bortomteigane og Dyrdal. Også området Bakka-Tufto har viktig kulturlandskap, t.d. mykje alm som har vore lauva.

Edellauvskogane langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er rike og har eit høgt innslag av lind. Ein finn fleire nesten reine lindebestandar mellom anna i Legdeviki, sør for Sagelvi i Nærøyfjorden. Ved Morki i inngangen til Nærøyfjorden er det og ein velutvikla lindeskog der ein mellom anna kan finne den sjeldne edellauvskogstilknytte arten huldregras.

I Nordheimsdalen finn ein meir samanhengande furuskog. Dei øvre delane av dalen har urskogspreg. Dette unike skogområdet har mellom anna eit høgt innslag av sjeldsynte og truga spettar. I Legdene, som ligg ovanfor Lægdaviki i Nærøyfjorden veks og gamal furuskog. Området har høge naturverdiar, mellom anna har det vore observert hekking av storlom i Lomtjødni. Både ved Hausagjelet innanfor Revsnes og i lia aust for Instegjelet over Indre Frønningen i Bleia naturreservat er det unik furuskog, det same og ved Kristenkamben i Bleia – Storebotnen landskapsvernområde. Ved Hausagjelet finn ein truga kryptogamflora knytt til urskogsprega skog med mykje osp.

I fjellet finn ein fleire område med myr og vatn som er viktige for våtmarksfugl. Grånosmyrane naturreservat er verna først og fremst av omsyn til den rike fuglefaunaen. Dette er eit sjeldsynt stort våtmarksområde i vestnorske fjell. Også i nedre delar av Bleia - Storebotnen landskapsvernområde er det registrert ei rekke våtmarkstilknytte artar, mellom anna sjeldsynte og truga andefugl. Dyrdalsvassdraget utpeikar seg og som eit område viktig for fuglelivet. Sjølve vassdraget har sær mange registrerte fugleartar. Vassetvatnet utmerkar seg som viktig for våtmarksfugl.

Nærøyfjordområdet er rikt på rovfugl, særleg artar som kongeørn, tårnfalk og fjellvåk. Her er og registrert hekking av jaktfalk. Havørn, hønsenhauk, spurvehauk og dvergfalk er truleg også hekkefugl i området. Langs fjorden er det vanleg at kvitryggspett hekkar.

I høgfjellet finn ein to forskjellige villreinstammer; Nordfjella villreinstamme i aust og Fjellheimen villreinstamme i vest. Noreg har eit særskilt ansvar for å sikra leveområde for dei attverande villreinstammene.

Det er ein stabil hjortestamme i lisdar og skogkledde dalar. Elg finst og, men er fåtallig. Rådyr er berre observert som tilfeldig streifdyr.

Jerv finst i levedyktig bestand i Nordfjella, og med streifdyr i Fjellheimen. Jerven har truleg auka i tal det siste tiåret. Det er registrert auke i tap av beitedyr på utmarksbeite. I dei vestlege områda er det registrert gaupe med jamne mellomrom. Ulv og bjørn reknast som utrydda i Vest Noreg, men streifdyr er observert i nærliggande område.

Naturområde lite påverka av moderne inngrep

I Nærøyfjordområdet er det fleire urørte og villmarksprega område. Eit urørt område vert definert som meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep (t.d. kraftlinje, veg eller bygningar). Villmarksprega område ligg meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep.

Fjellområdet mellom Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er det største samanhengande området med villmarksprega natur med i underkant av 60 km² meir enn 5 km frå tekniske inngrep. Eit anna villmarksområde (om lag 3 km²) ligg søraust for Bleia. Dessutan er om lag 1 km² ved Sagelvi i Nærøyfjorden og definert som villmark. Inngrepsfri område har stor forskings- og referanseverdi for plante- og dyrelivet. Sjå kart over inngrepsfrie område (vedlegg 2.2)

Kulturlandskap og kulturminne

Store fangstanlegg i høgfjellet vitnar om at villreinen til alle tider har vore sentral for folk i Nærøyfjordområdet. Mange av desse anlegga er truleg automatisk freda (frå før 1537). Det mest utprega fangstområdet finn ein kring Fresvikbreen. Her er det store fangstanlegg med bogestiller, ledegjerder og dyrestup på fire fjellryggar frå Tuftafjellet i nord til Handadalseggi i sør. I tillegg er det gjort funn av ei rekke dyregraver i området. I fjellområdet mellom Flåm og Gudvangen er det og registrert fangstanlegg med dyregraver, bogestiller og ledegjerder. Namn som Reinsgrovene og Gravhalsen fortel om dette. Fangstanlegga i området ved Jøtebotn ved Raudeggi og Fessene er og viktige døme. Også i Drøfteskardet ved Bleia er det registrert dyregraver. Dette må sjåast i samanheng med fleire registrerte fangstanlegg lengre søraust i dette fjellområdet.

I nærleiken av fangstanlegga er det ofte registrert hellerar, men ikkje teikn på fast busetting. I låglandet utgjer gravrøysene dei viktigaste synlege minna etter busetting. Fronnes er den staden i Aurland kommune der det er registrert størst samling av gravrøysar. Undredal stavkyrkje er automatisk freda og er truleg bygd i 1147. Av nyare krigsminne finn ein forsvarsanlegg frå 2. verdskrig på Ramsøy og øvst i Stalheimskleivi.

Vegar og ferdselsårar er sentrale kulturminne i Nærøyfjordområdet. Av dei eldste vegane er stien frå Fronnes, opp Frondalen og over fjellet til Raundalen. Denne vegen skal i fylgje eit segn ha vore nytta av kong Sverre. Elles finn ein fleire døme på stølsvegar frå gardane og opp til stolar i høgfjellet. Rimstigen ved Bakka er eit godt døme. Stalheimskleivi, vart bygd ut til kjerreveg i 1840 åra. Dette opna for transport av turistar frå Gudvangen opp til Stalheim hotell. Vegen er verdsett som eit kulturminne av nasjonal verdi og er føreslege verna etter kulturminnelova. Postvegen mellom Bleiklindi og Styvi vart bygd kring 1660 og nytta til å komme forbi den dårlege isen på fjorden om vinteren. Frå Styvi gjekk posten vidare med båt. Denne vegen er i dag i god stand og mykje nytta som turveg. Postvegen mellom Bleiklindi og Styvi er ein del av den kongelege postvegen mellom Bergen og Oslo, som ein og finn restar av i m.a. Nærøydalen og ut til Bakka.



Fangstgrav ved Fessene. Foto: Trond Aalstad

I Nærøydalen finn ein gode døme på rassikringstiltak, alt frå tiltak som er opp til 100 år gamle til moderne vollar bygd med maskinkraft. Eit godt døme, som og syner att i terrenget, er ein stor mur som er sett opp framom tunet til garden Gudvangen. Denne er sett opp kring 1900 for å sikre bygningane mot lufttrykket frå eit stort skred som går på andre sida av dalen.

I samband med nasjonal registrering av kulturlandskap er Nærøyfjorden utpeika som eit av 104 nasjonalt viktige kulturlandskapsområde (Nasjonalt registrering av verdifulle kulturlandskap 1994). Landbruket har gjennom alle tider sett spor etter seg i landskapet. Det tradisjonelle kulturlandskapet utgjer ein mosaikk av åker, slåtteteigar, beitemark, område med spor etter styving, stølar og gardstun. Landbruk i området held mykje av kulturlandskapet ved like i dag, men mange område er likevel ute av bruk og i sterk gjengroing. Mange av kulturlandskaps-områda og bygningsmiljøa er visuelt viktige frå fjorden m.a. fordi dei gjev målestokk til det dramatiske fjordlandskapet.

Dei viktigaste kulturlandskapsområda vert nærare skildra i kapittel 2.

1.5. Forvaltningsutfordringar

Planområdet er stort og samansett. Det spenner frå urørte bre- og høgfjellsområde til busette område prega av moderne og intensiv arealutnytting. Ikkje minst er det ein omfattande turistferdsle med meir enn 700 000 besøkande som årleg vitjar Nærøyfjordområdet. Dei fleste ferdast langs etablerte veg, jernbane og båtruter, men det er og aukande organisert bruk av naturområde og kulturlandskap innanfor verneområda, særleg i Nærøyfjorden.

Det er ei hovudutfordring å ta vare på dei *natur- og kulturlandskapskvalitetane* som finst i området, samstundes som landskapet skal kunne nyttast til *landbruk, friluftsliv, reiseliv* og ei rad andre føremål.

I området finn ein stor variasjon av kulturspor. Felles for *kulturminna* er at dei er med og synleggjer tilgangen på og bruken av stadeigne ressursar i området. Tidsdimensjonen og samanhengen til landskapet er særskild viktig å ta vare på gjennom å sikre heilskaplege kulturmiljø.

Å få til tilstrekkeleg og god nok *skjøtsel av kulturlandskapet* for å ta vare på verdiane her er ei særskilt utfordring i ei tid då landbruket slit økonomisk. Av 56 gardar som ligg inne i i verdsarvområdet, er 15 framleis i aktiv drift, fordelt på Undredal, Styvi, Bakka og Gudvangen/Nærøydalen. For å ivareta kulturlandskapet er det avgjerande med aktivt landbruk med slått og beitedrift. I tillegg er det pr. januar 2007 26 gardsbruk som har beitedyr inne i Verdsarvområdet i Nærøyfjorden

Forvaltning av busettingsområda innanfor Verdsarvområdet reiser særskilde problemstillingar. Arealforvaltninga her vert styrt gjennom plan- og bygningslova. Samstundes som ein ikkje ynskjer tiltak som kan ha negative verknader inn i dei omkringliggende verneområda, vil det vere trong for å planleggja og gjennomføre tiltak som del av ei naturleg utvikling i eit levande lokalsamfunn, der også næringsutvikling inngår som ein viktig del. Her er det ei særskilt utfordring å kunne gje klare tilrådingar til handsaming av saker etter plan- og bygningslova som støtter opp om ei smidig forvaltning der lokalsamfunna, som i stor grad nyttar landskapet til landbruk og annen stadbunden næring, ikkje vert gjort til eit framandelement i sine naturlege omgjevnader. Utan busetnad med eit aktiv landbruk og anna næringsutvikling vil mange av dei kulturavhengige verneverdiane forvitre over tid.

For å få til ei smidig og integrert forvaltning i området er det viktig at Aurland kommune nyttar tilgjengeleg planverktøy. Kommunedelplan og reguleringsplan heimla i plan- og bygningslova vil vere av dei viktigaste.

Med busetnad, landbruk og eit aktivt reiseliv i området, vil det vere trong for omfattande *informasjonstiltak*, både om naturverdiane og kvifor området er verna og om ferdslerreglar og framferd i naturen. Det vil og vere trong for informasjon retta mot ålmenta om kva verdi busetnad og aktiv landbruksdrift i verneområda har å seie for landskapsbilete, kulturverdiar og biologisk mangfald. Informasjon bør og rette seg mot å unngå konflikt mellom landbruk og ferdsle på innmark og i beiteområde.

Utfordringa er samla sett å sikre verdiane som ligg til grunn for oppføring på UNESCO si verdsarvliste, og ta vare på desse verdiane for framtida.

2. Skildring av planområdet

2.1. Overordna omtale av Nærøyfjordområdet

I kapittel 1.2 er dei viktigaste verneverdiane som ligg til grunn for vernevedtaka gjort greie for.

For å gje ein bakgrunn for dei forvaltningsmessige utfordringane som er knytt til området (vurderingar av tilhøve mellom bruk og vern), vil det i dette kapitlet bli gitt ein kort skildring av planområdet ut frå bruksståstad. Heile landskapet har på ulik vis og med ulik intensitet blitt utnytta til næringsføremål gjennom tidene. Nokre av desse bruksformene er ynskjeleg å føre vidare i framtida, andre er det sett grenser for i samband med vernevedtaka.

Fem hovudtypar av landskap

1. Fjordsystemet med strandsoner og urørte lisider

Relieff, ikkje vegbygging eller andre lineære inngrep er framtrедande langs fjorden. Spor etter tradisjonell utnytting av vegetasjonen gjennom slått og lauving.

2. Gardsbruk og omgjevande kulturlandskap

Det er tre hovudtypar gardar i området som representerar ulike ressursituasjonar landskapsuttrykk;

- gardsbruk langs fjorden,
- i dalføra,
- på fjellhyller.

I alt 56 gardsbruk har heile, eller hovuddelen av garden innanfor verdsarvområdet. Av desse er 22 i drift. Mange bruk er fråflytt og bygningsmassen er i varierende grad prega av forfall. Breisnes, Undredal, Styvi, Bakka og Gudvangen/Nærøydalen har fast busetnad og aktiv gardsdrift. Undredal, Dyrdal og Gudvangen/Nærøydalen er knytt til større dalføre som munnar ut nede ved fjorden.

3. Stølsdalar

Landskapet er gjennomskore av ei rekkje større og mindre dalføre som fordelar seg innover mot høgfjellet. Dei fleste dalføra har vore nytta til stølsdrift og har eit tydeleg kulturpåverka landskap med bygningar, stølsvollar og eit ope landskapsbilette prega av beiting gjennom lang tid.

4. Skogområde

Gjeld både barskog og lauvskogsområde. Lauvskog er den dominerande skogstypen og veks i dalføre og lisider i heile planområdet. Nordheimsdalen og store delar av lia under Bleia er dominert av furuskog. Noko barskog finn ein og i området ved Stalheim, Dyrdal, i Legdene og kring Sagelvi på nordsida av Nærøyfjorden. Næraste større barskogsområde finn ein på Frønningenplatået der dette utgjer ein særigen landskapstype. Ein liten del av dette skogområdet inngår i planområdet.

5. Fjell og bre

Skoggrensa går mellom 900 og 1100 meter. Alpine vegetasjonsmiljø med vier, dvergbjørk, gras og urter tek her over. Frå 1300 til 1400 meter vil ur og blokkmark dominere opp mot fjelltoppar og dei høgast liggjande partia med store fonger og bremassiv i over 1700 meters høgd.

2.2. Stalheim - Nærøydalen

Området ved Stalheim er ein markert innfallspport til Nærøyfjorden. Landskapets spesielle tiltrekningskraft er dokumentert av kunstnarar gjennom to hundre år. Særleg er gardane ved Stalheim og den karakteristiske Jordal-snuten er mykje nytta som motiv i den nasjonalromantiske målartradisjonen i andre halvdel av 1800-talet.

Ved Stalheim finn ein noko barskog, mykje naturleg furu, men og ein del planta gran. Garden Fyre med Øvs-thusdalen er ein viktig innfallspport til fjellområda ved Grindafletene.

Stalheimskleivi er eit viktig og kjent kulturminne med ein fint oppmurt vegtrase som svingar seg opp berget til Stalheim turisthotell. Utsikta frå Stalheim ned Nærøydalen er gjennom I.C. Dahl si målarkunst vorte eit av dei mest kjende landskapa i Noreg; eit nasjonallandskap.



*Frå Stalheim mot Nærøydalen og Jordalsnuten.
Foto: Morten Clemetsen*

Nærøydalen vert oppfatta som særst trong med høge og bratte fjellsider som reiser seg opp mot 1500 meter. Det tronge inntrykket vert forsterka av dei mange raskjeglene som breiar seg ut under gjel og skredfar. I området finn ein bergarten anorthositt som skil seg ut ved sin lyse farge. Utnytting av anorthositt kan vere aktuelt i framtida. Den spesielle geologien i dalen, med stadig pågåande prosessar, er mykje nytta som ekskursjonsmål for geologiundervisning.

Gjelet med dei to store fossane Sivlefossen og Stalheimsfossen under Stalheim understrekar den tronge profilen og markerte avslutninga av dalføret. Nærøydalselva er eit viktig og livgjevande element i dalen. Elva er lakseførande. Dalbotnen er dominert av landbruk med relativt store samanhengande innmarksteigar. Dei viktigaste gardstuna finn ein ved Stalheimsøyne, Hylland, Skjerpi og Gudvangen. Gardane og dyrkamarka vert skilt frå kvarandre av store raskjeglere som snevrrar inn dalføret fleire stader. Ved Gudvangen møter dalføret fjorden. I dette området er det i dag konsentrert mykje aktivitet knytt til utskiping av stein, ferjetransport, handel og service.

Hovudtransportåra i Nærøydalen er E16 som går i tunnel frå Gudvangen mot Undredal og Flåm. Ved E16 like nord for fylkesgrensa har Gudvangen Stein AS uttak av stein i fjell under Jordalsnuten. Her er også gjort ein del inngrep i dagen. Tidlegare var uttaket i fjell på austsida av vegen, men her er drifta nedlagt, og det er rydda opp og stelt til.



Garden Styvi i ligg som eit landemerke midt i Nærøyfjorden. Foto: Tom Dybwad

2.3. Nærøyfjorden med Styvi - Holmo

Nærøyfjorden er om lag 17 km lang og ein av dei trongaste fjordarmane i Sogn. På det smalaste er fjorden berre 250 meter brei (i Bakkasundet). Landskapet held fram på same måte som i Nærøydalen; bratte og vanskeleg tilgjengelege lisider som strekker seg opp mot 1200 - 1700 meter på dei høgste toppane. Fjell-sidene er brotne opp av skard og skredfar. Det mest markante skredfarete er Breidskreda like utanfor Bakka. Også Bringebærurdi, den store raskjegla på Holmo, er eit blikkfang. Vegetasjonsbiletet er frodig med mykje innslag av edellauvskog. Det meste av eldre skog ber preg av tidlegare hausting og beiting.

Nærøyfjorden vert trafikkert med båt gjennom heile året. I Gudvangen ankrar det opp meir enn 70 cruise-skip i løpet av nokre sommarmånader. Fjord1 (tidlegare Fylkesbaatane) har om sommaren tre faste ruteavgangar med bilferje kvar veg mellom Gudvangen og Lærdal. I sommarsesongen er det og ein del ferdsle med mindre båtar, kajakkar og liknande der folk går i land på eigna stader langs fjorden.

Tre område med busetnad gjer at kulturpreget på fjorden er mest like framtreddande som det inntrykket av dei mektige naturfenomena ein slik fjord rommar. På Bakka er det fast busetnad og heilårs drift på fleire gardar. Husdyrhaldet er basert på mjølkegeit, noko som er særskild viktig for å halde landskapet ope og i hevd som kulturlandskap. Bakka har heilårs vegsamband til Gudvangen. Styvi og Dyrdal har berre samband med ferje eller skyssbåt. På Styvi er 2 personar busette. I Dyrdal bur det folk gjennom store delar av året. I Dyrdal er det ikkje husdyrhald i dag.



Utsyn inn Aurlandsfjorden frå Stigen. foto: Tom Dybwad

På Styvi vert det beita med sau. Strekninga Styvi - Holmo vart etablert som eige landskapsvernområde alt i 1991, men området er no ein del av Nærøyfjorden landskapsvernområde. I særskild grad var vernet av Styvi - Holmo motivert ut frå ynskje om å halde ved like eit særprega kulturlandskap med viktige kulturminne, opplevingsverdiar og kulturbetinga biologisk mangfald. Det er difor utarbeidd eigen skjøtelsesplan for å ta vare på det særreigne kulturlandskapet i området (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1994). På Styvi har grunneigarane ein avtale med Fylkesmannen om å utføre særskilde tilsyns- og skjøtelsesoppgåver. Store delar av det tradisjonelle slåttengsystemet vert soleis framleis hausta.

2.4. Aurlandsfjorden og Undredal

Beitelen, som reiser seg 700 m loddrett opp frå fjorden er eit særskilt markert landemerke i fjordsystemet. Her møter Nærøyfjorden den større Aurlandsfjorden. Det ytre partiet av Nærøyfjorden framstår som ein mektig naturportal.

Aurlandsfjorden strekker seg frå inste bukta i Flåm og ut til møtet med hovudfjorden mellom Frønningen og Fresvikåsen. Strekninga mellom Flåm og Skjerdal er dominert av kulturlandskap med gardsbruk, veger og annan busetnad. Det same gjer det tronge dalføret i Undredal. Bygda Undredal er ein intakt strandstad med eit særprega bygningsmiljø med små trehus tett i tett. Den vesle, kvitmåla stavkyrkja ligg sentralt i bygda og er framleis i bruk. Landskapsrommet mellom Undredal, Stigen og Nedbergo er prega av gammalt kulturlandskap med slåtteteigar, åkrar, utløer, stølar og lauvingslier. Dette kulturlandskapet er i raskt forfall og naturpreget er etter kvart meir dominerande. Eit unnatak er landskapet mellom Stokko og Stigen der aktiv skjøtsel og turismebasert landbruk held landskapet i hevd. Dei verna områda på austsida av fjorden er dominert av naturlandskap. Her utgjer Breisnes eit viktig kulturlandskap langs fjorden. Høgdegarden Nedbergo er og eit



Nordheimsdalen ved stølen Øygarden, med utsikt mot Fresvikbreen. Foto: Morten Clemetsen

viktig kulturmiljø og blikkfang i fjorden, men gjengroinga og bygningsforfallet er aukande. På Stigen og på Breisnes bur det folk gjennom store delar av året.

Landskapsmessig gjer fjorden ein sving innanfor Undredal, med Nedbergaholten og Holten ved Flennes som "vridningspunkt". På same måte som ved innløpet til Nærøyfjorden har desse områda eit særskilt landskapsmessig fokus. I landskapsrommet kring Undredal er om mogleg inntrykket av Aurlandsfjorden på sitt mest storlagne og intense. Utsynet mot høgdegardane i Skjerdal er og viktig sett frå fjordsida.

Aurlandsvangen og Flåm er begge bustadsentra og viktige knutepunkt for ferdsle i regionen og innfallsportar til å oppleve fjordlandskapet. Særleg peikar Flåm seg ut som kommunikasjonsentrum, og meir enn 700 000 turistar er innom Flåm i løpet av året.

Opplevingsmessig er variasjonane mellom "urørt" natur og aktive lokalsamfunn inst i verdas lengste fjord for mange eit overraskande syn. Denne koplinga har stor opplevingsverdi og er ikkje minst viktig for å forstå korleis landskapet har utvikla og endra seg som kulturlandskap. Grensene mellom areal som er verna etter Naturvernlova og område som vert forvalta etter plan- og bygningslova vert ikkje opplevd som vesentlege ute i landskapet. Tvert om vil det vere viktig å sikra ein god forvaltning av samanhengane mellom natur og menneskeleg nærvær og aktivitet.

2.5. Nordheimsdalen

Nordheimsdalen på austsida av Aurlandsfjorden har karakter av å vere ein hengjedal forma av isen. Dalens fremste særtrekk er ein sær s velutvikla og gamal furuskog, til dels med urskogpreg, med eit rikt biologisk



Bleia med sin karakteristiske profil frå nord er eit landemerke. Foto: Tom Dybwad

mangfald. Området er verna som naturreservat for barskog. Området er statsallmenning, med eit eige allmenningsstyre (som forvaltar virkesretten, medan fjellstyret forvaltar dei andre bruksrettane) lokalt i Aurland. Frå gammalt av har skogen i Nordheimsdalen vore utnytta til byggjeføremål i kommunen. Ein finn ei rekkje spor, veger, bygningar og installasjonar etter historisk tømmerdrift. Til saman utgjer dette eit heilskapleg kulturlandskapsmiljø som det vil vere av stor verdi å ta vare på. Det er opning i verneforskriftene for restaurering og bruk av tømmeranlegget til demonstrasjon og uttak av virke til særskilde prosjekt i kommunen. Dalføret har og vore nytta til beiting og stølsdrift av gardane på Breisnes og i Frønningen.

Området var inntil nyleg vanskeleg tilgjengeleg frå sjøsida sidan den gamle brygga var rast saman. I 2006 vart det bygt ei ny bryggje her, slik at det no er god tilgang frå sjøen. Alternativ er det relativt kort veg å gå til øvst i Nordheimsdalen frå ein skogsbilveg på Frønningen.

2.6. Bleia

Den ytre delen av halvøya mellom Lærdals- og Aurlandsfjorden med Bleia inneheld både eit karakteristisk fjordli- og fjellandskap og eit heilt uvanleg storfelt fjordlandskap kring/under Bleia. På nordsida av Bleia er det samanhengjande relieffet frå fjordbotnen (1000 m djup) til toppen av Bleia (1717 moh) på rundt 2700 meter, det største i Sognefjorden. Nordsida av Bleia har uvanleg storslegne og kontrastrike former (ravinar og ryggar), der dei kvartærgeologiske prosessane er svært aktive. Topplatået av Bleia og fjellområdet sønnar er restar av det gamle slettelandet (peneplanet) som fortel korleis landformene var før istidene. Sjølv om fleire landformer langs Sognefjorden kan likne, har ingen dei same store dimensjonane som i Bleia, og dei er heller ikkje så varierte. Det slake platået på toppen av Bleia er dekt av eit blokkteppe som truleg er eldre enn siste istid, og såleis var isfritt då. Om det var fjell som stakk opp over breen under siste istid er ein viktig diskusjon både frå geologisk og botanisk vitenskapleg ståstad.



Urvalmue (Papaver radicatum ssp. relictum). Foto: Johannes Anonby

Lokaliteten med urvalmue (*Papaver radicatum* ssp. *relictum*) i Inste Drøfti, som berre har ein annan veksestad elles i Noreg (Helin i Valdres), gjer området nord for Bleia svært botanisk interessant og av stor vitenskapleg verdi. Her veks urvalmuen på rasmark frå ca. 350 til 900 moh i Inste Drøfti. I fjordsida under Bleia finst ein del gamal (furu)skog og område som er uvanleg lite kulturpåverka og med kvalitetar fullt på høgde med andre barskogreservat i indre Sogn. Her er få menneskeleg inngrep. Det er også gjort registreringar av fleire raudlisteartar av sopp og lav i/ved Hausagjelet saman med gamal furuskog og kalkfurusog. Fjellsida under Bleia er vanskeleg tilgjengeleg, men det er god sti inn i området frå m.a. Vindedal. Lærdal fjellstyre har ei hytte ved sjøen i inste Drøfti.

2.7. Grånosmyrane

Grånosmyrane naturreservat ligg på grensa mellom Aurland og Voss kommunar. Terrenget er høvesvis flatt. Vassetelvi vidar seg her ut og vert stilleflytande. Myrflater breier seg eit godt stykke ut til sidene for elvi. Den sørlegaste delen av reservatet har deltautforming med småvatn og myrar. I vestnorske fjellområde er våtmarksområde av ein slik storleik uvanleg. Her er ein tett hekkebestand av både vadefugl og sporvefugl, mellom anna med fleire regionalt sjeldne artar.

2.8. Fjell og breområde

Til høgfjellet reknar ein i denne samanheng områda over busk- og krattvegetasjon. Det omfattar fjellstølane og vidare oppover i høgdelaga, opp til over 1700 meter. I praksis vil dette samanfalle med mellomalpin og høg-alpin vegetasjonssone. Slike område vil vere viktige for villreinen. I dei høgareliggjande laga vil det vere stort innslag av blokkmark, skavlar og brear.

Høgfjellet er mykje nytta til friluftsliv både sommar og vinter.

Innanfor avgrensinga til utgreiingsområdet for forvaltningsplanen kan ein skilje ut tre høgfjellmassiv;

Grindafletene - Steganos og Syrdalsbreen (Undredalshalvøya).

Fjellpartiet mellom Raundalen i sør og Nærøyfjorden i nord er eit stort samanhengande fjellområde, mykje nytta til friluftsliv. Grindaflethytta, som Voss utferdslag har ansvaret for, ligg sentralt i området. Inn i dette området beiter det ein del sau. Her er det største villmarksprega området innanfor det nominerte verdsarvområdet. Fjell-



Frå Grånosmyrane naturreservat. Foto: Trond Aalstad

På veg over Fresvikbreen; eit mål for lange skiturar om våren. Foto: Tom Dybwad.



massivet vert oppbrote av ei rekkje nordaust orienterte fjellryggar som og er skilje mellom til dels bratte sidedalar som munnar ut i fjorden eller hovuddalføra. Den største ryggen er Flenjaeggi aust for Undredal. Nord og vest for Undredal er Steganosi den høgaste toppen i utgreiingsområdet på 1761 meter. Det er T-merkte stiar til Grindaflethytta både frå Øvsthus ved Stalheim, frå Langhuso i Undredal, frå Flåm og frå Uppsete/Mjølfjell.

Fresvikbreen med nærliggande fjellryggar

Fresvikbreen er ein platåbre på ca. 15 km², og det største området med evig snø og is i Nærøyfjordområdet. Toppen av breplataet ligg på 1648 m o.h. Oppunder breen ligg fleire små vatn. I kalde somrar eller i tidar med snørike vintre blir desse seint eller aldri isfrie. Den gamle stølsvegen mellom Fresvik og Jordalen går opp Tundalen og like forbi breen, forbi Gryteskarven. Området kring breen er høg fjellsprega med lite vegetasjon. Fjellområda i aust og sør er prega av typiske, flate, høvesvis smale ryggar med stupbratte sider ned i dalane under. Ryggane er dominert av blokkmark. Området er rikt på førhistoriske fangstanlegg. Med noko bakgrunnskunnskap om kva desse steinformasjonane eigentleg er, gjer desse mektige inntrykk. Sjørover frå breen dannar fjella Tverrbotnnuten, Smørbotnnuten, Vassetnipa, Skarsnosi og Fetanipa ei line berre avbrote av skard. Området vert nytta som friluftsområde av lokale folk, både til jakt og dagstur, men det er liten trafikk av typiske fotturistar.

Bleia - Storebotnen

Bleia er det mest markerte fjellet i planområdet. Aust for toppen ligg ein liten bre. Nordsida har karakteristiske ravinedalar skilt med skarpe eggjar. Dette villmarksprega landskapet er sjeldan vitja av turfolk. Toppen av Bleia er derimot eit populært mål for lengre skiturar, særleg utover våren. Storebotnen er ein frodig dalbotn med mange, samanhengjande vatn. Området er omkransa av Bleia, Stora Gránosi og Gránosi, og den lågare fjellryggen Middagsnosi – Daurmålsnosi. Dei markerte fjella er dominert av blokkmark men lisidane er lyngkledd. Inst i Storebotnen finn ein små, grasrike botnar med gode beitetilhøve for til dømes villrein. Nedst i området har Aurland fjellstyre ei hytte som er open for allmenta og vert nytta av både jegerar og turfolk til fots og på ski. Denne er i hovudsak nytta i samband med jakt. Mest nytta utgangspunkt for turar til Bleia/Storebotnen er Sluppen i Lærdal, men det er også noko ferdsel frå Frønningen og Nordheimsdalen. Stølen Nordheimsdalen ligg ytst på kanten av plataet ut mot Nordheimsdalen, på grensa mellom landskapsvernområdet og naturreservatet.



Frå Storebotnen. Foto Tom Dybwad

3. Prinsipp for forvaltninga av Nærøyfjordområdet

I Verdsarvområdet er det eit overordna mål å sikre både natur- og kulturverdiane. Sidan det og er busettingsområde innafor Verdsarvområdet, er det viktig at forvaltninga av området gjer det mogleg med busetnad og næring, og stimulere til berekraftig bygde- og næringsutvikling ved at verneverdiane skal vere ein ressurs og ei drivkraft for å utvikle eit robust, variert næringsliv. Dette treng ikkje å stå i motsetnad til kvarandre, t.d. vil landbruksdrift til vanleg vere viktig for å ta vare på kulturlandskapsverdiar og biologisk mangfald.

3.1. Sikring av naturverdiar

Det primære føremålet med vern etter Naturvernlova er å sikre eit nasjonalt utval naturområde i overskueleg framtid. Det er eit grunnleggjande prinsipp at naturkvalitetane i eit verneområde skal haldast ved like og gjerne forbetrast.

Inngrepsfrie naturområde har ein eigenverdi og er eit viktig grunnlag for biologisk mangfald. Dei er og ein del av vår nasjonale arv og sjølvkjensle. Urørte område i Noreg minkar raskt. Å hindre dette krev ei samla planlegging og forvaltning av dei resterande områda. Fri natur har ein eksistensiell verdi for menneske i eit langsiktig perspektiv. Vurdering av tiltak og verknader av nye inngrep bør skje i eit langsiktig tidsperspektiv (200 år).

Prinsipp for soneinndeling i planområde

I eit verneområde vil det vere ulike formar for bruk som gjerne har lange tradisjonar. Det gjeld både landbruk, jakt og fiske, friluftsliv og andre aktivitetar. For å kunne gjennomføre ein heilskapleg og variert forvaltning, vil det ofte vere tenleg å dele området inn i forskjellige sonekategoriar. Soneinndelinga vil vere bestemt av graden av inngrep (mellom anna avstand til større tekniske anlegg som vegar og kraftlinjer), bruken av området i dag og trong for spesielle tilretteleggingstiltak. Ei soneinndeling inneber at det vil vere lettare å få løyve etter verneforskrifta til ulike tiltak i brukssone enn i vernesone. I naturreservat vil vernesone vere dominerande.

Dei tre første sonekategoriane er vanleg nytta i forvaltninga av verneområde. Retningslinjer for forvaltning av desse sonene vert gjeve i kapittel 4. Busette område vert plassert i ei fjerde sone. Tilråding til forvaltning i denne sona vert gjeve i kapittel 5.

Soner i område verna etter naturvernlova, jf DN-handbok 17-2001 "Områdevern og forvaltning", (utgåve 2007) når det gjeld soneinndeling i verneområde.

– Vernesone

Gjeld villmarksprega område der naturvernomsyn skal vere overordna andre interesser. Det vil ikkje vere høve til å etablere og merke nye stiar. Eksisterande gamle ferdsleveggar og enkelt merka stiar vil kunne haldast ved like.

I Nordheimsdalen naturreservat kan det vere aktuelt å peike ut spesielle område der det t.d. er ynskjeleg med skjøtselstiltak i kulturlandskap og kulturminne, tilrettelegging og vedlikehald av stiar, område for avgrensa bruk i samband med kunnskapsformidling, uttak av ved etc. og sikring av kulturminne.

Følgjande område er peikt ut:

- Grånosmyrane
- Fresvikbreen-Breiskreda
- Syrdalsbreen-Nærøyfjorden-Sagelvi
- Nordheimsdalen med tilgrensande fjordlier
- Bleia

– Brukssone

Dei er område der landbruksdrift tradisjonelt har vore utøvd (beitebruk, stølsområde, hogst og liknande)

og der ein ynskjer at det skal kunne leggjast til rette for vanleg friluftsliv. I nokre område vil det kunne vere motsetnader mellom ulike bruksføremål, t.d. mellom villrein og tilrettelegging av nye merka stiar. Areal som ikkje er definert som annan sonekategori høyrer heime her.

– Sone med spesiell tilrettelegging og tiltak

Dette er gjerne mindre område der det kan vere opning for større grad av tilrettelegging for friluftsliv, tiltak i samband med gardsdrift og enkle reiselivsaktivitetar. Sona vert ofte lagt til område med mykje ferdsle, og som allereie har større inngrep, som til dømes vegar. Gardane Styvi og Stigen, der det er næringsverksemd, er i denne sona.

Følgjande område er i forvaltningsplanen føreslege i denne sona:

- Styvi
- Stigen
- Stalheimskleiva
- Jordalsvegen
- Bakkavegen

Område utan vern etter naturvernlova

– Busette område

Til denne sona høyrer busette område som ikkje er verna etter naturvernlova, men som er inkludert i Verdsarvområdet (arealforvaltninga i desse områda vert styrt gjennom plan – og bygningslova). Dette gjeld:

- Nærøydalen og Gudvangen
- Undredal
- Bakka
- Dyrdal
- Breisnes

3.2. Omsyn til landskapsbilete og identitet

Landskapet vert definert som dei samla fysiske omgjevnadene som omsluttar oss under open himmel (Bruun 1996). Landskapet er samansett av ei rekkje fysiske komponentar forma av naturprosessar og av menneskeleg inngrep og aktivitet. Landskapet rommar difor både natur og kultur. Ofte er dette vevd i kvarandre på ein måte som gjer det vanskeleg (og kan hende lite føremålstenleg) å skilja frå kvarandre. Kulturdelen av landskapet inneheld ei historisk djupne når det gjeld busetnad, bruksmåtar og omforming av natur til kulturlandskap.

Landskapets verdi vil i stor grad og vere knytt til opplevinga av det, både som fysisk landskap og som kulturelt landskap. Omgrepet landskapsbilete vert ofte nytta om det landskap ein ser og sansar og gjennom det ein umiddelbart opplever (Bruun 1996). Landskapsbiletet omfattar estetiske kvalitetar, men det kan vere rettare å nytte omgrep som *landskapskarakter* eller *identitet* for ikkje å snevre det inn til ein diskusjon om "stygt og pent".

Landskapets særeigne karakter og verdi for menneske er i stor grad knytt til forhold som har med nær kontakt til naturen å gjere. Naturlydar, dyr i rørsle, planteliv, oppleving av ro og avstand til "sivilisasjonen" er viktige opplevingar. Fråver av støy, ro og stille er difor og viktige kvalitetar som bør vega tungt når det skal vurderast kva type tiltak som kan akseptast i verneområda.

Kulturhistorie og tradisjonar er sentrale faktorar av stor verdi for vår identitet både som individ og som fellesskap, anten det er eit lokalsamfunn eller som nasjon. Menneske ber og kulturhistoria med seg gjennom minne, forteljingar, skriftleg og munnleg dokumentasjon. Eit landskap har difor og ein immateriell dimensjon som er viktig å ha med seg i forvaltningsssamanheng.

Noreg godkjende i oktober 2001 som det første landet i Europa *Den europeiske landskapskonvensjonen*. Formålet med konvensjonen er vern, forvaltning og planlegging i landskap, og å organisere eit europeisk samarbeid på desse områdena. Konvensjonen slår fast at eit landskap er eit område som er eit resultat av påverknad frå og samspelet mellom naturlege og/eller menneskelege faktorar. Konvensjonen byggjer bru mellom natur- og kulturarven og understrekar landskapet sin verdi som rammer for våre liv og livsutfolding, og som arena for næringsutvikling. Konvensjonen omhandlar alle typar landskap, ikkje berre landskap som vert sett på som vakre eller spesielt verdifulle, men også kvardagsomgjevningane og landskap som er truga av forfall, eller som er forringa på ein eller annan måte.

Konvensjonen legg stor vekt på medverknad frå lokalsamfunna. Dei som lever og bur i eit landskap, skal vere med på å definere bruken og utviklinga av landskapet. Debatt og medvit om landskap og landskapsutvikling skal medverke til å auke det folkelege engasjementet. Samstundes peikar konvensjonen på verdien av kunnskap om landskap, kva slags typar landskap som finst, analyse av landskapet sin karakter og kva for trugsmål og verknader som fører til endringar av landskapet.

3.3. Heilskapleg forvaltning

Nærøyfjordområdet består av mange ulike delområde (landskapsvernområde, naturreservat og busette område) med forskjellig natur og kulturspor, og dei representerer ulike økosystem. Forvaltninga må ikkje einseitig fokusere på einskildtiltak, men skje utifrå eit heilskapsperspektiv der langsiktig planlegging og nasjonale interesser spelar ei viktig rolle.

Naturmiljø

Nærøyfjordområdet har store område med særleg verdifull natur. Tiltak eller inngrep i eitt område kan ha verknad for naturmiljøet i andre delar av området. Både villmarksprega naturområde, naturreservat og område med sær eigen geologi eller sjeldsynte naturtype er av nasjonal verdi. Forvaltninga skal skje med eit framtidsretta perspektiv etter nasjonale strategiar.

Skjøtsel av verdifulle kulturlandskap

Fjordlandskapet har ein lang og kontinuerleg busetnadshistorie som går fleire tusen år attende i tid. Dette har skapt heilt sær eigne kulturuttrykk i landskapet. Dei kulturelle verdiane i landskapet gjeld området som heilskap og er ikkje avgrensa til område med særskilt vern. Landbruket som finst i verdsarvområdet i dag er viktig både for å ivareta verneverdiar knytt til kulturlandskapet, og for å oppretthalde busetnaden. Særskilde skjøtselstiltak vil vere eit viktig verkemiddel for å halde sentrale trekk ved kulturarven i området vedlike og ikkje bryte den lange kontinuiteten som er eit sær trekk ved dette fjordlandskapet. Ein må difor sjå til at skjøtsel og andre tiltak for landskapsutvikling (og midlar til dette) i området ikkje vert avgrensa til areal med formelt vern.

Landskapsvern og næring, områdeutvikling

I verneforskrifta er vidareføring av tradisjonell og lokal næringsverksemd (landbruk) innanfor landskapsvernområdet akseptert. Kombinasjonen av vill og usedvanlig dramatisk natur med busetnad, landbruk og anna næring vert i mange samanhengar trekt fram som det eineståande ved dette fjordlandskapet.

Det tradisjonelle verdiskapingsgrunnlaget gjennom landbruk er i endring. Med redusert lønsemd i landbruket, vil gardbrukarar sjå seg om etter nye måtar å bygge opp verdiskaping basert på garden sine ressursar. Ein ser i dag i sokalla marginale landbruksområde ei sterk dreining frå standard matproduksjon til produksjon og foredling av særprega nisjeprodukt med høg kvalitet, der og opplevingar knytt til kultur og produksjonsprosessar er ein del av det samla produktet. Å oppretthalde og styrke landbruksdrifta i verdsarvområdet er viktig.



Frå Tundalen med den gamle ferdselsvegen mellom Fresvik og Jordalen. Foto: Tom Dybwad

Landskapet som opplevingsressurs er og ein viktig dimensjon ved dette, der ny verdiskaping tar utgangspunkt i tilrettelegging for turar, overnatting, matserving og ymse tradisjonsbaserte aktivitetar (slåttekurs, ysting, handverksarbeid osv.).

Knytt opp mot Nærøyfjordområdet er det i dag ein målretta strategisk satsing og utprøving av slike konsept som i sin form vil kunne vere heilt i samsvar med overordna forvaltningsmål for verneområda. Initiativtakarar og utøvarar er bønder og lokale personar elles i samarbeid med kompetanseinstitusjonar i regionen.

Det er særleg viktig at denne utviklinga, som er ei ønskt form for utvikling, har eit langsiktig perspektiv og ligg innanfor rammene til vernet. Heilskapstenking vil og vere ei viktig rettesnor for all nysatsing.

3.4. Samarbeid

I Nærøyfjordområdet er det omfattande arealbruksinteresser knytt til mellom anna landbruk og friluftsliv. Størstedelen av området er og i privat eige. Det er grunnleggjande viktig at forvaltninga har eit godt og ope samarbeid med grunneigarar, kommunar og brukarar av Nærøyfjordområdet. Det er oppretta eit eige rådgjevande utval for Nærøyfjordområdet (sjå kap. 6.4.).

4. Retningslinjer for forvaltning av verneområda

Nærøyfjordområdet består av fem verneområde, to av dei landskapsvernområde og 3 naturreservat. For å finne ut nøyaktig kva for reglar som gjeld i kvart verneområde må ein gå til verneforskriftene for kvart område. Generelt er vernereglane strengast for alle typar tiltak i naturreservata og minst strenge i landskapsvernområda, m.a. når det gjeld inngrep, motorferdsel og anna ferdsel.

4.1. Naturverdiar og biologisk mangfald

Innleiing - kva seier forskriftene?

Det vakre natur- og kulturlandskapet frå fjord til fjell er vektlagt i formålet for Nærøyfjorden landskapsvernområde og Bleia – Storebotnen landskapsvernområde. Grunnlaget for vernet er den varierte topografien, dei store høgdeskilnadene med både høg fjellsområde, frodige stølsdalar, lune lisider, og tradisjonsrike jordbruksområde gir grunnlag for ein høg biologisk variasjon. Å ta vare på mangfaldet av plante- og dyrelivet er innarbeidd i føremåla i alle verneområda. I verneføremåla til Bleia naturreservat, Bleia – Storebotnen og Nærøyfjorden landskapsvernområde er og geologiske førekomstar vektlagde. Det finst eit omfattande dokumentasjonsmateriale av geologien og av naturleg plante- og dyreliv i verneområda.

Verneformåla for alle verneområda i verdsarvområde er omtalt i kap. 1.2.

Problemstillingar

Både Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og Bleia naturreservat er verna av omsyn til biologiske verdiar. Grunna forskjellige former for vern er det stor skilnad i krava til sikring av levande organismar i planområdet. Ferdsla og enkelt friluftsliv er avgrensa berre i Grånosmyrane naturreservat med forbod mot teltslagning i tida 1.06.-1.08., og i Nordheimsdalen naturreservat, i Grånosmyrane naturreservat og delar av Bleia naturreservat er det forbod mot organisert ferdsel. Jaktbare artar er forvalta på vanleg måte etter nasjonalt lovverk i alle verneområda utanom i Nordheimsdalen naturreservat og Grånosmyrane naturreservat. Her er jakt berre lovleg på artar som er spesielt nemnde i forskrifta.

Planområdet er rikt på biologisk mangfald både i område som er lite påverka av menneske, og i område der kulturpåverknad er sterkt medverkande til mangfaldet. Å forhindre at slåttemark og beite gror igjen og at særleg slåtteengene mistar artsrikdom, vil vere ei av dei mest utfordrande forvaltningsoppgåvene (sjå kapittel 4.4.). Elles bør det ikkje gjerast inngrep i dei områda som er registrert som viktige for det biologiske mangfaldet anten området har lokal, regional eller nasjonal verdi. Informasjon retta mot allmenta vil vere viktig for å førebygge konflikt mellom dyre- og planteliv og friluftsliv.

Det vil og vere viktig å unngå inngrep i berggrunnsgeologiske og sårbare kvartærgeologiske førekomstar og prosessar, m.a. vassdrag.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Naturmiljøet med geologiske fenomen og biologisk mangfald skal oppretthaldast for framtida. Ved tidlegare uheldige inngrep skal ein vurdere om naturmiljøet skal rehabiliterast eller om det beste er å la naturen gå sin gang. Ferdsla bør kanalisert utanom dei mest sårbare lokalitetane. Ny tiltrettelegging for ferdsle i villmarksprega område vert ikkje tilrådd.

Tiltak

- Utarbeide samla oversikt over særskilt viktige lokalitetar for plante - og dyrelivet.
- Utarbeide samla oversikt over viktige døme på kvartærgeologiske fenomen og område med særeigen berggrunn eller som demonstrerar viktige moment frå berggrunns historia.
- Utarbeide informasjonsmaterieil om plante- og dyrelivet og kva reglar som gjeld for dei som ferdist i verneområda.
- Unngå marknadsføring som gjev publikum eit inntrykk av at dei kan få spesiell nærkontakt med dyrelivet.

- Følgje med på utviklinga i utvalde referanseområde i naturreservata for å tidleg fange opp signal om evt. forureining og andre trugsmål.
- Følgjande undersøkingar tilrådest jamnleg:
 - Grånosmyrane: Registreringar av hekkefuglpopulasjonen.
 - Nordheimsdalen: Registreringar av hekkefugl i reservatet og av kryptogamflora og evertebratfauna knytt til gamalskog i dei sentrale delane med urskogspreng.
 - Bleia: Ettersyn av urvalmueokaliteten.

4.2. Naturområde og villmarksprega område utan inngrep

Innleiing - kva seier forskriftene?

Verneformålet for verneområda tek utgangspunkt i å ta vare på naturen og det biologiske mangfaldet i områda, saman med verdfullt kulturlandskap (sjå kap. 1.2).

Villmarksprega område utan inngrep (urørd natur) er område som ligg meir enn 5 km frå næraste større inngrep som vegar, kraftlinjer og fast busetnad. I Nærøyfjordområdet er det fleire slike urørte og villmarksprega område, og i alt er det ca 64 km² meir enn 5 km frå næraste tekniske inngrep. Det gjeld følgjande område (sjå kartvedlegg 2.2):

- Grindafletene og Skammadalshøgden mot Steganos (ca 60 km²)
- Bleia/Storebotnen (3 km²)
- Ved Sagelvi i Nærøyfjorden (ca 1 km²)

Problemstillingar

Opplevingsverdien av eit naturområde der ein ikkje vert møtt av inngrep og stor grad av tilrettelegging er ein kvalitet som må sikrast. Omfanget av villmarksprega område er sterkt redusert dei siste 100 åra. I dag (siste oppdatering 2003) er mindre enn 12% av landarealet på fastlandet i Noreg er villmarksprega område.

Villmarksprega område er sårbare i høve tekniske inngrep, og har i aukande grad fått merksemd for at dei er viktige å ta vare på (sjå m.a. "fjellteksten" i Revidert statsbudsjett 2003). Sjølv eit moderat inngrep vil kunne ha stor verknad i eit urørt eller villmarksprega område. I villmarksprega område finst og mange kulturminne og kulturmiljø knytt til fangstanlegg og dyregraver for rein. Dette er oftast svært gamle kulturminne. Ved å sikre naturområde utan inngrep vil ein og sikre at slike kulturminne ikkje vert øydelagt uforvarande. Villmarksprega område er og særst viktige for høvet til å kunne oppleve stilla i naturen. Fråver av (motor-)støy er ein av dei mest verdsette eigenskapane i villmarksprega natur.

Det er få område i Noreg som ikkje er visuelt eller på annan måte påverka av tyngre moderne landskapsinngrep. Slike område er difor attraktive og viktig å ta vare på. Det er difor eit mål å unngå nye større inngrep som vegar og oppføring av bygningar i naturområde og område der det ikkje finst dette frå før.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Omfanget av villmarksprega område skal ikkje verte redusert. Det inneber at store og irreversible inngrep i naturen skal unngåast. Ein skal unngå inngrep i det heile i villmarksprega område, og unngå større inngrep i område mindre enn 5 km frå dei villmarksprega områda. Villmarksprega område vil forvaltningsmessig bli inkludert i "vernesone". Det skal vere ei restriktiv praksis i høve løyve/dispensasjonar for motorisert ferdsle i vernesona (og dermed villmarksprega område). Nye turløyper, merking av tidlegare umerkte stiar og andre tilretteleggingstiltak skal unngåast her. Ved vedlikehald av eksisterande stiar skal det stillast strenge krav til natur- og landskapstilpassing av klopper, bruer, evt sikring og utbetring av eksisterande merking.

Tiltak

- Nye inngrep som vegar og oppføring av bygningar skal ikkje skje i naturområde der det ikkje finst slike inngrep frå før.
- Tilsyn og evt. rapportering om endringar i villmarksprega område.

4.3. Kulturminne og kulturmiljø

Innleiing - kva seier forskriftene?

Nærøyfjordområdet er særskild rikt på kulturminne og intakte kulturmiljø. Den kulturhistoriske djupna, eller kontinuiteten, er framleis intakt gjennom kunnskap om driftsmåtar som framleis vert halde i hevd i lokalsamfunnet. I tillegg til dei kulturminnefaglege vurderingane som bør gjerast for å sikre mangfaldet, har dei og ein særskild viktig funksjon for opplevingsverdi, rekreasjon og identitet. Generelt vil det i eit naturvernområde ligge godt til rette for å ta vare på kulturminne i sitt opphavlege miljø sidan omgjevnadene er intakte og presset på utbygging og andre arealtiltak vil vere vesentleg mindre enn andre stader.

Verdien av kulturminna er nemnt i føremålet til forskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Inngrep i kulturminne i området, t.d. gamle vegar og steinmurer, er det eit generelt forbod mot.

For Nordheimsdalen barskogreservat er det gjeve opning for restaurering, vedlikehald og bruk i demonstrasjonssamanheng av det gamle særskilde tømmerdriftsanlegget i dalen.

I Bleia naturreservat vert det opna for oppføring av nye bygningar på gamle murar på den nedlagde garden Hausen. Dette vil i så fall skje i samråd med kulturminnestyresmaktene.

Formelle forvaltningsmynde for kulturminna er lagt til Fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal kontaktast i alle saker som vedkjem kulturminnespørsmål.

Problemstillingar

Kunnskap i lokalsamfunnet

Kunnskap er truleg den viktigaste føresetnaden for å kunne ta vare på kulturarven. I Nærøyfjordområdet er det framleis mykje kunnskap om byggeskikk, tradisjonell landbruksdrift og handverksteknikkar blant folk. Forteljingar høyrer og med i dette kunnskapstilfanget. Stadnamna har og ein viktig funksjon for å forstå kva forhold folk har hatt til landskapet og bruken av det. Kvar kommune har eit stadnamnregister.

På Styvi er det t.d. etablert eit gardsmuseum, der det og vert praktisert gamle handverksteknikkar som tilverking av bastetau og hornskeier. Gjennom samarbeid med fagpersonar og institusjonar som t.d. Norsk Handverksutvikling, bør ein syte for å samle inn og systematisere kunnskap som er unik for Nærøyfjordområdet.

Automatisk freda kulturminne

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda gjennom "Lov om kulturminner". For bygningar er denne grensa før 1640. Funn av gjenstandar tyder på at regelmessig bruk av området går tilbake til yngre steinalder. På Fronnes finn ein i alt 10 større og mindre gravrøyser. På Holmo er det ei stor røys med diameter 15 meter. Desse røysene tyder på fast busetnad i jernalder og kanskje attende til yngre bronsealder (Nielsen1990).

I fjellområda er det registrert eit stort tal fangstanlegg. Eit typisk fangstanlegg består av dyregraver, bogestille og leidegjerde. I Nærøyfjorden landskapsvernområde er det registrert 11 større anlegg. (Gustafson 1982, Nielsen 1990, Sletten 1990, Barth og Nordanger 1993). Størst utbreiing har dei langs fjellryggene mellom Fresvikbreen og Nærøyfjorden. Ein finn og fangstanlegg i i Sendedalen og i Bleiaområdet (m.a. i Drøftaskardet og Høgdatvatnet).

Av andre førhistoriske kulturminne kan nemnast hellarar, steinringar og skålgroplokalitetar (Nielsen 1990).



Lokalisering av førhistoriske fangstanlegg. Lokaltetar merkte med stjerne er ikkje registrerte men bevitna av munnlege kjelder. Detaljerte opplysningar finst hos Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Det er viktig å ta vare på bygningsmiljøet, som dette selet på Hjøльмо i Dyrdal. Foto: Tom Dybwad

Tradisjonelle bygningsmiljø

Gardstun, husmannsplassar og enkeltstående bygningar er viktige fokuspunkt i landskapet. I Nærøyfjordområdet finn ein mange gardar og buplassar som gjennom tidene har blitt fråflytte og som no ligg til forfall. Mykje av forfallet kan ikkje stoppast, og alt kan ikkje restaurerast. Likevel bør det gjerast ei samla statusvurdering av bygningsmiljø i verneområda. Nokre bygningsmiljø og bygningstypar bør sikrast for framtida for å ha eit representativt utval av bygningstypar og bruksområde. I særskild grad bør det gjerast ein innsats for å halde vedlike dei bygningsmiljøa som er eksponert mot fjorden, både nede ved sjøen og hyllegardar.

I alle byggesaker vil det vere viktig å leggje vekt på tradisjonell byggeskikk og bruk av naturmaterialar. Det kan vere aktuelt å kople kulturminne og næringsutvikling, t.d. i samband med restaurering og utleige av gamle stølshus for å ta vare på desse.

Sidan det i stor grad er ynskjeleg å halde vedlike heilskaplege kulturlandskapsmiljø, er gardsbruk og stølar nærare omtalt i kapittel 4.4.

Gamle ferdslveggar

Ferdslvegane i landskapet er og kulturminne. Vegane har gjennom tidene blitt utbetra, endra og lagt om, men kan i mange tilfelle reknast blant dei eldste kulturminna i landskapet.

Ferdslvegane kan delast inn i to hovudtypar;

- Vegar og stiger som bind saman bygder og gardsbruk.
- ”Interne” vegar og stiger mellom gard, utmark og stølar.

Når det gjeld dei førstnemnde, er det ynskjeleg å kunne rydde og evt. merke desse vegane på ein enkel måte. Viktige ferdselsveggar som bind saman bygder, er

- Postvegen ved mellom Holmo og Styvi
- Stølsvegen frå Fresvik (gjennom Tundalen) til Jordalen
- Veggen frå Sivle til Jordalen om husmannsplassen Nåli.
- Stien frå Frondalen og over til Raundalen (der m.a. Kong Sverre skal ha gått).
- Stien frå Ljosdalen i Flåm over Grindafletene til Øvsthus ved Stalheim.
- Rimstigen –Breidalen frå Bakka til Jordalen og til Breiskrednosi-Vassete-Dyrdal
- Dyrdal-Vasset-Breidalen
- Dyrdal-Handadal-Jordalsskar-Fresvik
- Arnehus-Dregø i Dyrdal (gamlevegen)
- Stien frå Dyrdal til Skogane
- Stien frå Langhuso til Jonadalen som går vidare til Grindaflethytta
- Postvegen mellom Oslo og Bergen gjennom Nærøydalen, Gudvangen-Bakka, Bleiklindi-Styvi

Rassikringstiltak

Stein-, jord- og snøskred har til alle tider trua bygningar og innmark i tronge fjordstrok. Nærøy er særleg utsett. Gardstuna er plassert på dei tryggaste plassane i terrenget, men ingen område er likevel garantert frie for steinsprang, snøskred eller lufttrykk frå desse. Det har difor vorte bygd vollar og murar for å skjerme busetnaden. Desse vert ståande som synlege kulturminne i terrenget. Best legg ein merke til dei nyaste tiltaka i Gudvangen. Her er jord- og grusvollar som skal skjerme busetnad, og dels veg frå snøskred i dei to viktigaste skredfara i Gudvangen.

Nordheimsdalen

I Nordheimsdalen finn ein eit omfattande system av kulturminne knytt til uttak og transport av tømmer ned til fjorden for vidare utskiping. Her er både opparbeida ferdsleveggar, bruer, koier og eit tømmerheisanlegg. Tømmerheisanlegget vart nytta siste gongen i 1976.

Gjennom Allmenningsstyret har det blitt drøfta restaurering av tømmerheisanlegget og vedlikehald av driftsveggar, bruer og bygningar som høyrer til tømmerdrifta. Ferdselsvegen opp frå Aurlandsfjorden og stien vidare opp til stølen Nordheimsdalen er viktig for dei som ferdast i området, og gjev god kanalisering av denne. Dersom det i framtida skulle bli aktuelt med uttak av tømmer til demonstrasjonsfremål og for kulturhistorisk dokumentasjon, bør det utarbeidast ein kulturminnefagleg restaurerings- og bruksplan i samråd med Fylkeskommunen. Det må i so fall føreligge ein plan for sonering i reservatet i samsvar med retningslinjer i DN handbok nr. 17.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på for framtida. I konkrete tilfelle må det vurderast om kulturminna skal få "liggje i fred" og evt. gro til med vegetasjon som vil ha ei skjermande effekt, eller om dei skal sikrast, restaurerast og /eller tilretteleggast for bruk og oppleving. Det skal ligge kulturminnefaglege vurderingar til grunn for alle tiltak. Kartlegging, planlegging og gjennomføring av tiltak knytt til kulturminne skal skje i samråd med Fylkeskommunen

Tiltak

- Utarbeide statusoversikt over kulturminne og kulturmiljø i området og arbeide for å sikre at eit representativt utval vert teke vare på for framtida. Arbeidet skal skje i samarbeid med kulturavdelinga i Fylkeskommunen.
- Synleggjere lokal, erfaringsbasert kompetanse gjennom å samarbeide med ressurspersonar i bygdene og bidra til å utvikle gode prosjekt for forvaltning av kulturhistoriske miljø i kombinasjon med næringsutvikling.
- Samarbeide med Norsk handverksutvikling om innsamling, dokumentasjon og vidareformidling av den handverksbaserte kunnskapen som er knytt til området.

- Skaffe oversikt og kartleggje status for historiske stiar og vegar i Nærøyfjordområdet. Det bør utarbeidast informasjon om tiltaka.
- Utarbeide skjøtselsplanar for heilskaplege kulturmiljø og kulturminne. I dette arbeidet skal desse lokalitetane prioriterast:
 - Stalheimskleivi
 - Fronnes med stien opp til Frondalen
 - Stølsvegen mellom Fresvik og Jordalen
 - Rimstigen
- Utarbeide plan for sonering i Nordheimsdalen dersom Allmeningsstyret tek initiativ til å utarbeide plan for restaurering og demonstrasjon av tømmeranlegget i dalen.

4.4. Jordbruk og kulturlandskap

Innleiing - kva seier forskriftene?

Nærøyfjordområdet omfattar rikhaldige og varierte kulturlandskap. Jordbruket i området har i stor grad vore med å forme landskapsbilete og står for ein vesentleg del av opplevingane i området. Samspelet mellom dramatisk natur og omfattande kultivering og bruk er eit av dei fremste særmerka på området. Å oppretthalde og styrke eit levande landbruk i verdsarvområdet er viktig for å ta vare på kvalitetane i kulturlandskapet i verdsarvområdet.

For Nærøyfjorden landskapsvernområde er verdien av landbruk og kulturlandskap inkludert i føremålet; *"... og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter."*

Dagens landbruksdrift vil difor kunne halde fram uendra innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det vil og kunne gjevast løyve til endra bruksformer i landbruket i samsvar med driftsplan, oppføring av nybygg, ombygging etc. Det må understrekast at ved planlegging av tiltak i landbruket skal det innhentast løyve frå kommunen i samsvar med gjeldande praksis etter anna lovverk (byggeløyve, løyve til nydyrking, transportløyve etc.)

I naturreservata er det generelt ikkje aktuelt med landbruksdrift med unnatak av husdyrbeiting. Unntaket er slått av innmarka på Indre Frønningen (Bleia naturreservat). I naturreservat kan Direktoratet for naturforvaltning "ved forskrift forby eller regulere beiting som kan skade eller øydeleggje verneverdiane". Dette er ikkje aktuelt i noko område pr. i dag.

Bleiklindi vart stelt midt på 1990-talet, og krattskog rundt vart hogge ned.

Aktuelle problemstillingar

Busetnaden i området er for ein stor del knytt opp til landbruket og aktivt landbruk. Sjølv om mesteparten av den faste busetnaden med gardbruk og innmark ligg utanfor vernegrensene, vil likevel ein stor del av bruken føregå innanfor verneområda. Det er difor sær viktig å integrere eit aktivt landbruk i forvaltningsopplegget for Nærøyfjordområdet. Målet må vere å sikre kunnskapsmessig og bruksmessig kontinuitet gjennom aktiv drift og næringsutvikling innanfor dei rammene som er sett for forvaltninga av Nærøyfjordområdet. Ein må såleis når det gjeld modernisering av landbruksdrifta, leggje vekt på at denne ikkje medfører skade på kulturlandskapet gjennom store og irreversible inngrep.

Pessimisme i landbruket er og eit trugsmål mot viktige verdiar i kulturlandskapet. Forvaltningspraksis bør kunne syne at det går an å medverke til kreativ, verdiskapande tiltak som kan vere med å sikre verdiar og samstundes gje inntekt til dei som tradisjonelt har utnytt området til næringsføremål som t.d. utnytting beiteressursar og lauvskogvirke i området, innanfor dei føresetnadene som ligg i verneforskrifta.

Økonomien i landbruket generelt er viktig dersom ein skal oppretthalde eit levande landbruk i verdsarv-

området. I tillegg må ein få på plass økonomiske ordningar gjennom SNO sitt budsjett til skjøtsel og verdsarvposten på Statsbudsjettet med midlar til landbruksdrift som først og fremst har skjøtsel av kulturlandskapet som førsteprioritet, sjølv om ein viss produksjon vil kunne medverke noko økonomisk. Det må såleis vere fokus på at den samla økonomien i landbruket i området (eksisterande ordningar og spesialordningar for verdsarv) er gode nok til å kunne oppretthalde eit levande landbruk i verdsarvområdet. På Landbruksdepartementet sitt budsjett (Landbrukets utviklingsfond) er det frå 2008 ein eigen post til Verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan, som skal sjå på korleis ein kan drive og utvikle jordbruket på ein måte som gjer at kulturlandskapet blir teke vare på for framtida.

I Nærøyfjordområdet vert det også arbeidd med å etablere eit kulturlandskapsfond i samarbeid med reiselivsnæringa i området.

Transport i samband med landbruk i Nærøyfjorden LVO

I verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde er det opning for at det etter søknad skal kunne gjevast løyve til å etablere enkle traktorløyper som vert nytta i samband med uttak av ved. Traktorløypene er ikkje definert som veg. Dei skal ikkje vere permanente eller til regelmessig bruk, og ikkje utvikle seg til (traktor-)veg. Søknad om å etablere permanente veg-trasear må vurderast som eige unntak etter § 4 i verneforskrifta (Unntak i særskilde høve). Det er ein føresetnad at tiltaket "ikkje strir mot føremålet med vernet". Det vil i utgangspunktet vere vanskeleg å få eit slikt løyve, då vegbygging er eit irreversibelt inngrep.

Naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksveggar og i nærleiken av innmark er tillate. Tilkomst og transport til og frå stølsområde for vedlikehald, rydding, hogst etc., samt til beiteområde har normalt skjedd med helikopter eller snøskuter etter dispensasjon. Løyve til einskildturar med mindre, terrenggåande køyretøy (4- og 6-hjuls motorsykkel) langs godkjende trasear kan vurderast dersom det ikkje førar til skade på vegetasjonen, t.d. på frosen mark. Ingen slike trasear er godkjende til no. Ofte vil helikoptertransport vere meir tenleg, t.d. for frakt av 2-hjulstraktor eller slåmaskin til/frå eit stølsområde for så å gjennomføre rydding/slått.

Skjøtsel av kulturlandskap

Nærøyfjorden er i nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap eit av 104 prioriterte kulturlandskapsområde i Noreg (Utvalet for Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap 1994). Dette bør gje grunnlag for høg prioritet ved i tildeling av offentlege midlar.

Skjøtsel gjennom aktiv, næringsbasert bruk "innanfrå" basert på nisjetenking og utvikling av høgkvalitets mat- og opplevingsprodukt vil kunne bli ein sjølvforsterkande prosess som aukar kvaliteten på kulturlandskapet og held større delar av dei tradisjonelle kulturmarkstypene i hevd. Bruk av offentlege støtteordningar i landbruket bør rettast inn mot tiltak som sameinar skjøtsel av kulturlandskap og ny næringsutvikling. Midlar frå Regionalt Miljøprogram (m.a. midlar til beitedyr i større verneområde), SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i landbruk, vert avgjort av kommunane), samt andre miljøverkemiddel vil stå sentralt i dette.¹

Det vil i einskilde område vere naudsynt å etablere ein skjøtsel utover det den aktive landbruksdrifta kan holde ved like. Dette gjeld viktige kulturlandskapsområde som ligg utilgjengeleg til, og difor er ute av aktiv bruk. Slåtteteigar med høgt innslag av urter, ugjødsla beitemarkar med høg kontinuitet og utprega styvings-skog bør prioriterast. Skjøtselsplanar bør alltid ligge i botn for slike tiltak. Mange stader vil det vere viktig å prioritere beiting.

¹ Døme:

"Lauv som ressurs. Ny bruk av gammel kunnskap (Høgskulen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) "Kasjmirgeit - ny produktutvikling basert på ull, kjøt og landskapspleie " (Aurland Naturverkstad og NLH)



På Holmo beitar sauene og gamle almetre vert lauva. Foto: Tom Dybwad

For det viktige kulturlandskapsområdet Styvi - Holmo er det utarbeidd skjøtelsesplan (Helle 1994). Denne planen er retningsgjevande for skjøtsel (m.a. beiting, slått og lauving) og tiltak som vert utført etter avtale med grunneigar i området, og hovudpunkta står framleis ved lag.

Døme på nokre av dei viktigaste, skjøtelseskrevjande kulturmarkstypene:

- Hagemark med lind. Døme: Bortomteigane og Storeflaten
- Naturbeitemark. Døme Bortomteigane
- Kulturpåverka, urterik tørrbakke/tørreng med krevjande arter, ute av drift, lang tid utan skjøtsel. Døme: Husaflaten (på nordsida av Aurlandsfjorden)
- Urterike slåtteeenger, i drift eller med kort tid utan skjøtsel. Døme: Stokko.

Lista er ikkje uttømmende. Det finst dessutan mange døme innan dei ulike kulturmarkstypene.

Gardstun og bygningsmiljø av særskild verdi knytt opp til fjord og dalføre

Fleire fråflytte gardar utgjer viktige kulturlandskapselement i området. Særleg høgdegardane utgjer viktige kulturhistoriske dokument. Gjengroing og forfall av bygningar trugar desse verdiane. Fylgjande stader har særskild verdi som kulturmiljø og opplevingsressurs:

- Styvi. To bruk. Styvi har busetnad store delar av året og det vert drive aktiv skjøtsel av kulturlandskapet.
- Nedbergo, to bruk. Kulturlandskap og bygningsmiljø er grundig dokumentert (Gausemel og Rong 2002), og det ligg føre planar om restaurering av bygningar.
- Stigen. To bruk. På Nedre Stigen er det delvis gardsdrift og det vert drive eit småskala, opplevingsbasert reiselivstilbod med overnatting, lokal mat, tilrettelagde turar i fjellet og på fjorden m.m. På øvre Stigen vert bygningane vedlikehaldne.



Stigen og slåtteteigane ved Stokko er markerte og høgt verdsette kulturlandskapsmiljø med stor opplevingsverdi. Foto: Morten Clemetsen

- Skogane. Bygningsmiljøet er i sterkt forfall. Plassen vert i nokon grad nytta som turmål frå Dyrdal.
- Husmannsplassen Náli er eit attraktivt turmål og tilretteleggingstiltak bør prioriterast
- Solbjørgo over Hemri i Nærøydalen. Denne plassen vert og nytta som turmål.
- Bygningsmiljøet på Bakka, Tufto, i Dyrdal og Undredal

Områda Styvi-Holmo og Stigen-Stokko-Nedbergo framstår som dei høvesvis viktigaste og nest viktigaste områda i verneområda for skjøtsel av kulturlandskapet.

Stølsmiljø

Stølsdrift og tilgang til friske og næringsrike fjellbeite for dyra var heilt avgjerande for levemåten på gardane i tidlegare tider. Berre innafor grensene til Nærøyfjorden landskapsvernområde reknar ein med at det er ca. 50 stølar. For rekreasjon og friluftsliv er stølane og bygningsmiljø eller restar etter dette viktige opplevingsselement i landskapet. Dessutan finn ein stiar fram til kvar støl som gjer dei lett tilgjengelege. I dag er det ikkje aktiv stølsdrift innanfor verneområda.

Grunneigarar som ikkje har sel, men selrett på stølar i landskapsvernområde der det står sel frå før, vil etter nærare vurdering kunne få løyve til oppføring av eitt sel (i tradisjonell storleik, form og utsjånad) på stølen. Vilkår for oppføring av nytt sel er at dette ikkje er konfliktfylt i høve til t.d. naturverdiar og kulturminne, jf verneforskriftene for Nærøyfjorden LVO og Bleia – Storebotnen LVO om at det kan gjevast løyve til oppføring av nybygg i samband med landbruk.

Beitetiltak

Nokre stader kan det vere ønskje om å gjere enkle beitetiltak som oppsetting av streng over korte strekningar på bratte stader. Slike tiltak vil kunne få løyve i landskapsvernområde. Opp-føring av nye bygningar som gjeterbu vil ikkje få løyve i område der det ikkje er bygningar frå før.

Forvaltningsmål og retningslinjer

I samarbeid med gardbrukarar som nyttar området aktivt, er det ynskjeleg å bidra til å legge til rette for at eit aktivt og stadtilpassa landbruk skal kunne utvikle seg innanfor dei rammene som er sett for landskapsvernområda. Planar om nye landbrukstiltak i landskapsverneområda som kan medverke til å styrke verneformålet, vil få positiv handsaming. Løyve til nye byggetiltak og andre typar inngrep i område der det ikkje er slike frå før, vil som hovudregel ikkje bli gjeve. Det bør opnast for at stølsdrift i landskapsvernområde kan takast opp att der det ligg til rette for det, dersom det ikkje krev nye store inngrep (som t.d. bygging av veg). Det biologiske mangfaldet knytt til kulturlandskap bør oppretthaldast gjennom skjøtselstiltak. I naturreservat vil landbruk som regel ikkje kunne sameinast med vern.

Tiltak

- Samarbeide med kommunane om å utarbeide ein strategiplan for aktiv bruk av SMIL-midlar og andre økonomiske støtteordningar for å skjømte landskap, sikre verneverdige bygningsmiljø, motverke forfall og styrke kontinuiteten i kulturlandskapet.
- Utarbeide oversikt over kulturmarkstypar i området, då det er viktig å sikra mangfaldet av dette gjennom skjøtsel og aktiv bruk.
- Utarbeide informasjon om stølsdrift og kulturlandskap i Nærøyfjordområdet
- Utarbeide skjøtelsplanar for dei viktigaste kulturlandskapsområda i Nærøyfjorden landskapsvernområde, med vekt på lokalkunnskap og lokal medverknad og sikring av biologisk mangfald. Fylgjande kulturlandskapsområde skal prioriterast med skjøtsel og skjøtelsplanar (prioritert rekkjefølgje):
 - Styvi-Holmo (skjøtelsplan utarbeidd 1994)
 - Stigen - Stokko (skjøtelsplan utarbeidd 2006 for Stokko, igangsett for Stigen i 2007)
 - Nedbergo
 - Bortomteigane
 - Fronnes (skjøtelsplan utarbeidd 2006)
- Etablere samarbeid med entreprenørar og verksemder som arbeidar for landskapsbasert næringsutvikling innanfor dei rammer som verneforskriftene set for Nærøyfjordområdet.
- Støtte arbeid for å bevare landskap og bygningsmiljø knytt til høgdegardar og stølar i området. Dette bør skje i samarbeid med kulturavdelinga i Fylkeskommunen.
- Gjennomføre skjøtsel av Bleiklindi når det er naudsynt

4.5. Skog og skogbruk

Innleiing - kva seier forskriftene?

Skogressursane i området vil i det alt vesentlege vere knytt til lauvskog. Naturleg furuskog av noko omfang finn ein i områda ved Stalheim - Øvsthusdalen, i Dyrdal, Nordheimsdalen og i Statsallmenningen mellom Breisnes og Kristenkamben mot Frønningen, og i lia under Bleia i Bleia naturreservat. Det er og noko furuskog ved Legdene, og mykje av denne har naturskogpreg. Mindre granplantefelt finn ein hovudsakleg i Flåmsdalen og inst i Nærøydalen, men finst også på Styvi.

I fylgje verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde er det ikkje høve til *".. endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet."* Vernereglane er ikkje til hinder for hogst, dersom denne ikkje overstig samanhengande flater på 5 da, under føresetnad av at særmerkte og dekorative og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet, ikkje vert hogd. For areal over 5 da kan det i Nærøyfjorden landskapsvernområde gjevast løyve til hogst dersom det ligg føre driftsplan.

For Bleia - Storebotnen landskapsvernområde er det høve til plukkhogst til bruk som ved til bruk på hytter i området, men det er ikkje høve til å felle særmerkte, dekorative og daude tre som vesentleg pregar skogsbiletet. Det er forbode å utføra flatehogst og å endre samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur. Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til hogst i avgrensa omfang, men ikkje samanhengjande flater større enn 1 da.

I Bleia naturreservat er vegetasjonen freda mot skade og øydelegging. Hogst er ikkje tillate med unntak av enkelttre til ved til bruk på hytter i området. Planting og såing av tre er ikkje lov.

I Nordheimsdalen naturreservat, som er eit barskogreservat, er all vegetasjon freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter frå reservatet, men forvaltningsstyremakta kan gi løyve til avverking av plantefelt og uttak av framande treslag. Planting og såing av tre er ikkje lov.

Problemstillingar

Problemstillingar knytt til skogbruk innanfor verneområda vil mellom anna gjelde mindre plantefelt med gran. Det er ingen restriksjonar på hogging av gran i Nærøyfjorden landskapsvernområde; tvert om er hogst av gran ønskjeleg. Granplanting har vore eit vanleg kulturiltak i det vestnorske landskapet, sjølv om grana generelt ikkje førekjem i naturleg tilstand. Det er registrert naturleg forynging ved spreieing av gran frå plantefelt. Innanfor eit landskapsvernområde er dette ei utvikling som ikkje er ynskjeleg. Ved uttak av gran vil det difor ikkje vere høve til nyplanting. Det kan vere aktuelt i nokre område å setje i gang tiltak med å fjerne gran i området. Det bør skje før grana har nådd alderen for frøsetjing. I Nordheimsdalen naturreservat er det eit større granfelt på 35 da og nærare 1000 tre. Her meiner fylkesmannen det vil vere rett å fjerne desse granene, som er eit framandt treslag i området, for å følgje opp verneformålet.

Det bør utarbeidast driftsplanar for skogsområde der hogst er aktuelt, og det bør oppmodast til samarbeid mellom grunneigarar. Ved utforming av hogstflater, sjølv om dei er under 5 da, bør ein oppnå gunstige kantsonar og flatestruktur (biologisk mangfald), landskapsbilete og tilpassing til kulturmiljøet på staden. Det vil gje ein heilskap i bruken av skogen og ei betre landskapstilpassing. Inngrepa må formast slik at dei "ikkje endrar landskapets art og karakter." For krava til uttak av skog bør ein som eit minimum fylgje standarden som er trekt opp i prosjektet "Levende Skog" (1998).

Med aukande straumprisar kan alternative energikjelder verte meir interessante. Kombinasjon av landskapskjøtsel og produksjon av biobrensel kan vere aktuelt i landskapsvernområda dersom det skjer innan rammane av verneforskriftene. I slike tilfelle bør det utarbeidast driftsplanar, sjølv om hogstområdet er under 5 da. Dette er viktig for å få ei heilskapsvurdering av korleis uttak og kjøtsel av eit større skogområde bør skje. Omsyn til landskapsbilete, biotopområde og tradisjonelle kulturmarkstypar som beitehagar og lauvenger er viktig å innarbeide i eventuelle driftsplanar.

Nordheimsdalen

Som barskogreservat er vernereglene for Nordheimsdalen strenge i høve utnytting av barskogen. Det er likevel opning for hogst til demonstrasjonsføremål og til særskilde restaureringsføremål i Aurland. Aktuelle område for dette skal ikkje kome i kontakt med område med urskogspreg. Dette er nærare drøfta under kapittel 4.3. Eit plantefelt med gran (ca. 2000 tre planta i 1933 i følge Almenningsstyret) bør fjernast så grana ikkje spreier seg. Almenningsstyret ønskjer ikkje dette.

Bleia

I Bleia naturreservat er det store verneverdiar knytt til skog, og det vil ikkje bli gjeve løyve til hogst.

Bleia - Storebotnen

I Bleia- Storebotnen området er det ein del urskogprega skog. Dersom det vert gjeve løyve til hogst, skal samanhengande hogstflater ikkje overstige 1 da. Område med noko drivverdig furuskog vil ein kanskje kunne finne i området ved Kristenkamben. Dette området ligg innanfor Aurland Statsallmenning. Her har det ikkje vore uttak på fleire tiår, og det er difor viktig å halde på urskogpreget, noko som kan gjere det mindre aktuelt å gi løyve til hogst.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Ta vare på verdfulle skog i området, og medverke til at skogsdrift i området skjer på ein berekraftig måte og ikkje kjem i konflikt med verneformåla. Alt uttak av gran vert sett på som positivt. Det vert tilrådd utarbeiding av driftsplan, uavhengig av storleiken på uttaket. Der det ligg til rette for det, bør driftsplanen omfatte samarbeid mellom grunneigarar.

Tiltak

- Utarbeide retningslinjer for aktuelle hogstfelt, også under 5 da.
- Utarbeide oversikt over verdifulle kulturmarkstypar i verneområda som må takast omsyn til ved utarbeiding av hogstplanar (hagemark og lauvenger).
- Avgrense spreieing av gran ved naturleg forynging ved å stimulere til avverking av plantefelt med gran i området.
- Stimulere til uttak av ved kring stølane for å halde stølsvollar og nærområda opne og unngå gjengroing i tradisjonelle kulturlandskap.
- Fjerne gran i Nordheimsdalen naturreservat

4.6. Villrein

Innleiing – kva seier forskriftene

Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villrein. Nærøyfjordområdet inkluderer område som vert nytta av to forskjellige villreinstammer; Nordfjella og Fjellheimen. Villreinstammene vert forvalta ut frå nasjonalt regelverk. Dei er begge av jaktbar storleik, og villreinjakt er lov både i landskapsvernområda og naturreservata. Nordfjella er del av eit nasjonalt villreinområde med særleg høg fokus på vern av villreinområda.

Ingen av verneforskriftene handsamar villrein som eige tema, men villrein inngår i verneformålet for Bleia – Storebotnen LVO. Kommunane som har areal innanfor Nordfjella villreinområde, har gått saman om ein kommunedelplan for å best mogleg kunne ta vare på leveområda til villreinen (Felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella/Hardangervidda villreinområde). Kvart einskild villreinområde har eit eige villreinutval (praktisk forvaltning) og ei villreinnemnd (politisk organ) som er tillagt lokalt ansvar for villreinforvaltninga. Det vart i 2007 sett i gang ein felles kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde som vil gjelde seks kommunar over to fylke, med formål å ta vare på for villreinen.

Problemstillingar

Villreinstammene skal forvaltast på ein fagleg forsvarleg måte. Den jakta som går føre seg i dag er ikkje i konflikt med vern i områda. Dei største konfliktane i høve villrein er uroing frå motorisert ferdsle og frå fotturistar/skiløparar som freistar å kome nær flokkane for å fotografere. Dyra er særleg utsette om våren. Då er dei svekka etter vinteren og har liten mattilgang. Simlene går tunge like før kalving, og er særleg vare for uroing under og like etter kalvingstida. I denne perioden vert og fjellet mykje nytta av skigåarar, og snøskutertrafikken er på sitt høgste. Villreinen har vore fråverande på Undredalshalvøya i nærare 30 år. Vinteren 2007 vart det rapportert at ein flokk på 40-50 villrein hadde kryssa Bergensbana og vandra inn i dette området (kring Vidmenosi over Flåmsdalen). Det vil vere positivt om villreinen reetablerer seg på Undredalshalvøya.

Forvaltningsmål og retningslinjer

- Omsyn til villreinen skal alltid tilleggjast vekt i avgjerder om tiltak innanfor deira leveområde. Det skal vere nært samarbeid med villreinutval og villreinnemnder. Ein skal leggje opp til å unngå ferdsle gjennom kalvingsområde i april/mai
- Villreinnemnda for det aktuelle område (Fjellheimen, Nordfjella) skal ha til uttale alle saker som kan virke inn på villreinareal eller villreininteresser.

Tiltak

- Restriktiv haldning til tildeling av snøskuterløyve i villreinområda frå midten av april og utover våren.
- Utarbeide informasjon til friluftslivsfolk om kor viktig det er å ta omsyn til villreinen, med oppmoding om å halde seg på god avstand.

4.7. Friluftsliv

Innleiing - kva seier forskriftene?

Høve til å utøve friluftsliv er viktig for den einskilde og for samfunnet. I Stortingsmelding nr 39 (2000-2001) "Friluftsliv" er verdien av friluftslivet for trivnad og livskvalitet omtalt. Det er ynskjeleg å legge til rette for at alle skal kunne utøve friluftsliv i norsk natur.

Å få tilgang på allsidige naturopplevingar gjennom eit enkelt friluftsliv er eit viktig delmotiv for oppretting av verneområde. Slike område vil kunne yte positive bidrag til livskvalitet, helse og trivnad for mange menneske. Omsyn til friluftslivet vil difor vere innebygd i verneforskriftene, særleg i eit landskapsvernområde.

Både i naturreservat og landskapsvernområde kan Direktoratet for naturforvaltning innføre restriksjonar og om naudsynt forby ferdsel i heile eller delar av området når det er naudsynt for å ta vare på plante- og dyreliv eller geologiske førekomstar (naturvernlova § 22). Dette er ikkje aktuelt pr. i dag. I Grånosmyrane naturreservat er det forbod mot telting i tida 1.06. – 1.08.. Det er forbod mot organisert ferdsel i Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og delar av (inste Drøfti) Bleia naturreservat, medan organisert ferdsel er tillate i dei to landskapsvernområda.

Problemstillingar

Allemannsretten til å nytte naturen til friluftslivsformål skjer på eige ansvar, og krev ei medveten haldning frå dei som ferdist i naturen. Ein bør unngå at tilrettelegging for friluftsliv fører til unødig ulempe for grunn-eigarar, landbruk og lokalsamfunn. I Nærøyfjordområdet byr naturen på særleg allsidige opplevingar, frå fjord og strender til stølsdalar, høgfjell og bre. I 2006 gav Ugland IT Group i samarbeid med dei fire kommunane og Fylkesmannen ut eit nytt turkart for heile verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Her er dei viktigaste fotturrutene med. Turkartet er ein viktig reiskap for informasjon og for å kanalisere ferdsla for at folk skal få gode natur- og turopplevingar i området. Undredal-Grindafletområdet er rekna som nasjonalt viktig friluftslivområde. Den gamle postvegen mellom Bleiklindi og Styvi (5,5 km) langs fjorden er truleg eineståande i sitt slag her i landet, og blir stadig meir populær som turveg (omlag 1300 turgåarar i 2004). Langs denne vegen går det og ein årleg turmarsj (Kongevegsmarsjen) som har stor oppslutnad. Det blir også årleg arrangert ein verdsarvtur frå Bakka opp Rimstigen til Drego og Dyrdal. Turen forbi Stigen til utsiktspunktet på Beitelen har hatt aukande ferdsel dei siste åra.

Voss kommune har utarbeidd ein handlingsplan for friluftsliv 2001 – 2004. Her er mellom anna den nyopna "Kongevegen" ved Stalheimsfossen og vegen mellom Sivle og Jordalen (etablert som kultursti frå Sivle til Nåli) omtala.

Friluftsliv kan i nokre tilfelle kome i konflikt med verneføremål både når det gjeld grad av tilrettelegging og ved å kanalisere eit stort omfang av turgåarar som kan føre til slitasje på naturen.

Turgåing

Området er rikt på gamle stisystem knytt til bruk av utmarka. Mange av stiane vert i dag nytta til turstiar, men mange gror og att og vert øydelagt av ras og utgliding. Dei viktigaste innfallsportane til Nærøyfjordområdet til fots er opp Øvsthusdalen frå Stalheim og inn Ljossanddalen ved Mjølfjell i Voss kommune. I Vik kommune er Fresvik-Jordalen og Engi i Fresvik viktige innfallsportar. I Lærdal er det lett tilkomst til fjellområda frå Frøningen og frå Sluppen i Erdalen, i tillegg er det god sti frå Vindedal. I Aurland er Ljosdalen i Flåm, Uppsete på grensa til Voss, Jonadalen i Undredal og Soleibakkane på Aurlandsfjellet vanleg nytta. Ein har og tilkomst til verneområda frå båt i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden.

Dei T-merkte stiane i området er

- Øvsthusdalen – Grindaflethytta
- Ljossanddalen/Uppsete – Grindaflethytta
- Ljosdalen (Flåm) – Grindaflethytta
- Jonadalen (Undredal) - Grindaflethytta

Andre merkte stiar er:

- Vindedal-Vindedalstølen (utanfor verdsarvområdet)
- Storedalen i Fresvik
- Skar-Lægdene i Fresvik
- Sivle-Nåli
- Stigen-Undredal
- Stalheimsfossen

Det er aktuelt å tillate merking av fleire nye stiar i landskapsvernområda i verdsarvområdet som eit ledd i at folk kan oppleve området ved å gå tur. Dette vil også kunne bidra til å styrke den lokale økonomien og busetnaden. Slike tiltak må planleggjast i samarbeid med grunneigarane, som kan nekte merking av stiar på sin eigedom. Det må liggje føre løyve etter vernereglane til merking av nye stiar før dette vert gjennomført. Vedlikehald av eksisterande merking er tillate.

Aktuelle stiar/ruter for merking er:

- Tufto-Rimstigen-Jordalen
- Den gamle veggen forbi Bakkatunnelen
- Modlaugsdalen-Frønningen
- Drego-Vassete
- Engi-Tundalen-Fresvikjordalen (delvis merkt i dag)
- Stigen - Beitelen
- Undredal-Stokko
- Stigen-Hovdungen-Undredal (delvis merkt i dag)

Stien opp Rimstigen er rydda og det er utarbeidd ein plan for istandsetting. Vidare reparasjon av stien opp Rimstigen fekk hausten 2007 midlar frå Norsk kulturminnefond .

Bleia er rekna som regionalt viktig friluftsområde. Dette omfattar området frå Sluppen til toppen av Bleia, saman med Storebotnen.

I Nordheimsdalen er den eine brua på stien opp dalen øydelagt, medan den viktige brua over hovudelva vart reparert i 2007. Kaien ved fjorden var i mange år i så dårleg stand at den ikkje kunne brukast, men vart reparert i 2006 og framstår no som ny.

Av allment tilgjengelege overnattingshytter er Grindaflethytta (eigd av DNT Oslo og omegn, driven av Voss utferdslag), mest nytta. Her er registrert om lag 500 overnattingar pr år (2004: 508 overnattingar). I dette området er det merkte T-stiar i fleire retningar. Aurland fjellstyre har ei hytte i Storebotnen. Hytta vert nytta til om lag 100 overnattingar i året. Lærdal fjellstyre har og ei hytte i lisida under Bleia. Denne hytta har berre tilkomst frå fjorden og vert nytta i mindre grad enn Storebotnhytta, og då i hovudsak av lokale jegerar. Det er ikkje merkte stiar eller løyper til desse hyttene. IL Modig har øvst i Fresvikjordalen like utafor verdsarvområdet ei hytte som vil kome inn som ubetjent hytte i DNT-systemet frå 2008.

Fjellområda aust for Aurlandsfjorden i Lærdal og Aurland kommune er underlagt "Felles kommunedelplan for villrein" vedteken av kommunane Lærdal, Hemsedal, Ål, Hol, Ulvik og Aurland i fellesskap i 1997-98. Det må takast omsyn til dei særskilde retningslinjene for ferdsle og friluftsliv som gjeld innanfor dei områda som er omfatta av Villreinplanen. I nokre tilfelle vil det kunne føre til ein strengare praksis enn det som vil vere akseptert innanfor brukssona i eit landskapsvernområde.

Jakt, fiske og hausting

I Nærøyfjordområdet vert det drive jakt og fiske i stor utstrekning. Jakt er generelt lov etter reglane i Viltlova. Einaste unnataket er innanfor Nordheimsdalen barskogreservat, der det i tillegg til storvilt berre er tillate å jakta på rype, og Grånosmyrane naturreservat der det berre er lov å jakte storvilt og hønsfugl, hare, raudrev og mink. I Bleia naturreservat vert det frå Frønningen drive jaktutleige til jaktlag, som er viktig for økonomien her. Jaktlaga kjøper då ei pakke med overnatting og mat.



Den nyreparerte brua over hovudelva i Nordheimsdalen. Foto: Jon Erling Skåtán

Grindaflethytta, som vert driven av Voss Utferdslag, er den einaste turlagshytta DNT eig i Nærøyfjordområdet. Foto: Trond Aalstad.



Villrein finn ein både i fjellområda aust for Aurlandsfjorden (Nordfjella villreinområde) og i områda frå Fresvikbreen og vestover (Fjellheimen villreinområde). Villreinforvaltninga vert styrt av villreinnemnd og villreinutval i dei respektive områda.

Jakt på hjortevilt vert i hovudsak utført av innanbygdsbuande personar, og det vert jakta i heile området. Potensialet for verdiskaping innan kommersielt sal av jaktrettar og "jaktpakker" som inkluderer overnatting m.m. er truleg stort i heile planområdet.

I heile verdsarvområdet vert fiske regulert av anna lovverk, dvs. lov om laksefisk og innlandsfisk og lov om saltvannsfiske.

I Aurland er det høve til å kjøpa eit samla fiskekort som gjeld for stongfiske i store delar av kommunen. I planområdet omfattar kortet Storebotnen og områda vest for Flåmsdalen inn til Grindafletene. Denne ordninga vert administrert av Aurland Fjellstyre. Det vert årleg sett ut fisk i vatn som høyrer inn under Aurland statsallmenning. I tillegg vert det satt ut fisk i nokre private vatn. Lærdal fjellstyre har og sett ut fisk i nokre av vatna i området, siste utsetting var i Bleieskardvotni i 1997.

Det er ikkje særskilde restriksjonar på sanking av bær og matsopp.

Bruk av fjorden, båtliv

Fjordsystemet utgjer ein sentral del av området særpreg og har særskilde natur og opplevingskvalitetar. Ferdsla på fjorden kan vere sårbart med omsyn til støy, forureining og erosjonsrisiko. Det har vore ein monaleg auke i ferdsla med småbåtar og kajakk på fjorden dei seinare åra (både på eiga hand og som guida turar (reiseliv)). Camping i strandsona som ein fylgje av det kan føre til ein del ulemper både for jordbruksdrift (slåtteteigar, uroing av beitedyr), slitasje på naturmiljøet og forsøpling. Langs strendene i området Dyrdal – Salthella er det i dag særskilt trong for tilretteleggingstiltak, som toalett. Ferdsel med båt kan med fordel kanaliseras til der det blir lagt til rette for ilandstiging, m.a. i samarbeid med Indre Sogn Kystled.

Brevandring

Fresvikbreen er som den einaste (platå-)breen i området ein attraksjon, og det er til tider noko trafikk hit, også fjellføring. Fresvikbreen er populært både til vårskiturar og fotturar. Det er så mykje sprekker på breen at ein må ha breutstyr som tau, isøks m.m.. Ein bør leggje opp til informasjon om Fresvikbreen ved dei naturlege innfallsportane (Vik, Feios og Fresvik)

Ekstremспорт

Hanggliding, paragliding og basehopping vert og rekna som ein del av friluftslivet. Desse aktivitetane skjer hovudsakleg i utkanten av verneområda. Hang-/paragliding har til vanleg utgangspunkt utanfor verneområdet. Basehopping skjer frå Nebbet ved Skjerping i Nærøydalen, der det er stiar opp frå Nærøydalen. Slike aktivitetar kjem til vanleg ikkje i konflikt med verneverdiar (t.d. rovfugl og anna fugleliv) og verneformål, og bør ikkje vere til sjenanse for anna friluftsliv (sjå og kap.4.9). Men mange gonger ønskjer utøvarar av desse aktivitetane motorisert transport, noko som kjem i konflikt med vernereglane og målet om å halde omfanget av motorisert ferdsel så lågt som mogleg. Då bør aktivitetane utøvast andre stader.

Tiltak for tilrettelegging for friluftslivet

I fylgje DN-handbok nr 17- 2001 "Områdevern og forvaltning" er det vanleg å dela nasjonalparkar og større landskapsvernområde inn i forvaltningssoner med ulike mål for ferdsle, tilrettelegging og bruk. I naturreservat er det av omsyn til verneføremålet naturleg at arealet i hovudsak vert definert som vernesone.

Småskala og opplevingsbasert reiseliv er ofte tilpassa landskap og lokale føresetnader på ein mykje meir smidig måte enn det store operatørselskap kan tilby. Mindre verksemder som utnyttar opplevingspotensialet i Nærøyfjordområdet, er etablert i Aurland og nabokommunane. Mykje av dei opplevingane som vert marknadsførte, er knytt til friluftsliv. Dette kan vere alt frå guida turar på etablerte stiar til aktivitetar som krev tilrettelegging som til dømes opparbeiding av faste leirplassar, sanitæranlegg osb. Denne koplinga mellom turisme og friluftsliv må sjåast som positiv, men kan skape eit større press på naturen enn det tradisjonelle,

enkle friluftslivet. Organisert ferdsel i form av fjellføring er tillate i landskapsvernområda,, men må ha særskilt løyve i naturreservata (i Bleia naturreservat berre i inste Drøfta). Det er uansett viktig at organisert ferdsel vert gjennomført på ein måte som ikkje skadar eller fører til inngrep naturmiljøet, og i dialog med grunneigarane slik at ferdsla ikkje er til ulempe for dei. Tiltak i naturen som inneber inngrep og/eller installasjonar over lang tid (t.d. faste leirplassar, lagerkassar m.m.) for å lette fjellføring og turistguiding, må ha løyve i høve verneforskrifta (ofte også løyve etter reglane i Plan- og bygningslova (kommunen)) og er ikkje ønskjeleg. Faste leirplassar, også der folk ikkje er tilstades heile tida, er elles ikkje tillate etter friluftsløva av omsyn til ålmenta si rett til fri ferdsel i utmark. Tilretteleggingstiltak bør ha for auge universell utforming (for personar med funksjonshemming) der dette ikkje fører til store inngrep.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Friluftslivet i verneområdet skal skje innanfor norske friluftstradisjonar, med eit allsidig og enkelt friluftsliv. Det skal leggest opp til eit nært samarbeid med grunneigarar, lokalsamfunn, turlag og villreinforvaltning. Ein bør vere varsam med tilretteleggingstiltak og unngå kanalisering av ferdsle inn i urørde eller sårbare naturområde. Ein bør unngå tilrettelegging for friluftsliv som skapar auka behov for motorisert ferdsle. Viktige natur- og kulturminnelokalitetar bør sikrast mot unødig ferdsle og slitasje. Merking av stiar skal følgje DNT/DN-standard (vardane viser veg, medan raudmerking er signatur). Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar og anna tilrettelegging. Dersom omsynet til naturkvalitetane tilseier det, skal naudsynte tiltak gjerast for å unngå skader som skuldast friluftsliv. Alle aktivitetar knytt til friluftsliv må vere i samsvar med dei langsiktige måla for forvaltninga av området og i samsvar med friluftsløva.

Tiltak

- Halde oversikt over bruken av områda når det gjeld vanleg friluftsliv, organiserte aktivitetar og arrangement
- Sette opp informasjonsoppslag om verneområda og vernereglane retta mot friluftslivet ved dei mest nytta utgangspunkta for turar inn i området.
- Utarbeide plan for naudsynte tilretteleggingstiltak for i landstiging frå småbåtar og kano/kajakk på særleg mykje brukte stader
- Utarbeide informasjonsplansjar retta mot kano/kajakkpadlarar og småbåtbrukarar ved start- og landingspunkt ved fjorden
- Utarbeide kart og anna informasjonsmateriell som syner kva stiar og ferdsleveggar i området som er tilgjengelege og tilråddele å ferdist på
- Utarbeide plan for kva stiar og ferdsleveggar som skal merkast og haldast vedlike
- Støtte tiltak som gjeld tilrettelegging for enkelt friluftsliv i området
- Oppdatere turkart for Nærøyfjordområdet ved nye opplag
- Tilretteleggingstiltak skal vurderast m.o.t. universell utforming.

4.8. Reiseliv

Innleiing - kva seier forskriftene?

I høve forskriftene for Nærøyfjorden landskapsvernområde, vert reiselivet berørt av fartsrestriksjonar på delar av Nærøyfjorden (maks. 8 knop på strekninga Skalmenes-Bleiklindi for båtar over 30 fot pga bølgeerosjon) og elles tiltak/arrangement som kan føre til slitasje i området (t.d. organiserte opplegg der ein går i land på faste plassar langs fjorden).

I naturreservata er det generelt forbode å gjennomføre idrettsarrangement og annan organisert bruk, medrekna ferdsel og reiseliv.

Reiselivet har med mellom 700- og 800 000 årleg besøkande turistar i distriktet, tunge økonomiske interesser i Nærøyfjordområdet. Det er fire hovudinnfallsportar for reiselivet til Nærøyfjordområdet; Stalheim, Flåm, Lærdal og innløpet til Aurlandsfjorden. Hovudtyngda av dei reisande nyttar båt, tog, bil og buss. Opplevingsproduktet "Norway in a Nutshell" er godt innarbeidd i marknaden og ein viktig eksponent for Nærøyfjordom-

rådet. Fjord1 har fleire båtruter og ferjer som trafikkerer fjordsystemet i heile hovudsesongen (april - oktober). Dei siste åra har også andre selskap kome starta turistbåtruter på fjorden.

Godt utvikla infrastruktur og kommunikasjonsmåtar, slik ein finn det i området i dag, er positivt ved at mange får høve til å oppleve fjordlandskapet utan at det fører til stor slitasje, også innafor verneområda, då Nærøyfjorden er ein del av landskapsvernområdet.

I tillegg skjer det ei utvikling av småskala reiseliv i området knytt til turguiding, både til fots og særleg på fjorden gjennom kajakkpadling og små motor(gummi)båtar.

I Revidert *Nasjonalbudsjettet 2003 "Fjellteksten"* gjer Regjeringa greie for korleis nasjonalparkar og verneområde utgjer ein sentral del i marknadsføringa av Noreg i reiselivssamanheng og for utviklinga av naturbasert reiseliv. Nokre sentrale punkt skal referast her:

- Større reiselivsanlegg skal leggjast utanfor nasjonalparkane
- Ikkje tillate inngrep og tiltak som øydelegg eller reduserer kvalitetane som ligg til grunn for vern
- Reiselivstiltak som føreset større infrastrukturelle tiltak og bruk av motorisert transport i verneområde er i strid med gjeldane nasjonalparkpolitikk. Slike tiltak vil forringe kvalitetane som gjer områda attraktive
- Auka bruk gjev store utfordringar i å ta vare på naturen slik at merkevaren ikkje øydeleggjast eller får redusert verdi

I "Fjellteksten" held Regjeringa fram at reiselivet sin bruk av natur og kultur i fjellområda og landbruksbasert turisme utgjer i dag den største verdiskapinga i mange fjellbygder. Omfattande næringsverksemd finst i dag: overnatting, servering, jakt og fiske, fjellføring/guiding, riding, elvepadling, leirskule/ undervisning/ kurs. Undersøkingar syner at nær halvparten av turistane er naturen viktigaste grunn for å kome, og endå fleire seier dei skal utøve friluftsliv.



Turistar på Nærøyfjorden. Ferjeruter og cruisebåtar gjev mange folk nærkontakt med landskapet utan at det førar til stor skade på naturverdiane. Foto: Morten Clemetsen

I *Soria Moria erklæringa* som noverande Regjering la fram ved tiltredinga i 2005 er Fjellteksten følgt opp m.a. ved at Regjeringa vil

- utarbeide ein handlingsplan for bærekraftig bruk og skjøtsel av nasjonalparkar og andre verneområde. Arbeidet med å utvikle nasjonalparkane som ressurs for lokalsamfunna og lokal verdiskaping skal halde fram
- sjå til at kulturlandskap ikkje gror igjen og forfell. Berekraftig bruk er viktig for landskapsvern og biologisk mangfold.

På bakgrunn av dette må målet vere å bruke Verdsarvområdet i Nærøyfjorden som ein sentral del av (utviklinga av) reiselivet i regionen på ein slik måte utan at dette går utover natur- og kulturkvalitetane og verdiane som verneområda har. Reiselivet er best tent med ei målretta forvaltning av verdsarvområdet og landskapsvernområdet med sikte på å ta vare på området sin eigenart, urørt natur og ro.

Problemstillingar

Vern og verdsarvstatus gjer at ein må forvente auka tilstrøyming av besøkande til området. Truleg vil fleire vere interessert i personleg å oppleve landskapet på nært hald. I dag er dei fleste reisande med på organiserte rundreiser som nyttar det kollektive transporttilbodet i området. Dette er til liten belastning på lokalsamfunn og verneområde. Reiselivstilbod i området bør ha universell utforming.

Omfanget av dagens reiseliv i området kan illustrerast med fylgjande oversikter henta frå Flåm Utvikling AS og Aurland og Lærdal reiselivslag:

Cruiseskiptrafikken

Etter bygginga av nytt kaianlegg i Flåm har besøket av cruiseskip auka vesentleg, og passasjertalet nær dobla seg sidan 2002.

	FLÅM		GUDVANGEN
	Tal skip	Tal passasjerar	Tal skip
1999	62	37 700	40
2000	88	49 800	39
2001	102	51 500	51
2002	98	58 600	59
2003	113	69 700	66
2004	115	78 000	62
2005	131	91 506	59
2006	138	115 342	65

Dei fleste skipa går innom både Gudvangen og Flåm. Berre to skip gjekk berre til Gudvangen.

Passasjerbåtar, ferjer og charterbåtar

Passasjertal på Fylkesbaatane/ Fjord1 sine ferjeruter til Gudvangen (frå Flåm/Lærdal):

2002	2003	2004	2005	2006
220 106	198 534	212 818	220 808	234 977

Nedgangen i trafikk i 2003 skuldast truleg opning av Lærdalstunnelen (ikkje lenger heilårsrute på Nærøyfjorden).

Charterbåttrafikken på Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden, med samband til Lærdal, vert operert av ei rad mindre fartøy. Dei siste åra har passasjertalet samla lege på mellom 28 000 og 36 000.

Problemet med bølgeerosjon i strandsona er størst der Nærøyfjorden er smalast. Det er difor viktig å følgje med på at fartsgrensa på 8 knop for båtar over 30 fot på strekninga Skalmenes-Bleiklindi vert overhalde.

Flåmsbana

Utvikling av tal reisande siste 5 åra:

1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
350 000	370 400	374 700	398 900	414 700	417 500	459 144	475 033	536 693

Generelt aukar turiststraumen mest i dei områda som blir marknadsførte og som det er lett tilgjenge til. Ein må difor vere medveten både kva område som blir marknadsførte og kva for tilgjenge det blir lagt opp til. Marknadsføring av Nærøyfjordområdet bør følgje soneringa i forvaltningsplanen. I nokre av dei mest ettertrakta turmåla i ytterkanten av verneområda kan det vera riktig med enkle tilretteleggingstiltak som gjer at turistar kan oppleve "ein smak" av området. Dette føreset at det ikkje går ut over verneformålet. Å ta vare på naturkvalitetane for framtida vil vere eit berekraftig og framtidsretta reiseliv i tråd med Fjellteksten.

Reiselivet har interesse i at det blir sett opp informasjonstavler og at det blir tilrettelagt for ferdsel ved merking av stiar og parkeringsplassar ved innfallsportane. Kommunane og grunneigarar bør samarbeide om parkeringsplassar ved innfallsportane. Store tilretteleggingstiltak bør ikkje bli lagt heilt opp til vernegrensene, både for å få ein mjuk overgang og for å unngå inngrep som påverkar opplevingane inne i verneområda. Det er difor viktig at målsettinga for soneinndelinga og blir følgt opp i høve til dette. Reiselivet legg også vekt på at stille, respekt for naturen og kvalitetopplevingar er viktige føresetnader for utvikling av reiselivet i Nærøyfjordområdet.

Det bør arbeidast for ei betre skilting frå hovudvegane med bruk av Vegvesenet sine standard visningskilt.

Småskala reiseliv

I samsvar med nye trendar i reiselivet, søker fleire spesielle opplevingar i mindre grupper med høge krav til opplevingsmessig innhald, tilrettelegging og "nærkontakt" med landskapet. Stillheit (naturen sine eigne lydar) vil og vere ein av kvalitetane som vert høgt verdsett i denne samanheng. Det meste av slikt reiseliv vil vere organisert gjennom ulike selskap som driv guiding og utvikling av nye opplevingsprodukt. Mellom anna er det stor aktivitet og interesse for nye produkt, m.a. innan båtliv (kajakk og gummibåt med motor) som har forankring i dei lokalsamfunna som ligg i og i nærleiken av verneområdet. Tilretteleggingstiltak slik småskala reiseliv måtte ha behov for vil også måtte halde seg til verneforskrifter og friluftsløva. T.d. gjev ikkje allemannsretten i friluftsløva rett til å ha telt ståande permanent over lengre tid, også medan ulike menneske nyttar telta.

Som nemnd i kap. 4.7 Friluftsliv må organisert ferdsel ha løyve i Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og delar av Bleia naturreservat. I Bleia – Storebotnen landskapsvernområde må andre enn turlag, skular, barnehagar og foreiningar ha løyve. Fylkesmannen meiner at også andre, t.d. guida turar i mindre grupper, må kunne drive slik verksemd her når dette gjeld vanlege fotturar/skiturar som ikkje kjem i konflikt med naturmiljøet på andre måtar. Fylkesmannen meiner det vil vere grunnlag for å gi løyve til organiserte turar når dette ikkje er i strid med verneformålet og verneverdiar, t.d. på dei vanlege/gamle stiane i Nordheimsdalen naturreservat.

Selskap med forankring i distriktet må ein kunne forvente at har mål om å drive eit berekraftig reiseliv i Nærøyfjordområdet. Det vil vere trong for god kommunikasjon og skulering for å kunne få ei rett forståing av kva tolegrensar som gjeld for ulike typar tilrettelegging og opplevingsprodukt. Med sterk bevisstgjerung vil reiselivet kunne vere med på å ivareta kvalitetar i landskapet. Reiselivsprodukta som er utvikla ved Stigen gard er døme på god tilpassing til verneverdiane i området.

At nokre merkte turstiar vert godt kjende og dermed mykje brukt, kan vere ein del av ei slik småskala reiselivssatsing, t.d. postvegen Bleiklindi Styvi og til Beitelen.

Reiseliv er eit av dei omtalte programma i fylkesplanen for Sogn og Fjordane (2001 – 2004). Ein av utfordringane programmet nemner er vekst i småskala reiselivsnæringar som gardsturisme, reiseliv basert på hytteutleige, natur- og kulturaktivitetar. Utvikling av småskala reiseliv er avgjerande for å utvikle eit reiseliv som gjev verknader lokalt.



Utsikt ut Aurlandssjøen frå Beitelen. At stadig fleire fotturistar legg turen til Beitelen er ein del av utviklinga av småskala reiseliv i verdsarvområdet. Foto: Tom Dybwad

Nærøyfjorden Verdsarvpark er ei stifting som m.a. har som formål å utvikle lokale opplevingsprodukt og kvalitetssikre dei i samsvar med verdsarvstatusen og retningslinjer for forvaltninga av Nærøyfjordområdet (sjå elles kap. 6.6.).

Geoturisme

Nærøyfjorden og Geirangerfjorden er utpeika som spydspiss i Innovasjon Norge si storsatsing på geoturisme. Innovasjon Norge har gjennom eiga avtale med National Geographic Society forplikta seg til å drive reiselivsverksemd i tråd med dei prinsippa som kallast geoturisme. Det er eitt land i verda (Honduras) som tidlegare har inngått ein slik avtale.

Geoturisme vert definert som turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar den lokale eigenarten på ein stad. Det blir stilt krav til å verne miljø, kultur og kulturarv. Turismen skal kome heile lokalsamfunnet til gode.

Nærøyfjorden og Geirangerfjorden vil no bli brukt som spydspiss i dette arbeidet. Det inneber m.a. at staten ved Innovasjon Norge tek eit stort ansvar saman med kommunane og næringa. Det vil bli utarbeidd ein strategi for utvikling av geoturisme som seinare vil kome andre destinasjonar til gode. Fleire prosjekt som passer godt inn i dette prosjektet er allereie godt i gang. Det vert truleg etablert ein prosjektorganisasjon som skal drive prosjekta framover.

Helikoptertrafikk

Det har til tider vore eit press for sightseeing med helikopter inn mot verneområda. Turistflyging innanfor 300 meter vertikalt og horisontalt frå vernegrensene er ikke lov. Sjølv om dette vert respektert kan flyging vere til

sjenanse for busetnad og friluftsliv, og det vil og kunne forstyrre dyrelivet. Denne typen reiseliv er difor ikkje ønskt i Nærøyfjordområdet. Sjå elles kapittel 4.9.

Nasjonal turistveg

Statens Vegvesen har i 2005 starta opp prosjektet "Nasjonal turistveg Aurlandsfjellet. Ovafor Aurland er det flott utsikt over delar av Verdsarvområdet, og utsiktsplattforma Stegastein (opna 2006) er allereie ein internasjonal turistattraksjon. På utsikts- og stoppestader langs turistvegen vil det vere høve til å gi informasjon om Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjordområdet.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Medverke til å utvikle eit berekraftig reiselivet i området. Dette inneber både at eksisterande infrastruktur på sjø og land er viktig for at mange får ei positiv oppleving av fjordlandskapet, og at reiselivet i Nærøyfjordområdet ikkje skal føre til skade eller ulempe for natur- kulturminne- og landskapsverdiane i området.

Det er ikkje ønskjeleg med motorisert transport av turistar inn i verneområda, med unntak av båttransport på fjorden.

Reiselivstiltak skal som hovudregel leggjast utanfor verneområda. Eventuelle reiselivstiltak i verneområda skal ikkje medføre særskilt fysisk tilrettelegging inne i verneområda. Enkel tilrettelegging, som og kjem friluftslivet til gode, kan utførast i brukssone.

Tiltak

- Etablere kontakt og samarbeid med reiselivsaktørane i området for å kvalitetssikre at bruken av Nærøyfjorden landskapsvernopråde og andre stader innanfor planområdet der reiselivet har høve til å operere, skjer i tråd med vernereglar og verdsarvstatus
- Dialog med reiselivet om eksisterande infrastruktur for turismen i området
- Halde utviklingstiltak i reiselivet innanfor rammer som ikkje kjem i konflikt med området sin vernestatus og eventuell status som verdsarvopråde.
- Dialog med lokale organisasjonar og bedrifter som er retta mot småskala opplevingsturisme basert på natur- og kulturpotensialet som finst i området.
- Gi innspel til Nasjonal Turistveg over Aurlandsfjellet
- Gi innspel til reiselivsbedrifter om universell utforming

4.9. Transport og motorferdsle

Innleiing - kva seier forskriftene?

Vurdering av motorferdsle i Nærøyfjordområdet er knytt opp til sær samsatte problemstillingar. Motorferdsel på fjorden er lov, og på Nærøyfjorden og dei delane av Aurlandsfjorden som inngår i det verna området, vil det i periodar av året vere til dels mykje trafikk med store båtar. Dette kan føre til situasjonar med både støy, luftforureining, avfall i sjøen og langs strendene, samt erosjon på grunn av bølgeslag. På landsida er motorferdsle i verneområdet i hovudsak knytt til trong for tilkomst til fjellområde med helikopter og snøskuter.

I forskriftene for verneområda er det eit generelt forbod mot motorferdsle på land og i vatn/vassdrag. Lågtflyging under 300 meter er og forbode med unntak av over Nordheimsdalen.

Naudsynt motorisert ferdslle i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i nærleiken av gard og innmark er tillate i Nærøyfjorden landskapsvernopråde. Her er det og opna for motorferdsle på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.

Naudsynt motorferdsle på vinterføre til landbruksdrift, frakting av ved, hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materiale til vøling av stølar og liknande er tillate i landskapsvernopråda. Også naudsynt lufttransport i samband med landbruksdrift er tillate i landskapsvernopråda, men transporten skal meldast til oppsynet før den tek til.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag regulerer motorferdsel generelt, både i og utanfor naturvernområde. Kommunane er forvaltningsstyresmakt for motorferdsellova. Forskriftene i eit landskapsvernområde kan ikkje praktiserast lempelegare enn nasjonale forskrifter om motorferdsle i utmark. I denne samanheng vert kommunane oppmoda til ta omsyn til dette og samordne praktisering av regelverket i nærområda til Nærøyfjordområdet. Løyve etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag må også liggje føre før motorferdsel skjer.

I naturreservata er det generelt ikkje høve til motorferdsle, og verneforskriftene er strengare enn i landskapsvernområda m.o.t. kva slags motorferdsel det kan gjevast løyve til. Etter søknad kan det gjevast løyve til motorferdsel for tiltak som er nemnde i vernereglane for kvart naturreservat.

Militær lågtflyging er unnateke frå forbodet mot motorferdsel i verneområda.

Fleire av verneforskriftene har forbod mot unødvendig støy, noko som tilseier at unødvendig motorferdsel bør unngåast.

Problemstillingar

Generelt

Motorferdsel i verneområda bør haldast på eit så lågt nivå som mogleg. Slike aktivitetar gir uro og støy som reduserer opplevingsverdiane. Noko motorferdsel kan likevel vere naudsynt, spesielt i samband med landbruksdrift og tilsyn med installasjonar og tiltak det er heimel for i verneforskriftene.

Av omsyn til helgefred og andre som er på tur i området, bør ein unngå motorferdsel søndagar og heilagdagane.

Det er registrert lite ulovleg motorferdsel i Nærøyfjordområdet etter opprettinga av verneområda. Det er naudsynt at oppsynet følgjer utviklinga og at vilkår ved dispensasjonar vert haldne.

Ferdsle på fjorden

Sidan det er gjeve generelt unnatak for motorbåtferdsle på fjorden, er det viktig å ha ein god dialog med dei som opererer fartøy som kan føre til problem med støy, forureining og belastning på strandsona. På strekninga Bleiklindi – Skalmenes er det 8 knop fartsgrense for båtar større enn 30 fot fordi bølgeerosjon gjev utvasking i strandsona og utrasing av steinmurane på postvegen Bleiklindi-Styvi. Isbryting om vinteren er viktig for tilkomst til Styvi og Dyrdal. Både for reiseliv og lokalbefolkning er det eit mål å ha god kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet på rutegåande båtar. I periodar med is på fjorden er det viktig for reiseliv og busetnad at heile strekninga til Gudvangen vert halden open for båttrafikk.

Traktorløyper

I verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde er det opna for å vurdere om det skal kunne gjevast løyve til enkle traktorløyper i utmark for uttak av trevirke og i beitebrukssamanheng. Ei traktorløype er eit tiltak som ikkje krev anleggsarbeid, slik at det kan skiljast frå det som vert definert som klasse landbruksveg (jfr. forskrift om veger for landbruksføremål av 01.10.97.). Traktorløypene skal vidare vere til mellombels bruk. Dvs. et dei skal kunne nyttast ein eller nokre sesongar i samband med uttak av t.d. ved til stølsdrift eller rydding av beitemark. Etter avslutta arbeid skal løypene få gro att. Omfanget av køyring på den einskilde traktorløypa skal fastsettast i løyvet.

Bruk av 4 og 6-hjuls terrenggåande motorsyklar vert vurdert på same måte som traktor.

Snøskuter

Det er eit mål å halde motorferdsel og bruk av snøskuter på eit lågt nivå. Formålet med transporten vil vere avgjerande for vurderinga om det skal gjevast løyve eller ikkje. Samstundes er det viktig at stølshus o.l. vert vedlikehaldne. Verneforskrifta i landskapsvernområda opnar for naudsynt transport på vinterføre i samband med landbruksdrift (frakting av ved/hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar). Transport til vøling av stølar som vert nytta til aktiv landbruksdrift (støling eller jamleg tilsyn av beitedyr) krev heller ikkje spesielt løyve. Vøling av stølar som ikkje nyttast aktivt til landbruk kjem derimot ikkje inn under unnataket frå forbodet mot motor-

ferdsle. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til denne transporten. Naudsynt transport av materialar og utstyr til fjellstyret si hytte i Storebotnen treng ikkje særskilt løyve. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til snøskutertransport av materialar til hytter og bruer, og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stolar (verneforskrifta for Bleia-Storebotnen LVO pkt IV, 2.3).

Før evt. køyring finner stad, skal det og innhentast løyve hjå kommunane. Det er ikkje heimel i verneforskriftene (og heller ikkje etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag) for å gje løyve til bruk av snøskuter for å kunne feriere på hytte/stølsbus.

Helikopter

Turistflyging med helikopter vert ikkje akseptert innanfor verneområda. Forbodet gjeld 300 m over bakken, dvs. innanfor ei grense på 300 meter både vertikalt og horisontalt i høve til landskapet.

Det inneber at det til dømes innover i Nærøydalen vil vere vanskeleg å drive turistflyging nede i dalføret. Av omsyn til naturen og folk som ferdast i området bør bruken av helikopter haldast på eit lågast mogleg nivå, både i fjellet og i dei tronge dalane. I tronge dalar er lyden av helikopter ekstra kraftig, medan i fjellet kan lyden frå helikopter høyrast over lange avstandar.

Aurland kommune har i eit brev til Luftfartstilsynet bede om at tilsynet vurderer, evt. innfører, konsesjonsplikt for start/landing med luftfartøy i området Gudvangen/Nærøydalen – grense Voss kommune. Bakgrunnen for dette er støypproblem med bruk av helikopter i området generelt, med ei rekkje kritiske innspel frå lokalt hald.

Helikoptertransport har blitt nytta i samband med arrangementet Ekstremsportveko ved basehopping frå Nebbet i Nærøydalen ein dag i løpet av den årlege Ekstremsportveko på Voss sidan 1998². I Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag § 6 står det;

”Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven”.

I nasjonal forskrift av 14.03.1988 til Lov om Motorferdsel i utmark og vassdrag forbod mot helikopterskiing og liknande der det heiter at

”Kommunens myndighet etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag 10.juni 1977nr. 82 § 5 bokstav b til å gi forskrift om adgang til landing og start med luftfartøy på bestemte steder i utmark og vassdrag, er begrenset på følgende måte: det er ikke adgang til å legge ut til landingsplasser på fjelltopper, utsiktspunkter, breer og andre liknende steder, som bare har interesse i forbindelse med helikopterskiing, for kortvarig opphold, som utgangspunkt for dagsturer, eller for liknende formål.”

Ved handsaming av søknad om løyve som ikkje har direkte heimel i verneforskrifta er det to instansar som skal handsama saka:

- Aurland kommune avgjer om det skal gjevast løyve til bruk av helikopter for basehopping under Ekstremsportveko etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Aurland kommune har dei siste åra gjeve løyve til dette føremålet for ein dag.

² Voss kommune tok våren 2003 eit initiativ overfor Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for å få Miljøverndepartementet (MD) til å vurdere helikopterflyging under Ekstremsportveko i høve til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og tilhøyrande forskrifter. MD vurderer dette i eit brev av 11.09.2003, og skriv at ”det er særlig hvorvidt et slikt arrangement i seg selv har et turformål som er avgjørende. Så lenge et slikt arrangement er av kortvarig karakter med oppvisning/ konkurranse som primært innhold, er departementet av den oppfatning at Nasjonal forskrift §6 åpner en mulighet for tillatelse til helikoptertransport ved ekstremsportarrangementer. I henhold til forskriften kan kommunestyret i unntakstilfelle gi tillatelse til kjøring dersom søker påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring”. Dette er seinare presisert i eit brev av 02.03.2004 frå Direktoratet for naturforvaltning (med omsyn til kommunan si handsaming etter § 6 i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag).

- Fylkesmannen skal som forvaltningsstyresmakt avgjere om det skal gjevast løyve i medhald av verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Fylkesmannen har dei siste åra gjeve eit slikt løyve for ein dag . Mykje av bakgrunnen for eit løyve til Ekstremsportveko er at aktiviteten var etablert før verneområdet vart oppretta.

Ved vurdering av eventuelt løyve til Ekstremsportveko i framtida, bør det leggjast til grunn lik praksis med anna kommersiell helikopterflyging som ikkje er del av stadbunden næring, jf. ei i utgangpunktet streng haldning til helikopterflyging i området. Som etablert før opprettinga av Nærøyfjorden landskapsvernområde er det mykje som talar for at arrangementet kan få fornya løyve til helikoptertransport til Nebbet, avgrensa til ein dag som i 2005. Det er då avgjerande viktig at bruken av helikopter i samband med Ekstremsportveko/Nebbet ikkje vert vurdert å kome i konflikt med Verdsarvstatus for Nærøyfjordområdet. Det må understrekast at sjølve basehoppinga ikkje er i strid med verneforskrifta.

Bruk av helikopter og ATV i samband med landbruk og jakt

Helikopter kan nyttast i samband med landbruksdrift i området. I mange tilfelle vil helikopter vere den mest skånsame måten å frakte material, utstyr og liknande inn i eller ut av området, ikkje minst til stølar og hytter. Naudsynt transport i landbruket vert definert som når det ikkje er andre moglegheiter, som t.d. ved frakt av sjuke dyr. Då skal transport meldast oppsynet på førehand. Elles må det søkjast om løyve.

Dersom føremålet med transporten er med å fremje ein god forvaltning av området (t.d. skjøtsel av kultur-landskap, kulturmiljø) vil det kunne vurderast å gje tilskot til transport.

Jakt vert definert som ein aktivitet innan friluftsliv, noko som pr. definisjon er umotorisert. Difor skal jaktutbyttet som ein hovudregel alltid fraktast ut utan bruk av motorisert transport. Bruk av helikopter i samband med uttak av jaktutbytte vil det difor vere ein høg terskel for å få løyve til. Unntak vil berre vere aktuelt ved sær s vanskelege tilhøve. Det vil seie at det må vurderast direkte under § 4 i forskriftene ("ikkje i strid med formålet med vernet"). Grunnlag for vurdering kan vere i ekstremt bratt og vanskeleg terreng, eller ved ekstremt vanskelege vértilhøve, t.d. snøfall kombinert med vanskeleg og terreng og store avstandar. Det er gjeve eit slikt (fleirårig) løyve pr. november 2007.

Det er forbod mot barmarkstransport ved uttransport av felt storvilt i verneområda. Det vil ikkje vere aktuelt å tillate ATV for utfrakt av jaktutbytte, fordi slike barmarkkøyretøy gjev sporskader i terrenget og på vegetasjon.

I verneforskrifta for Bleia naturreservat er det på bakgrunn av innspel før kgl. res. gjeve opning for at det kan gjevast løyve til bruk av beltegåande "elgtrekk" i området frå Roti til Sovastubbene for utfraktning av felt hjortevilt. Området er bratt. Føresetnaden for eit evt. løyve er at denne bruken ikkje lagar sår i terrenget som utviklar seg til traktorveg e.l.

Tilsyn med installasjonar innanfor vernegrensene

Statkraft har dispensasjon frå vernereglane i Nærøyfjorden landskapsvernområde for motorferdsle for naudsynt inspeksjon og tilsyn av vassinntak i Vik. Drifta av anlegga skjer i medhald av vilkåra som gjeld for konsesjonen gjeve etter Vassdragsreguleringslova. Kystverket har høve til motorisert ferdsel på fjorden i samband med drift og vedlikehald av sine anlegg.

Statnett kan gjennomføre naudsynt motorferdsel på vinterføre og med helikopter i samband med drift/tilsyn og vedlikehald av den 300 kV kraftlinja som går gjennom Bleia – Storebotnen landskapsvernområde.

Søknad om dispensasjon

Med bakgrunn i verneforskriftene bør det i utgangpunktet vere ein streng dispensasjonspraksis for motorferdsel. Følgjande vurderingar/føresetnader/vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:

- a) Søknaden skal vere skriftleg.
- b) Det vil vere vanskelegare å få dispensasjon til dei områda og til dei årstidene då det er mange som ferdast i området (til dømes i fellesferiar, høgtider og helger).

- c) Dispensasjon for barmarkskøyning vil som hovudregel ikkje bli gjeve.
- d) Transportbehova skal samordnast.
- e) Til (avsidesliggjande) stølar vil ofte det mest rasjonelle vere å frakte materialar, proviant og utstyr i større omfang med helikopter.
- f) Transportbehov i samband med drift av turisthytte og fjellstyrehytter, vinterstikking av skiløyper (tiltak som legg høva til rette for ålmenta) og til landbruksformål vil kunne bli gjeve for fleire år. Dette føreset ei god samordning, informasjon og attendemelding. Av omsyn til andre brukarinteresser har dei som får slike løyve eit stort ansvar.
- g) Det kan vere aktuelt å gje dispensasjon i samband med forskning og vitenskaplege undersøkingar. Slike behov må dokumenterast.
- h) Landing med og transport av personar i verneområda er i utgangspunktet forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve. Det same gjeld transport av mat, proviant og utstyr i samband med fjellturar.
- i) Motorferdsel i samband med ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiføremål er i følgje verneforskriftene lov. Redningsøvingar som treng bruk av motoriserte kjøretøy, skal i størst mogleg grad leggjast utanom verneområda. I dei høva det er naudsynt å ha slike øvingar i verneområde, skal desse vere i regi av lensmannen. I alle høve skal øvingane godkjennast av forvaltningsstyresmakta.
- j) Løyve til øvingskøyning i verneområda vil ikkje bli gjeve. Øvingskøyning må leggjast til andre område. Køyning som eventuelt må skje innanfor området for å halde oppe beredskapen i høve til redningsoperasjonar vil bli vurdert i kvart enkelt høve.
- k) Det vil vere vanskelegare å få løyve til motorisert ferdsel i vernesone enn i brukszone
- l) Etter all motorferdsel i verneområda skal det gjevast skriftleg tilbakemelding til forvaltningsstyresmakta.
- m) Det kan vere aktuelt å gi fleirårig løyve til motorferdsel når det er faste årlege transportbehov som er dokumenterte og vert sett på som uproblematisk i høve til vernet.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Avgrense omfanget av motorisert ferdsel i verneområda til det som er strengt nødvendig. Oppmode kommunane til å gjennomgå praktisering av regelverket i, og i nærområda til Nærøyfjordområdet.

Tiltak

- > Ta initiativ til, i samarbeid med kommunane, å etablere gode rutinar for å samordne og redusere motorferdsel som er i området i dag
- > Utarbeide informasjon om reglar og dispensasjonskrav i samband med motorferdsel
- > Ulovleg motorferdsel i verneområda skal meldast til politiet
- > Om mogleg unngå motorferdsel på søndagar og heilagdagane
- > Følgje opp at fartsgrensa på 8 knop for båtar over 30 fot på strekninga Skalmenes – Bleiklindi vert overhalden

4.10. Forsvaret

Innleiing - kva seier forskriftene?

Mjølfjell skytefelt er næraste nabo til landskapsvernområdet i vest. Det er eit generelt unntak i verneområde for militær operativ verksemd. I Nærøyfjorden landskapsvernområde er forskrifta ikkje til hinder for militær lågtflyging eller motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterande sikringssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

Militær lågtflyging er unnateke forbodet mot lågtflyging under 300 m over bakken i alle verneområda.

Problemstillingar

Skytefeltet i Raundalen. Om lag 11 km² av sikringssona til skytefeltet ligg innanfor grensene til Nærøyfjorden landskapsvernområde. Forskriftene for landskapsvernområdet er tilpassa aktiviteten i dag. Det er ikkje trong for endring av dette.

Forvaltningsmål/retningslinjer

Medverke til at Forsvaret sine aktivitetar i området får minst mogleg uheldig påverknad på verneområda, og at aktiviteten skjer i samsvar med verneforskriftene.

Tiltak

- Bidra til god informasjonsflyt mellom Forsvaret og forvaltningsstyresmaktene
- Ta del i informasjonsverksemd retta mot ålmenta om militær øvingsaktivitet i området, avgrensingane av sikringssoner m.m.

4.11. Vasskraft og straumforsyning

Innleiing - kva seier forskriftene?

7 vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging kjem i berøring med Nærøyfjordområdet. Det gjeld Vossovassdraget, Flåmsvassdraget, Undredalselvi, Dyrdalselvi, Nisedalselvi, Kolarelvi og Nærøydalselva (utanom Jorddalselvi), som alle er varig verna mot kraftutbygging. Det er utarbeidd forvaltningsplan for Flåmsvassdraget, vedteken som kommunedelplan (Aurland kommune 2000).

I forskriftene for landskapsverneområda vil tiltak som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter vere forbode. Vasskraftutbygging i eit landskapsvernområde vil difor vere underlagt ei streng vurdering av omsyn til ålmenne interesser knytt til vernet. I naturreservat er nye inngrep forbodne og vere underlagt ei svært streng vurdering.

Problemstillingar

Dei kvartærgeologiske prosessane knytt til urørde elver er ein sentral del av grunnlaget for Verdsarvstatus, og dette gjeld ikkje minst vassdrag og elver. Etter at isen forsvann, er det i kvartærgeologisk samanheng mykje det frie vatnet i elver og bekkar som formar landskapet. At det i området framleis finst heile drenerings-system utan inngrep, der erosjons- og landformingsprosessane går naturleg, er unikt. Det er difor avgjerande at bygging av minikraftverk med tilhøyrande kraftlinjer ikkje fører til at prosessane vert endra eller kjem i konflikt med desse kvalitetane og prosessane.

I høve til vassressurslova skal alle vassdragstiltak i verneområde først handsamast etter reglane for verneområdet. Forvaltningsstyresmakta for verneområda kan ut frå omsynet til natur og ålmenne interesser godkjenne eller avslå tiltaket med heimel i naturvernlova. Løyve vil truleg vere eit unntak. Dersom tiltaket får løyve etter verneforskrifta, vil det vere aktuelt å tilrå for vassdragsstyresmakta (NVE) at tiltaket krev konsesjon i samsvar med vassressurslova § 8. Alle inngrep i vassdrag må også vurderast av kommunen i høve til reglane i plan- og bygningslova.

Det er interesse for å planlegge mikro- og minikraftverk i planområdet. Nær busette område vil gjerne sjølve straumaggregatet, linjenettet m.v. ligge utanfor verneområda. Dei største inngrepa i landskapet vil som regel vere knytt til bygging av anleggstrase, inntaksdam og røyrgate. Dessutan er det vesentleg at vassføringa ikkje vert særleg redusert i elva.

Bygging av mikrokraftverk til å forsyne eigen gard med straum kan gje grunn for dispensasjon dersom tiltaket ikkje fører til inngrep i landskapet utover inntak og leidning og ikkje endrar landskapsbiletet. Landskapsmessig kan det vere ein gevinst dersom t.d. lange linjestrekk for tilførsle av straum kan fjernast etter bygging.

Bygging av minikraftverk innafor verneområdet med tanke på å eksportere kraft, vil ikkje kunne sameinast med verneføremålet i eit landskapsvernområde. Framføring av nye luftleidningar gjennom verneområde for overføring av straum vil ikkje kunne sameinast med verneføremåla.

Alle søknader om utnytting av vasskraft skal vurderast etter vassressurslova.

Eventuell oppgradering av kraftlinjer må vurderast konkret i høve verneforskriftene. For Statnett si 300 kV

linje gjennom Bleia - Storebotnen landskapsvernområde vil oppgradering bli vurdert m.o.t. om denne i tilfelle er viktig for storsamfunnet, dvs. nasjonalt, jf verneforskrifta § 5 "av vesentleg verdi for samfunnet". Oppgradering av kraftlinjer som fører til endra landskapsbilete, må konsekvensvurderast m.a. som følgje av verdsarvstatusen.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Vassdrag skal takast vare på og renne naturleg. Ein skal unngå inngrep i og i nærleiken av vassdrag i verneområda. Mini- og mikro kraftverk utanfor verneområda kan berre få konsesjon dersom det ikkje kjem i konflikt med kvartærgeologiske prosessar.

Tiltak

- Registrere og overvake vassdraga (inngrep) i verneområda

4.12. Media

Innleiing - kva seier forskriftene?

Dette temaet er ikkje omtalt særskilt i verneforskriftene.

Problemstillingar

Området sine framstående natur- og kulturverdiar gjer det til eit mykje nytta mål for norske og internasjonale media. Det er på mange måtar positivt at norske og utanlandske media ser på Nærøyfjordområdet som interessant for dei. I mange tilfelle vil det vere trong for transport av utstyr og personell inn i verneområdet. Det omfattande tilbodet med båtar på fjorden gjer det enkelt å frakte utstyr på fjorden, og bruk av motorbåt på fjorden er tillate.

Løyve til transportoppdrag for mediaføremål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervisning som føremål, få dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel. Reklamefilming som krev dispensasjon for motorferdsel skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende eller arrangement som blir vurdert som viktige.

Forvaltningsmål/retningslinjer

Ivareta og medverke til at ålmenta sine interesser og trong for informasjon om eit framstående landskapsområde i internasjonal samanheng utan at det fører til at verdiane vert redusert eller kjem i konflikt med verneformåla.

Tiltak

- Yte hjelp til dei som ønskjer å gjere medieopptak, til å finne fram til brukbare lokalitetar både ut frå deira ønskje og ut frå omsyn til naturmiljøet (slitasje, bruk av eksisterande infrastruktur m.o.t. transport m.m.)

4.13. Forsking og undervisning

Innleiing - kva seier forskriftene?

Områdevern etter Naturvernlova gjev godt grunnlag for å drive forskning og undervisning. Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskriftene når føremålet med vernet krev det, mellom anna til vitskaplege undersøkingar.

Problemstillingar

Etter verneformål og vernereglane skal det innanfor områda i liten grad skje tiltak og aktivitetar som endrar naturmiljøet. Dette gjev gode føresetnader for å ha referanseområde for forskning om endringar i naturen, t.d.

vegetasjonssuksesjon og langtransportert forureining. Utfordringa her er at forskinga ikkje medføra tekniske inngrep og spor i landskapet, og vere i tråd med verneformålet som å gje auka kunnskap om verneområdet. Også for forskning må nytten vurderast opp mot eventuelle ulemper, t.d motorferdsel og eventuelle inngrep . Forsking knytt til friluftsliv, landskapsoppleving og naturbasert reisleiv vil og vere aktuelt i Nærøyfjordområdet.

Undervising som formidlar kunnskap om naturmiljøet og naturvern og gjev auka forståing om naturvern er positivt, men med atterhald om at ferdsla ikkje går ut over naturverdiane. Til vanleg er det mogleg å unngå dette. Stalheim og Nærøydalen nyttast alt i dag til undervisningsområde innan geologi. Mellom anna har Universitetet i Bergen årlege ekskursjonar hit.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Forsking er i utgangspunktet positivt. For forskingsprosjekt som medfører inngrep og motorferdsel skal nytte og føremoner bli vurdert opp mot ulempene.

Tiltak

- Gje innspel til aktuelle forskingsprosjekt og undervisningsemne
- Registrere alle spor etter tidlegare aktivitet i området (på kart og bilete)
- Bidra med informasjon og tilrettelegging for faglege ekskursjonar og undervisningsgrupper i den grad det er kapasitet til det.

4.14. Informasjon

Innleiing

Informasjon vert ikkje særskilt omtala i verneforskriftene men er ein særskilt viktig del av forvaltninga av området. Formidling av natur- og kulturkunnskap er eit av fleire tiltak som Verdsarvkonvensjonen støttar opp om. Informasjon bør formidlast på infotavler, gjennom brosjyrar og bøker i tillegg til plakatar og utstillingar på turistinfo, reiselivsbedrifter og på ferjene. Informasjon om Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjordområdet skal vere tilgjengeleg på internett med ein eigen felles nettportal.

Problemstillingar

Nærøyfjordområdet har stor tilstrøyming av tilreisande og turistar. Informasjon og formidling er såleis svært viktig. Informasjonen må ha god kvalitet og vere lett tilgjengeleg.

Alle verneområda skal vere merkt i grensepunkta (jf. grenseskildring for kvart verneområde). Der mykje brukte stiar kryssar vernegrensa skal det setjast opp standard informasjonsskilt om verneområdet.

Ved dei viktigaste innfallsportane til Verdsarvområdet og verneområda bør det vere informasjon for dei tilreisande. Det er laga ei felles informasjonsplakat om Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med omtale av dei to delområda Nærøyfjorden og Geirangerfjorden (sjå baksida på forvaltningsplanen). Denne plakaten vil bli sett opp i 2008 I tillegg vil det bli laga lokale informasjonsplakatar med same design.

Det er laga ein eigen informasjonsbrosjyre om Nærøyfjorden landskapsvernområde (2003). Riksantikvaren har i sin serie om norske verdsarvstader laga (2005) ein brosjyre om Vestnorsk fjordlandskap med omtale av Nærøyfjorden og Geirangerfjorden. Brosjyren er utgjeven på norsk og engelsk. Denne brosjyren er den viktigaste om Vestnorsk fjordlandskap.

Ved dei viktigaste bilvegane inn i området (E 16 mellom Bergen og Oslo) og på sentrale stader bør det setjast opp informasjonstavler i stort format (90cmx120cm, standard format for Nasjonal turistveg, sjå baksida på denne rapporten for Nærøyfjordversjonen) om Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Det gjeld (liste utarbeidd i samarbeid med kommunane)

- Voss
- Stalheimsfossen

- Nærøydalen rasteplass fylkesgrensa
- Gudvangen
- Flåm
- Undredal
- Aurlandsvangen
- Stegastein (nasjonal turistveg)
- Sluppen i Erdalen (Lærdal kommune)
- Fresvik
- Vik
- Lærdalsøyri
- Kaupanger ferjekai (båtmuseum)
- Myrdal

Det bør og setjast opp mindre informasjonstavler (50 cm x 70 cm) ved innfallsportar for fotturar i Nærøyfjordområdet, både med informasjon om verdsarvområdet og meir lokal verdsarvinformasjon. Arbeidet med å lage desse plakatane startar vinteren 2008. Dei viktigaste innfallsportane til Nærøyfjordområdet til fots er:

- Øvsthusdalen (P-plass) frå Stalheim (Voss kommune)
- Ljossanddalen (P-plass) ved Mjølfjell (Voss kommune)
- Upsete (Aurland kommune)
- Fresvik-Jordalen (infoplass ved Øvstedalsvatnet) (Vik kommune)
- Engi (P-plass) i Fresvik (Vik kommune)
- Skard (P-plass) i Fresvik (Vik kommune)
- Frønningen (ferjekai) (Lærdal kommune)
- Ljosdalen i Flåm (Aurland kommune)
- Jonadalen i Undredal (Aurland kommune)
- Soleibakkane på Aurlandsfjellet (Aurland kommune)
- Vindedalen i Lærdal

I tillegg bør slik informasjon finst ved tilkomst til verneområda frå båt i Nærøyfjorden, følgjande stader:

- Dyrdal
- Styvi
- Bakka

Verdsarvplaketten i messing, som det er 11 stk. av skal setjast opp etter ein plan godkjend av Miljøverndepartementet, innafor eller på grensa på verdsarvområdet. Det er framlegg om følgjande stader:

- Aurlandsvangen
- Flåm
- Fronnes
- Undredal
- Nordheimsdalen
- Dyrdal
- Styvi (er sett opp i 2007)
- Bakka (er sett opp i samband med avduking under opningshøgtid 10. juni 2006)
- Gudvangen
- Stalheim
- Engi i Fresvik
- Hausen i Lærdal

Grindaflethytta (DNT Oslo og omegn/Voss utferdslag) er ein ålment tilgjengeleg overnattingshytte sentralt i området, og informasjonsplakaten om verdsarvområdet bør difor finnast her. Det bør også vere informasjon på andre opne hytter og på overnattingsstader i verneområda, som i Storebotnhytta og på Stigen, og på hotell og overnattingsstader elles som ønskjer det. Plakaten vil også vere aktuell på ferjer i området.

Forvaltningsapparatet kan ikkje sjølv utføre informasjon/rettleiing for alle dei som vitjar området. Det meste



Verdsarvplaketten på Bakka som vart avduka av Dronning Sonja 10. juni 2006. Foto: Tom Dybwad

av informasjonen må andre stå for, t.d. turistkontor, turisthytter og dei som driv turistføring/organiserte turar. Det er viktig at informasjonen som andre gjev, blir rett og god. For å medverke til dette bør det haldast seminar for dei som formidlar informasjon.

Informasjonsfilm: Verdsarvrådet ønskjer å få laga ein høgkvalitet presentasjons- og informasjonsfilm om Vestnorsk fjordlandskap til bruk i info.sentra eller kulturhus i kommunane. Filmen er og tenkt nytta som ein "base" tilgjengeleg for andre, slik som td. ulike selskap som ønskjer å lage reklamefilm i området eller media generelt. Dette kan også medverke til å avgrense behovet for motorferdsel i området. Delar av filmen kan vere tilgjengeleg på nettsida til verdsarvområdet ("smakebit") eller kan seljast (DVD) til inntekt for forvaltninga av området.

Kart: Eit godt kart er viktig både for å formidle informasjon om natur- og kulturverdiar i Nærøyfjordområdet, og å få fleire til å gå tur i området og dermed overnatte. I 2006 vart det difor i samarbeid mellom kommunane, reiselivslaga og fylkesmennene laga eit turkart i 1:50 000 for heile verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Kartet er gjeve ut i turkartserien til Ugland IT Group.

Internett: Det skal lagast ein felles nettportal for Vestnorsk fjordlandskap med både natur- og kulturinformasjon frå området, om reiselivstilbod, om kva som skjer, og med nyhende. Formålet er å få samla all viktig informasjon frå verdsarvområdet.

Forvaltningsmål/ retningslinjer:

God informasjon skal vere lett tilgjengeleg for lokalbefolkning, tilreisande og til dei som sjølve formidlar informasjon/kunnskap om Nærøyfjordområdet.

Tiltak:

- > Gje informasjon om naturreservata og landskapsvernområda til grunneigarar, lokalmiljøa, organisasjonar, brukarar av området og til dei som sjølve formidlar informasjon, m.a. turistkontora
- > Lage ein strategi for informasjonsarbeid
- > Lage infomateriell som brosjyrar, plakatar, biletseriar og kart
- > Setje opp og halde vedlike informasjonsplakatar der desse trengst (etter plan)
- > Gje tilbod om skulering av dei som formidlar informasjon om og i området
- > Utvikle samarbeid med aktuelle lag og organisasjonar med tanke på informasjon
- > Det skal utviklast ein felles internettportal for Vestnorsk fjordlandskap



Miljøverndepartementet sitt standardskilt om landskapsvernområde

4.15. Forsøpling og ureining

Innleiing - kva seier forskriftene?

Forsøpling og ureining er forbode i verneområda.

Problemstillingar

Forsøpling og ureining er problem nokre få stader.

Det bør finnast toalett i strandområde der mykje padlarar og annan båttrafikk går i land. Pr. sommaren 2006 er det offentleg toalett i Flåm, Aurland, Undredal, Styvi og Gudvangen. I tillegg er det sett opp 3 utedoar (gamaldass) langs fjorden: på Skalmenes, på Odnes og på Holmo. Det blir vurdert å setje opp toalett i Salthella, på Fronnes og på Stokko.

Føresetnaden for å sette opp utedo er at det blir ført tilsyn med dei. Det må på førehand avklarast kven som har ansvar for vedlikehald og tømning av utedo, og samstundes bør det lagast ein plan for tiltaket.



Utedoen på Skalmenes står litt skjult bak ein stor stein, der alle gjekk før det kom ein utedo her. Foto: Tom Dybwad

Røynsler frå andre stader tilseier at det ikkje er aktuelt å setje opp søppelkassar og liknande ute i naturen, fordi desse blir oppsamlingsstader der folk tømmer "alt dei har av søppel", noko som fører til at det blir spreidd omkring av vinden.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Unngå forsøpling i området

Tiltak

➤ Føre opp utedo der det syner seg naudsynt, og føre tilsyn med desse.

4.16. Anna

Det er låssettingsplassar for bruk i fiske innanfor grensa til verdsarvområdet. Det er viktig at fiskarar får halde fram å bruke desse.

Det er ikkje mobildekning i heile verdsarvområdet, og å dekkje heile området vil krevje mange mobilmaster, dvs. mange inngrep. Å setje opp telemaster rundt omkring på mange fjelltoppar vil vere i konflikt med å ta vare på naturen i Nærøyfjordområdet. Det er såleis lite aktuelt med full mobildekning, men det vil vere ønskjeleg med dekning i bygdene og langs rutene der det ferdast mange folk.

Etter at Telenor etter løyve (2005) sett opp ein reflektor under Kalvsnesnosi, og mobilmaster i Dyrdal og på Bakka, er det no mobildekning i Nærøyfjorden og dei aller fleste stadene der den store turiststraumen ferdast. Dette saman med framtidig satelittdekning gjer det lite aktuelt å byggje mobiltelefonmaster for å dekkje heile verdsarvområdet.

5. Tilrådingar til arealbruk i busettingsområde

5.1. Innleiing

Forvaltningsplanen omfattar alt areal som har fått verdsarvstatus. Det inneber og at nokre busette område som er omslutta av verneområde er med i forvaltningsgrunnlaget. Desse områda er ikkje underlagt saks- handsaming etter Naturvernlov eller verneforskrifter. Plan - og bygningslova er her overordna lovverk for bruk og vern av ressursar og utbygging. Det er kommunen som har forvaltningsmynde i desse områda og som avgjer dispensasjonssaker, byggesaker og – dersom ikkje statleg fagstyresmakt eller fylkeskommunen har motsegn - har eigengodkjenning av kommuneplanar og reguleringsplanar.

Busettingsområda er også underlagt anna lovverk.

Fylgjande busettingsområde inngår i forvaltningsgrunnlaget for Verdsarvområdet:

- Gudvangen og Nærøydalen, Aurland kommune
- Gardane Sivlesøyne og Stalheimsøyne i Nærøydalen, Voss kommune
- Bakka, Aurland kommune
- Dyrdal, Aurland kommune
- Undredal, Aurland kommune
- Breisnes, Aurland kommune

I tillegg er delar av Aurlandsfjorden ikkje med i verneområda, men med i verdsarvområdet.

I alt bur kring 250 menneske innafor grensene for verdsarvområdet i Nærøyfjorden, og om lag halvparten av dei i Undredal. Dei busette områda utgjer ein viktig del av området med Verdsarvstatus. Vonleg vil ein slik status vere positivt for å ivareta kvalitetane i desse områda. Levande bygder er såleis ein viktig del av verdsarvstatusen, og dermed for utviklinga av reiselivet i området.



Ramsøy sett frå ferja utafor Gudvangen, i den tida garden var i drift. Det er ei viktig utfordring å hjelpe til med å halde landskap og bygningsmiljø i slike område i hevd. Foto: Morten Clemetsen

5.2. Aktuelle lover

Lovverk og forskrifter er sentrale styringsverktøy for kommunane i arealforvaltning og planlegging. I det følgjande er omtalt nokre sentrale lover:

Plan- og bygningslova

Føremålet til Plan og bygningslova (§ 2):

"Planlegging etter loven skal legge til rette for samordning av statlig, fylkeskommunal og kommunal virksomhet og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser, utbygging, samt å sikre estetiske hensyn. Gjennom planlegging og ved særskilte krav til det enkelte byggetiltak skal loven legge til rette for at arealbruk og bebyggelse blir til størst mulig gavn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegging etter loven her skal det spesielt legges til rette for å sikre barn gode oppvekstvilkår."

Dette inneber at lova skal ivareta naturvernomsyn saman med andre arealbruksføremål. Lova er difor eit heilt sentralt verkemiddel i naturforvaltninga. Lova skal sikre at naturforvaltningsinteressene kjem med i planvurderingar, også når areal og naturressursar er planlagt disponert til andre føremål. Sjølv om det ikkje er sagt direkte i føremålet, kan ein forstå lova slik at den skal fremje ei berekraftig utvikling.

Anna lovverk

- Lov om friluftslivet av 28.06.1957, mellom anna for å sikre ålmenta rett til ferdsle og opphald i naturen
- Lov om jord (jordlova) av 12.05.1995, når det gjeld tiltak i landbruket som t.d. nydyrking, driftsvegar m.m.
- Lov om kulturminner av 09.06.1978. Omfattar verkemiddel for å kunne sikre viktige kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne frå før 1537 og bygningar frå før 1650 er automatisk freda.
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977 når det gjeld bruk av motorkøyretøy i utmark og vassdrag.
- Lov om skogbruk og skogvern av 21.05.1965. I lova er det mellom anna agt vekt på skogen sin verdi for plante- og dyreliv, rekreasjon og landskapsbilete. Lova regulerer og bygging av skogsvegar,
- Lov om vassdrag og grunnvann (vassressurslova) av 24.11.2000
- Viltlova av 29.05.1981.
- Laks- og innlandsfiskeleva av 15.05.1992

5.3. Gjeldande kommunale planar

Arealplanar

For Gudvangen/ Nærøydalen, Bakka/Tufto, Dyrdal Breisnes og Undredal gjeld kommuneplanen for Aurland (1991 – 2000). Herunder føreligg og nokre meir detaljerte delplanar:

- Kommuneplan for Lærdal 1991-2002, godkjend 1990
- Kommuneplan for Voss 2007-2018, godkjend 2007
- Kommuneplan for Aurland 1991 – 2000, godkjend 1990 (revisjon av arealdelen startar i 2007)
- Kommuneplan for Vik 2005 – 2008, godkjend 2005
- Soneplan (kommunedelplan) for Gudvangen – Hylland. Størstedelen av området er LNF område.
- Kommunedelplan for Gudvangen – Bakka (1999). Ein rein vegplan for den rasutsette vegstrekninga mellom Gudvangen og Bakka, utarbeidd av Statens Vegvesen.
- Kommunedelplan for fylkesveg 241 (1993).
- Reguleringsplan for Undredal (1995). Planen gjeld sentrumsområda og tek i stor grad omsyn til å sikre landskapskvalitetane på staden og legge til rette for bustadbygging i sentrum.
- Reguleringsplan for Gudvangen (1988). Overordna mål for planen er styrking av eksisterande arbeidsplassar og ynskje om auka aktivitet. I retningslinene nemnast det mellom anna at Gudvangen og i framtida skal ha preg av ein tettstad som ligg til sjøen.
- Reguleringsplan for Skjerping (1983). I hovudsak regulering av bustadfelt.
- Reguleringsplan E16 Glashammarbrui – Holmen bru m/ rasteplassar (Statens vegvesen, til godkjenning)

For Stalheimsøyni og Sivlesøyni inst i Nærøydalen gjeld Kommuneplan for Voss 2007 – 2018.

For Flåmsvassdraget er det utarbeidd eigen forvaltningsplan, vedteken av Aurland kommune i 2001.

Aktuelle tematiske kommunedelplanar

- Handlingsplan for kulturminnevern i Aurland, vedteken 1991
- Kommunedelplan for kulturlandskapet i Flåm og Flåmsdalen., vedteken 1994
- Handlingsplan for natur- og landskapsforvaltninga i Aurland kommune, vedteken 1998
- Kommuneplan for kulturminne i Voss 2004-2007, vedteken 2004
- Handlingsplan for friluftsliv i Voss, vedteken 2001

5.4. Vurdering av tiltak i busettingsområde

Landbruk og kulturlandskap

Problemstillingar

Landbruk er dominerande arealbruk i busettingsområda. Gardstun, stolar, dyrkamark, slåttemark og beite utgjer ein vesentleg del av landskapets særpreg og karakter. Ei god forvaltning av desse områda vil ha stor verknad for landskapsbilete og opplevingsverdi i heile landskapet. I Gudvangen og Nærøydalen er det husdyrhald med mjølkeku og sau. På Bakka geitehald og på Breisnes sauehald. I Undredal er det eit aktiv geitemiljø med stølsdrift på Langhuso og fellesysteri på Melhus. Slåttemark og åkerteigar langs moreneterrassane i nedre del av dalføret er karakteristiske for Undredal og særst viktige at vert haldne opne og i drift.

Dyrdal vart fråflytt i 2002. Det har vore eit aktivt landbruk i denne grenda fram til få år før fråflytting. Gjengroinga har difor førebels ikkje dominerande på innmark og i sentrale område elles kring gardstun og bygningar. Det er også viktig at bygningsmiljøet vert teke vare på.



Frå bygningsmiljøet i Dyrdal. Foto: Tom Dybwad



*Frå Tufto i Nærøyfjorden. Grensene mellom verneområde og busetjingsområde er ikkje lett å markere i terrenget. Alt landbruksareal i busetjingsområda må sjåast på som viktig kulturlandskap som bør haldast vedlike i framtida gjennom drift.
Foto: Tom Dybwad*

Kulturlandskapet i bygdene/grenden inngår som ein viktig del av landskapsopplevingane i det foreslåtte Verdsarvområdet for Nærøyfjorden. Det bør lagast planar (reguleringsplan/ kommunedelplan/skjøtselsplan/stadanalyse) for fleire av grendene som ligg i verdsarvområdet og som ikkje ligg i verneområda. Arbeidet med ein reguleringsplan (med stadanalyse) for Dyrdal er starta opp. Deretter bør Bakka og deretter Gudvangen prioriterast.

Ramsøy står i ei særstilling inst i Nærøyfjorden sidan det landskapsmessig er så eksponert. Det er framleis god samanheng mellom bygningsmiljø og jordbruksmarka omkring. Manglande drift fører til at gjengroing vil vere eit aukande problem.

Tiltak i landbruket er regulert i jordlova og etter forskrifter gjeve av Landbruksdepartementet. Etter forskrift om produksjonstilskot i landbruket kan den som tek mot produksjonstilskot ikkje gjere inngrep som kan vere til stor skade for kulturlandskapet (t.d., fjerne gamle steinmurar), utan at kommunen samtykker. Frå 2004 er alle gardsbruk pålagd å utarbeide miljøplan. Forskrift om Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-ordninga frå 2004), regulerer tilskot til tiltak i kulturlandskapet. Det kan ystast støtte til planlegging og gjennomføring av tiltak retta mot biologisk mangfald, ferdsle, kulturminne og kulturmiljø samt freda og verne-

verdige bygningar. Denne tilskotsordninga omfattar og areal verna etter Naturvernlova. Å kome inn under SMIL-ordninga, disponert av kommunane, krev utarbeiding av strategiplanar med blant anna prioritering av samanhengande kulturlandskapsmiljø. Det er viktig at verdfulle kulturlandskapsmiljø i busettingsområda ikkje vert nedprioriterte m.o.t. skjøtsel og andre tiltak, i høve til tiltak innanfor verneområde, særleg av omsyn til Verdsarvstatus. Problemet med SMIL-ordninga har vore at det er avgrensa med midlar – årleg har disponible midlar vore om lag 1/10 av behovet.

Fordi å oppretthalde landbruket (og busetnad) i verdsarvområdet er ei svært viktig utfordring i heile verdsarvområdet i Vestnorsk fjordlandskap, bad Landbruks- og matdepartementet i samarbeid med Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet om at det vart utarbeidd særskilt rapport om naudsynte verkemidlar for at det skal vere levande bygder og landbruk i Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Rapporten skulle også gjelde verdsarvområdet på Vegaøyan, og vart ferdigstilt 1. juli 2007. Rapporten konkluderer med at det trengst ca. kr. 10 mill pr. år ekstra for å oppretthalde landbruket og ivareta kulturlandskapet i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

Også tilskotsordningane i Regionalt Miljøprogram er svært aktuelle å bruke i busettingsområda.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Kommunane bør fylgje opp miljøplanarbeidet på gardsbruka og syte for at omsyn til at natur- og landskapsverdiar vert dokumentert i tilstrekkeleg grad.
- Kommunane bør ta aktivt initiativ til å utarbeide heilskaplege og områderetta kulturlandskapsplanar og prioritere område for bruk av SMIL-midlar og andre miljøretta verkemiddel til gjennomføring av tiltak.
- Det bør takast eit særskild initiativ for å få til reguleringsplanar og skjøtelsesplanar med tiltak i Dyrdal, på Bakka, Gudvangen og på Ramsøy

Bygge- og anleggstiltak

Problemstillingar

Viktigaste aktuelle saker er knytt til frådelling av bustadtomter og hyttetomter, samt bygging av utleiehytter.

Estetikk er sterkt vektlagt i plan og bygningslova. I §74 nr. 2 står det at "... Tiltak etter denne lov skal ha ein god estetisk utforming i samsvar med tiltakets funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgjevningar. ...". Kommunen kan gjennom arealplanar, regulerings- og byggingsplanar sette grensar og legge føringar som syter føre at nye tiltak ikkje bryt med stadeigen byggeskikk. Desse moglegheitene til styring vil bli vektlagt i forvaltninga av Nærøyfjordområdet.

Byggetiltak vil i særleg grad vere aktuelt i samband med planlegging av hytter og utleieeiningar i tilknytning til gardsmiljø. Busettingsområda representerar viktige kulturmiljø med lang historisk kontinuitet. Busetnad og aktiv bruk av landskapet er som tidlegare omtalt, eit av dei største aktiva for opplevinga av Nærøyfjordområdet. Søknad om frådelling og byggeløyve bør i fyrste rekkje sikre at ein ivaretek heilskapen i området og unngår kraftige brot i byggeskikk (storleik, takutforming, plassering osv) og skjemmaende terrenginngrep.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Utarbeide retningslinjer i samarbeid med Fylkesmannen og Fylkeskommunen for sakshandsaming av byggesaker som ligg inn mot eller som vil få verknad inn i verneområda.
- Det bør vere oppdaterte reguleringsplanar for tettstader og område med spesielle tiltak

Avfall og rasmassar

Fleire stader i verdsarvområdet finst det i dag private (ulovlege) avfallsfyllingar. Fleire plassar vert det og brent diverse avfall. Desse plassane bør systematisk kartleggjast, ryddast og avsluttast i eit samarbeid mellom grunneigarar, kommune og SNO

Kvart år rasar det stein- og jordmassar ned på bilvegane i Verdsarvområdet. Særleg er fylkesvegen til Bakka

og E16 mellom Oslo og Bergen gjennom Nærøydalen utsett. Statens vegvesen arbeider no med ein plan for ein landskapsmessig god bruk av og deponering av desse rasmassane. Det er t.d. aktuelt å nytte dei til å forskjøvne og forbetre delar av fylkesvegen til Bakka, og å lagre rasmassar oppå det store lageret for tunnelmassar ved E16 i Undredal. Lageret i Undredal er i drift, og massar vert nytta andre stader ved behov. Det er viktig å lagre rasmassar på ein stad så ein unngår fleire tippar og dumping i sjø.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Avfallsplassar der det vert lagra og brent ulovleg avfall skal kartleggjast, ryddast og avsluttast i eit samarbeid mellom grunneigarar, kommune og SNO
- Avklare faste stader for deponering av rasmassar som kjem ned på bilvegar i verdsarvområdet, i samarbeid med Statens vegvesen

Tiltak i strandsone og 100-meters belte

Problemstillingar

§ 17-2 i Plan- og bygningslova omhandlar eit generelt forbod mot bygging og frådelling i 100-metersbeltet langs sjøen.

"Bygning, konstruksjon, anlegg eller innhegning kan ikke oppføres nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann og kan heller ikke endres vesentlig. Forbudet gjelder også deling, herunder salg eller bortleie av ubebygde del (parsell eller tomt) av eiendom.

Bestemmelsen i første ledd gjelder ikke i tettbygd strøk eller i områder som omfattes av reguleringsplan eller strandplan. Det samme gjelder område som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til byggeområder og områder for råstoffutvinning. Bestemmelsen gjelder heller ikke tiltak som er i samsvar med bestemmelser gitt i medhold av § 20-4 annet ledd punkt c. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om et område skal anses som tettbygd strøk.

Bestemmelse i første ledd gjelder heller ikke:

- 1. bygning, konstruksjon, anlegg eller innhegning som er nødvendig for forsvaret, i landbruket, tamreindriften, fløtingen, fangst- og fiskerinæringen, for vannforsyningen, avløpsanlegg, kraft- og reguleringsanlegg, den alminnelige samferdsel, bergverksdrift eller drift på andre ikke mutbare mineralske forekomster enn grus, sand og leire, og fradeling, salg eller bortleie av ubebygde del av eiendom til slik næringsvirksomhet,*
- 2. badeanlegg m.v. og toalettanlegg på friluftsområde som er åpent for allmennheten og bygning m.v. for naturvernformål i område som er fredet eller vernet i medhold av naturvernloven,*
- 3. brygge på bebygde eiendom til sikring av eierens eller brukerens atkomst."*

I rundskriv av 11.11.1999 og 08.03.2003 frå Miljøverndepartementet vart det gjeve melding til kommunane om innskjerping av planpraksis og dispensasjonspraksis i strandsona og 100-metersbeltet.

Dei viktigaste problemstillingane i 100-meters belte vil vere knytt til bygging av hytter og utleigeiningar i Nærøyfjorden. Av omsyn til topografi og skredfare i området, vil det t.d. på Bakka vere vanskeleg å finne eigna tomter som ikkje ligg innanfor 100-meters belte. Samstundes er dette busettingsområde der ein ynskjer utvikling i busetnad, næringsaktivitet (m.a. hytteutleige) og anna som er viktig for å halde på ei levande grend. For på best mogleg å kunne ta omsyn til både verdiar knytt til fjorden, det kulturhistoriske miljøet og landskapets estetiske og opplevingsmessige verdiar, bør terskelen vere låg for å utarbeide reguleringsplan ved byggetiltak i strandsona. Fordelen med regulering vil vere at ein står friare til å vurdere kva tiltak som eignar seg på ulike plassar, uavhengig av eigedomsstatus.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Kommunane bør fylgje opp ein streng dispensasjonspraksis når det gjeld dispensasjon frå forbodet om bygging innanfor 100-meters beltet til sjø og vassdrag.
- For å kunne få til ei god og heilskapleg utbygging i busette område og område som ligg innanfor 100-meters beltet, vil det vere tenleg å utarbeide reguleringsplan. Dette vil t.d. vere aktuelt på Bakka.

Kulturminne og kulturmiljø

Problemstillingar

Det er dokumentert eit stor mengde kulturminne i dei busette områda, både av automatisk freda og nyare kulturminne (Nielsen 1990). Kulturminne og heilskaplege miljø med bygningar, landskapselement, vegar, brygger osv. er av stor fagleg verdi. I Nærøyfjordområdet vil og opplevingsverdien av kulturminna vere særst viktige. Historisk djupne og kontinuitet er viktig for landskapets karakter, særpreg. Dei har og mykje å seie for folk sin eigen identitet til staden.

I kulturminnelova er det omtalt alle automatisk freda kulturminne:

”§ 3. Forbud mot inngrep i automatisk fredete kulturminner.

Ingen må - uten at det er lovlig etter § 8 - sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Er marken over et automatisk fredet kulturminne eller i et område som nevnt i § 6, tidligere nyttet til beite eller innmark, kan den fortsatt nyttes til disse formål hvis ikke vedkommende myndighet bestemmer noe annet. Uten tillatelse av vedkommende myndighet må det ikke foretas pløying og annet jordarbeid dypere enn tidligere.

§ 4. Automatisk fredete kulturminner.

Følgende kulturminner fra oldtid og middelalder (inntil år 1537) er fredet:

- a) Boplasser, huler, hellere med spor etter folk som har holdt til eller arbeidet der, hus- eller kirketufter, kirker, hus og byggverk av alle slag, og rester eller deler av dem, gårdshauger, gårds- og tunanlegg og andre bebyggelseskonsentrasjoner som stapelplasser og markeds plasser, byanlegg og liknende eller rester av dem.*
 - b) Arbeids- og verksteds plasser av alle slag som steinbrudd og annen bergverksdrift, jernvinne plasser, trekull- og tjæremiler og andre spor etter håndverk og industri.*
 - c) Spor etter åkerbruk av alle slag, som rydningsrøyser, veiter og pløy espor, gjerder og innhegninger og jakt-, fiske- og fangstinnretninger.*
 - d) Vegfar av alle slag med eller uten brolegging av stein, tre eller annet materiale, demninger, broer, vadested, havneanlegg og åreskifter, båtstøer og båt opptrekk, fergeleier og båt drag eller rester av slike, seilsperringer, vegmerker og seilmerker.*
 - e) Forsvarsverk av alle slag som bygdeborger, skanser, voller, vollgraver, festningsanlegg og rester av dem og dessuten varder, veter o.l.*
 - f) Tingsteder, kultplasser, varp, brønner, kilder og andre steder som arkeologiske funn, tradisjon, tro, sagn eller skikk knytter seg til.*
 - g) Steiner og fast fjell med innskrifter eller bilder som runeinnskrifter, helleristninger og hellemalinger, skålgroper, sliperenner og annen bergskurd.*
 - h) Bautasteiner, kors og andre slike minnesmerker.*
 - i) Steinsetninger, steinlegninger o.l.*
 - j) Gravminner av ethvert slag, enkeltvis eller samlede felt, som gravhauger, gravrøyser, gravkammer, brannflakgraver, urnegraver, kistegraver, kirkegårder og deres innhengninger og gravmæler av alle slag.*
- Det samme gjelder samiske kulturminner som nevnt ovenfor fra mer enn 100 år tilbake. Automatisk fredet er de til enhver tid erklærte stående byggverk med opprinnelse fra perioden 1537-1649, dersom ikke annet er bestemt av vedkommende myndighet. § 15 tredje og fjerde ledd får tilsvarende anvendelse for automatisk fredete byggverk fra perioden 1537-1649. Dispensasjon fra fredningen kan skje etter § 15 a. ”*

Alle gardstun og gamle buplassar der bygningar og strukturar som syner historisk djupne og utvikling vil vere viktige kulturelement i landskapet. Av landskapsmessig særskild viktige kulturminne og kulturmiljø i Verdsarv-området bør nemnast:

- Det gamle hotellmiljøet i Gudvangen
- Rasforbygging ved garden Gudvangen
- Bygningsmiljøet med gardstun, restar etter strandsitjarmiljø, kyrkje og naust på Bakka
- Bygningsmiljøet i klyngetunet og ved fjorden i Dyr dal, og på Drego

- Kraftanlegget i Dyrdal
- Sentrumsområdet i Undredal med stavkyrkja
- Ramsøy
- Stalheim

Kyrkjene i Verdsarvområdet er viktige kulturminne med stor symbol- og identitetsverdi. Det er viktig å sikre heilskapen i miljøa kring kyrkjene på ein god måte. Riksantikvarten har forvaltningsansvaret for stavkyrkja i Undredal.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Syte for oppdatert registrering, kartfesting og status for kulturminne og kulturmiljø, som grunnlag for planlegging og vurdering av byggesaker.
- Nytte oppdatert statusoversikt over kulturminne som grunnlag for prioritering av tiltak i samband med kommunal overtaking av miljøretta verkemiddel i landbruk og kulturlandskap.
- Samarbeide med Fylkeskommunen i arealplansaker som vedkjem kulturminne.
- Nytte fagkompetanse der det er trong for å gjere særskilde vurderingar i høve sikring, restaurering eller bruk av kulturminne til rekreasjon eller næringsføremål (t.d. utleige til turistar).

Skog og skogbruk

Problemstillingar

Vernegrensar er i hovudsak trekt i overgang mellom innmark og utmark. Det vil difor vere lite skog i dei busette områda. Det kan vere enkelte mindre granfelt knytt til gardstun.

Lauvskog er det noko meir av. Det er ynskjeleg å halde landskapet ope og ta vare på gamal kulturmark der gjengroing er eit trugsmål. Uttak av ved og annan hogst av lauvskog er generelt ynskjeleg. I område med hagemarkspreg, styvingstre, særmerkte tre og i edellauvskog generelt bør det ikkje hoggast i utan at det føreligg skjøtselsplan i samråd med kommunen.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Ta initiativ mot grunneigarar til utarbeiding av plan for omfang, utforming av hogstflater og sikring av kulturlandskapsverdiar ved uttak av ved og annan hogst der dette måtte vere aktuelt i noko omfang.

Transport og motorferdsle

Problemstillingar

Motorferdsle på innmark er det ikkje knytt særskilde restriksjonar til, jf lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Bruk av fly og helikopter er det forbod mot innanfor ei grense på 300 meter både i vertikal og horisontal avstand ut frå verneområda. Etter Luftfartstilsynet sine retningslinjer er det ei grense på 10-12 flyrørsler (start eller landing) pr veka før det vert stilt krav om konsesjon for fast landingsplass. Sommaren 2003 var det ein del bruk av helikopter i samband med turistflyging i Nærøydalen (sjå kap. 4.9). Av omsyn til støy og negative verknader for naturmiljø, fastbuande og turistar bør slik bruk avgrensast mest mogleg.

Å ha gode båtruter på fjorden vert opplevd av dei som bur der, som avgjerande for å oppretthalde busetnad og levande lokalsamfunn, og dermed også for å kunne ta vare på kulturlandskapet. Dette gjeld særleg Nærøyfjorden, ytre delar av Aurlandsfjorden, Fresvik og Frønningen. For Fresvik er t.d. stopp av ekspressbåt viktig, Frønningen treng ein dagleg lokalbåt, og Nærøyfjorden med Dyrdal, Styvi og Bakka treng ferjestopp om vinteren. Det er vanskelege tilhøve når/dersom isen frys på fjorden (skjer ofte innafor Styvi i Nærøyfjorden). Også for utvikling av reiselivet i området er båtrutene på fjorden viktig, også om vinteren, dvs. heilårstilbod.

E16 er ei hovudtransportåre gjennom Nærøydalen og verdsarvområdet. Alle dei offentlege vegane i området kan vedlikehaldast og driftast som vanleg. Det vil vere viktig å gjennomføre god estetikk ved utbetningsarbeid på vegar i verdsarvområdet.



Ferjene på fjorden er avgjerande for samferdsla i Nærøyfjordområdet, både for lokalbefolkninga og som infrastruktur for reiselivet. Foto: Tom Dybwad

Eit lokalt initiativ i Fresvik arbeider for ein veg med tunnelar mellom Fresvik og Gudvangen. Det er ikkje offisielle planar for ein slik veg. Ein veg her vil bli avgjort av Stortinget etter forutgåande konsekvensutgreiing, der omsyn til verneområde og verdsarvområde vil vere sentrale føresetnader for eit vedtak. Eventuell ny heilårsveg til Vik (tunnel under Vikafjellet) må sjåast i samanheng med dette.

Eksisterande fylkesveg til Jordalen er smal, bratt og til dels utrygg. Det har i 2007 kome framlegg om å byggje ny veg i tunnel i samband med eit vasskraftprosjekt i nedre delar av Jordøla.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Oppfølging av kontakt med Luftfartstilsynet med sikte på å regulere all kommersiell bruk av helikopter i Nærøydalen og andre busettingsområde innanfor Verdsarvområdet.
- Følgje opp aktuelle selskap for å få til tenlege båt- og ferjeruter på fjorden
- Bygging av nye offentlege vegar må vurderast opp mot verneforskrifter og om dei kjem i konflikt med grunnlaget for verdsarvstatus

Bergverksdrift

Problemstillingar

Anorthositt er ein bergart som har stor utbreiing i Nærøyfjordområdet, frå Bleia i nord, i fjellheimen kring Dyrdal, kring Nærøydalen og sørover. Aluminium, silisium, og kalsium er mineral som finst i bergartar i industrielt verdfulle førekomst i området.

UNESCO bad i si innskriving på Verdsarvlista 14. juli 2005 om "å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknadene av eksisterande gruvedrift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie III)".

Gudvangen Stein AS

Gudvangen Stein AS har hatt uttak av anorthositt i Nærøydalen i fleire tiår. Pr i dag skjer uttak i underjordisk drift under Jordalsnuten, ved kommunegrensa mellom Voss og Aurland, men med lagring og sortering og dermed ein del inngrep i dagen. Steinen vert skipa ut frå kaianlegg i Gudvangen, like ved ferjekaien og sentrum for turistverksemda. Drifta skjer i Nærøydalen utanfor og under verneområdet, i verdsarvområdet. Omfanget av inngrep i dagen bør ikkje auke, og det bør ryddast opp etter kvart. Oppryddinga etter det gamle uttaket aust for elva er eit godt døme på korleis opprydding etter avslutta bergverksdrift kan og bør gjerast. Aurland kommune starta i 2005 arbeidet med ein reguleringsplan for Gudvangen Stein AS si drift i Nærøydalen under Jordalsnuten, og planen vil truleg bli vedteken i 2008. Reguleringsplanen er viktig for at Gudvangen Stein AS skal ha eit klart definert område å halde seg innafør, og for at drifta skal kunne ta betre miljøomsyn. Også utskipingskaia i Gudvangen, som ligg godt synleg, bør gjennomgå ei forskjønning og det må nøye vurderast kva som er beste løysinga for framtida. Samla sett kan og bør miljøomsyna bli betre for Gudvangen Stein AS sitt uttak av anorthositt som skjer i Nærøydalen i dag. Utarbeiding ein reguleringsplan for drifta vil vere eit godt middel. Kapasiteten for utskipping i Gudvangen er no nådd taket med eksisterande løysing, og auke i produksjonen vil vere problematisk fordi det vil krevje nye løysingar, noko som vil krevje utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing.

Anorthosittutvinning

Det har og gjennom fleire år føregått eit utgreiingsarbeid for å kartlegge og sikre høve til uttak av anorthositt i langt større skala enn det som skjer i dag gjennom Gudvangen Stein AS. Førekomstane av anorthositt i Nærøyfjordområdet er særst gode og kanskje av dei beste på verdsbasis. Steinen er interessant som råstoff til avansert prosessindustri. Førebels er dette på prøvestadiet, og det er framleis uklårt om det vil vere kommersielt interessant å gjennomføre utvinning av stein i stor skala. I tilfelle anorthositt er kommersielt interessant, vil det vere for verdiskaping som nasjonal ressurs. Det er og relevant for saka at dei største gruveselskapa på verdsbasis i 2003 har erklært at dei ikkje i vil sette i gong gruvedrift som kjem i konflikt med UNESCO og Verdsarvområde.

Selskapet Luna Mineral AS med kontor i Aurland ivaretek interessene for eventuell kommersiell drift i dag. Aurland kommune er deleigar i dette selskapet. I deira utgreiingsarbeid vert det lagt avgjerande vekt på miljøtilpassing og at ei eventuell framtidig drift ikkje skal kome i konflikt med verneforskriftene og eventuell verdsarvstatus i området.

Luna Mineral AS har engasjert landskapsarkitekt Valborg Leivestad AS til å utarbeide kommunedelplan for tiltak og inngrep i Gudvangen/Nærøydalen. Omsyn til landskapsbilete og andre miljøverdiar er sentrale premissar for planen.

Verneforskrift og grenser for Nærøyfjorden landskapsvernområde i Gudvangen/Nærøydalen er utforma slik at det er teke høgde for evt. underjordisk bergverksdrift i området så fram fjellportar for tilgang til driftsareal og utskipping ligg utanfor vernegrensene. Det er teke høgde for at det kan gjevast dispensasjon frå verneforskrifta for bygging av luftesjakter i fjellet. Det er og opna for dispensasjon for prøveboring. Utskiping er planlagd i fjellhall utanfor Ramsøy; eit dyrare alternativ (pga langt lengre tunnel) er Framfjorden i Vik kommune.

Før evt. løyve til oppstart av omfattande bergverksdrift vert gjeve, skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing. Sidan sjølve drifta vil skje underjordisk, vil dei største miljøkonsekvensane truleg vere knytt til anleggsfase og utskipping.

Eit tiltak av dei dimensjonar det kan vere snakk om, vil difor måtte gjennom ein særst omfattande prosess for utgreiing av miljøkonsekvensar. Det er difor ikkje grunnlag for å gjere nærare vurderingar av konsekvensar i

den føreliggjande forvaltningsplanen. Det må vere eit førande prinsipp at tiltaket ikkje må kome i konflikt med vern i området eller med mogleg status som verdsarvområde.

Det er generelt viktig at omfanget av inngrep i terrenget som følgje av bergverksdrift vert så små som mogleg, dvs. vert avgrensa til det som er strengt naudsynt, og får ei best mogleg landskapstilpassing. Dette for å unngå at utvinning av anorthositt, både drifta som er der i dag og framtidig drift, ikkje kjem i konflikt med Nærøyfjordområdet sin status som Verdsarvområde.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Unngå at det i samband med eventuelle bergverkstiltak vert gjort varige inngrep eller at det fører til visuell belastning, støy eller andre negative miljøkonsekvensar. Det må ikkje gjennomførast tiltak i området som kan kome i konflikt med Verdsarvstatus.
- Det må leggjast vekt på at inngrep vert så små som mogleg og får god landskapstilpassing.
- Medverke til god kommunikasjon/dialog mellom bergverksinteressene, utvalet for Verdsarvområdet, forvaltningsstyresmakt og lokalsamfunnet i Nærøyfjorden/ Nærøydalen om eventuelle planprosessar og verknader av planlagde tiltak.
- Utarbeide reguleringsplan for Gudvangen Stein AS sin aktivitet i Nærøydalen og Gudvangen (Aurland kommune)

Vasskraft

Problemstillingar

Som sagt tidlegare (kap. 4.11) er dei kvartærgeologiske prosessane knytt til urørde elver ein sentral del av grunnlaget for søknaden om Verdsarvstatus, og dette gjeld ikkje minst at det er frittrennande vassdrag og elver. Etter at innlandsisen forsvann etter istida, er det i kvartærgeologisk samanheng mykje det frie vatnet i elver og bekkar som formar landskapet. At det i området framleis finst heile dreneringssystem utan inngrep, der erosjons- og landformingsprosessane går naturleg, er unikt. Det er difor avgjerande viktig at bygging av eventuelle mikro- og minikraftverk med tilhøyrande kraftlinjer, også i busette område, ikkje fører til at prosessane vert endra eller kjem i konflikt med desse kvalitetane og prosessane. Dette gjer det vanskeleg å få løyve til utbyggingar av særleg omfang. I store og/eller godt synlege fossar ("turistfossar") og vassdrag vil det vere vanskeleg å få løyve til kraftutbygging uavhengig av verdsarvstatus, jf og Retningslinjer for små vannkraftverk (Olje- og energidepartementet 2007).

Dyrdalsvassdraget og Undredalsvassdraget er vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging og der delar av vassdraget ligg utanfor verneområda. Stortinget vedtok i februar 2005 vern av Nærøydalselvi med unntak av øvre delar av sidevassdraget Jordalselvi.

I Dyrdal står eit interessant historisk kraftanlegg som kan ha kvalitetar for vern som kulturminne.

Bygging av mini- og mikrokraftverk er aktuelt, mellom anna på Tufto (utanfor verneområde) og i Flåmsdalen (som delvis ligg utom Verdsarvområdet). Fordi dei geologiske prosessane er ein viktig del av grunnlaget for søknaden om Verdsarvstatus, vil vasskraftutbygging - også i lite omfang - lett kunne kome i konflikt med grunnlaget for Verdsarvstatus. Ein søknad om utbygging i Tufteelvi med inntak innafor landskapsvernområdet fekk avslag av NVE – Norges vassdrags- og energidirektorat i oktober 2007.

For nedre delar av Jordøla vart det vinteren 2007 søkt om bygging av eit kraftverk som nyttar fallet frå ca 410 moh (like utafor landskapsvernområdet og verdsarvområdet) til ca. 130 moh (i landskapsvernområdet og verdsarvområdet). Det er aktuelt å kombinere eit slikt kraftverk med uttak av anorthositt for Gudvangen Stein AS og bygging ny veg til Jordalen, som er ei bygd som grensar til verdsarvområdet og der det bur om lag 35 personar. Planane må vurderast nøye m.o.t. nytte og konflikt med verdsarvstatus og verneområde.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- Det bør generelt vere streng praksis på etablering av mikro- og minikraftverk i området av omsyn til verknader av inngrep for verneområda, Verdsarvstatus og reiseliv.

Tilrettelegging for friluftsliv

Problemstillingar

Busettingsområda vil fungere som innfartsområde til verneområda.. Sidan det meste av areala er innmark eller intensivt nytta beiteområde, vil det vere trong for å koordinere og legge til rette gode tilkomststar til stiar og andre allment tilgjengelege vegar innover i verneområdet. Tilretteleggingstiltak må gjerast i samarbeid med grunneigarane. Strandsona vil i mange område vere viktig å prioritere.

Tilråding til kommunal arealforvaltning

- I samarbeid med forvaltningsstyresmaktene syte for at det vert merkt og informert langs tilkomstvegar inn i verneområdet.

Dette gjeld fylgjande stader:

- Frå kaien i Dyrdal fram til Drege
- Frå Dyrdal mot Skogane
- Til Rimstigen frå Bakka
- Frå Hemri til Solbjørgo
- Frå Undredal til Stokko og Hovdungo
- Frå Stalheim til Náli
- til Stalheimsfossen

Reiseliv

Hovudstraumen av turistane som kjem til Nærøyfjordområdet, mellom 700 000 og 800 000 i året, følgjer eksisterande infrastruktur: med bil/buss på E16 gjennom Flåm og Nærøydalen, toget på Flåmsbana eller ferjene på fjorden (Gudvangen-Flåm og Gudvangen-Lærdal (berre sommaren)). Det er m.a.o. ein godt utbygd infrastruktur for å handtere den store turiststraumen i området. Det er godt utbygd med P-plassar i Flåm. I Undredal og Gudvangen kan det vere problem med parkering på dei mest trafikkerte dagane midt på sommaren, slik at tiltak vil måtte vurderast på sikt.

Det er mange overnattingsverksemder i dei busette områda, og i tillegg Aurlandsvangen, i Aurlandsdalen og på Stalheim. Dei største overnattingsbedriftene er Fretheim hotell i Flåm og Stalheim hotell. Den største campingplassen er Flåm camping og vandrarheim.

Hovudutfordringa ser ut til å vere – utover handteringa av den store turiststraumen gjennom området – å få nokre fleire turistar til å stogge (nokre netter) lenger gjennom å utvikle småskala reiseliv knytt til naturbasert opplevingsturisme, gardsturisme og gardsmat, slik at turistane legg att meir lokalt i bygdene.

Fleire reiselivstiltak i busettingsområda vil kunne vere viktige for at det skal vere god økonomi for dei som bur der. Det gjeld t.d. å kunne nytte eksisterande bygningar til utleige (kort eller langtidsleige) for turistar og andre tiltak i reiselivet. Eksisterande bygningsmasse må difor sjåast på som ein ressurs. På Bakka vert t.d. eit naust nytta som "garasje" for 25 kajakkar som igjen base for å arrangerte kajakkturar på fjorden.

I fleire bygder kan oppbygging av campingplass med utleigehytter aktuelt, m.a. i Fresvik og på Bakka. Det er viktig å gjere det attraktivt for tilreisande å overnatte i bygdene.

Offentleg toalett og mottak av søppel vil vere viktige tiltak for reiselivet på knutepunkt i området, som Gudvangen, Undredal, Flåm og Aurland.

Vestnorsk fjordlandskap er med i Innovasjon Norge si satsing på geoturisme. Då ein reknar med at den allereie store turiststraumen til Vestnorsk fjordlandskap, både i Geirangerfjordområdet og i Nærøyfjordområdet vil auke, bør det utarbeidast ein eigen turistforvaltningsplan (Tourism Management Plan) for Vestnorsk fjordlandskap

Tilråding til kommunal forvaltning

- Sjå til at eksisterande infrastruktur (vegar med P-plassar), jernbane, ferjer fungerer m.o.t. å handtere den store gjennomstrauminga av turistar i området
- Innafor verdsarvområdet utvikle eit berekraftig småskala reiseliv basert på lokale ressursar og eksisterande bygningsmiljø. Nye (byggje-) tiltak bør tilpassast det tradisjonelle bygningsmiljøet.
- Utarbeide ein felles turistforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap (i regi av Verdsarvrådet)



*Undredal sett frå fjorden. Den nære samanhengen mellom topografi, tettstad og ressursbruk skapar eit rikt og heilskapleg landskapsbilete.
Foto: Tom Dybwad*

5.5. Planlegging og sakshandsaming etter Plan- og bygningslova.

Generelle retningslinjer

Planlegging og gjennomføring av tiltak i eit nasjonalt og internasjonalt verdifullt og særmerkt landskap krev stor varsemd i høve tilpassing til eksisterande miljø, omsyn til landskapsbilete, naturverdiar og friluftsliv.

Fylkesdelplan for arealbruk i Sogn og Fjordane har fylgjande retningslinjer når det gjeld arealbruk:

Nasjonalt og regionalt viktige natur- og kulturlandskap som er kartfesta og omtalte i fylkesdelplanen, skal gjevast særleg merksemd i kommuneplanarbeidet.

Planlagde utbyggingstiltak (bustad, hytter, vegar) eller anna vesentleg endring av arealbruken innafor desse områda skal omtalast spesielt i høve til estetikk og lokal tilpassing.

Statlege og regionale verkemiddel vil bli prioriterte ved forvaltningstiltak innafor desse områda. Nye utbyggingstiltak bør plasserast og utformast på ein måte som styrkjer kommunen, bygda og tettstaden sitt særpreg.

I områderetta kommunedelplanar for tettstad, bygd og grend bør ein utarbeide ein enkel "miljøplan" (stadanalyse/landskapsanalyse(miljøvurdering) som synleggjer viktige landskapstrekk, kulturmiljø og mykje brukte eller eigna område for ålmenta langs sjø og større vassdrag.

Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008 seier m.a. i sine arealpolitiske retningslinjer:

"Verdfulle landbruksareal, naturlandskap og kulturlandskap skal sikrast gjennom kommuneplanlegginga"

Gode planprosessar som både ivaretek lokale omsyn og overordna føringar, krev god informasjon og kommunikasjon mellom involverte aktørar og forvaltningsstyresmakter. Det kvilar eit særskild ansvar på kommunen å legge til rette for dette.

Ein måte å løyse dette på er ved å gje høve til uformelle drøftingar med fylkesmannen/forvaltningsstyresmakt, fylkeskommune og Verdsarvrådet i saker som gjeld bygging, frådeling eller andre vesentlege tiltak i busettingsområda. I særleg grad vil det vere viktig å informere om saker som krev dispensasjon frå plan- og bygningslova eller anna lovverk.

Revidering av kommuneplan for Aurland

Gjeldande kommuneplan i Aurland skal reviderast, og oppstart av arealdelen var i 2007. Det vil vere ynskjeleg å innarbeide retningslinjer for handsaming av søknader om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan som sikrar ein heilskapleg landskapsmessig utvikling i dei store landskapsromma i fjord- og dallandskapet. Desse landskapsromma er visuelt eksponerte og sårbare for ulike typar inngrep. Dette gjeld t.d. Ramsøy og Bakka i Nærøyfjorden. Tiltak i dei busette områda kan ha stor verknad inn i omkringliggjande verneområde, og ein bør prøve å finne løysingar som i liten grad påverkar innafor verneområda. Til vanleg bør ein søkje heilskaplege løysingar, noko som ofte kan gjerast gjennom utarbeiding av t.d. reguleringsplanar.

Saksgang

Kommunen står ansvarleg for sakshandsaming og vedtak i arealplansaker. Dersom vedtak i ei sak ikkje er i samsvar med overordna lovgeving eller vert vurdert å vere tenleg i høve forvaltning av Verdsarvområdet, vil overordna styresmakt (t.d. Fylkesmannen og Fylkeskommunen) ha klage- og motsegnrett. Dersom det etter mekling ikkje er semje i klagesaker, vert saka avgjort av settefylkesmann, medan kommune- og reguleringsplanar vert avgjort i Miljøverndepartementet.

6. Oppfølging av forvaltningsmål- og tiltak

6.1. Forvaltningsstyresmakt

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for det som går fram av verneforskriftene for Bleia naturreservat, Bleia – Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat, og dei delane av Nærøyfjorden landskapsvernområde og Grånosmyrane naturreservat som ligg i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen i Hordaland er forvaltningsstyresmakt for dei delane av Nærøyfjorden landskapsvernområde og Grånosmyrane naturreservat som ligg i Hordaland. Verneområda ligg i Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar. I verneområda gjeld også anna lovverk som plan- og bygningslova, viltlova, lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, som andre styresmakter og ikkje minst kommunane er ansvarlege for.

Aurland kommune og Voss kommune er har myndigheit etter reglane i plan- og bygningslova i busettingsområda.

For å få til ei samordna og praktisk godt fungerande forvaltningsordning vil det vere heilt naudsynt at alle naturvernområda har forvaltningsmynde på same nivå.

For å lukkast med forvaltninga av verdsarvområdet i Nærøyfjorden er ein avhengig av eit godt samarbeid mellom alle nivå i forvaltninga: kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene.

6.2. Oppsyn

Direktoratet for naturforvaltning har tilrådd at det vert oppretta 2 stillingar i Statens naturoppsyn i Nærøyfjordområdet. Oppretting av stillingar vil vere avhengig av løyvingar over statsbudsjettet. Statens naturoppsyn har ei stilling med kontorplass i Aurland frå 2005. Kontorplass i Aurland er vald m.a. fordi oppsynet bør vere lokalisert lett tilgjengeleg i nærområdet blant anna for å kunne god kontakt og kommunikasjon med lokalsamfunnet.

Statens naturoppsyn (SNO) har det overordna oppsynsansvaret i området og samarbeider med Aurland fjellstyre og Lærdal fjellstyre som har oppsynsansvar i statsallmenningane i Aurland og Lærdal kommunar, inkludert Bleia naturreservat, Bleia - Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat og Nordfjella villreinområde. Aurland fjellstyre sitt oppsyn i heile Aurland kommune er på 1,5 årsverk. Lærdal fjellstyre har ikkje fast tilsett oppsyn. SNO sitt kontor i Aurland er samlokalisert med Aurland fjellstyre og andre verksemdar med miljø- og landskapskompetanse. Dette er tenleg for å vidareutvikle eit godt lokalt fagmiljø.

Hovudoppgåver for naturoppsyn i området vil vere:

- Halde oversikt over utviklingstendensar i bruken av området
- Halde tilsyn/oversikt over status for natur- og kulturverdiane i området, med spesiell vekt på sårbare og trua artar
- Rettleiing og informasjon til brukarar/ besøkande
- Kontrollere, rapportere og reagere på brot på verneforskrifta og anna regelverk
- Føre tilsyn og utføre eventuell skjøtsel og vedlikehald/tilretteleiing i verneområda, deriblant informasjons- og oppmerkmingsmateriale.

Oppsynet bør ved sida av å føre tilsyn og utføre skjøtels- og tilretteleggingsoppgåver, og vere kontaktpunkt i høve kvalitetssikring av natur- kulturminne- og landskapsomsyn i samband med utvikling av småskala næringsaktivitet.

Oppsynsordninga for Nærøyfjorden bør til ein viss grad sjåast i samanheng med oppsynsordninga for Stølsheimen.



Statens naturoppsyn (SNO) sin logo

6.3. Prioritering av tiltak

Det er i plandokumentet omtalt ei rekkje ønskjelege tiltak i Nærøyfjordområdet. Planlegging og gjennomføring av skjøtsels- og restaureringstiltak, informasjon og tilrettelegging for friluftsliv vil vere avhengig av interesse og samarbeid med grunneigarar. Prioriterte tiltak bør ha eit 5-års perspektiv på utarbeiding av plan og iverksetjing.

Tiltak i Styvi - Holmo området vert gjennomført etter eigen skjøtselsplan og avtale.

Overvaking av naturtilstanden i området

- Utarbeide samla oversikt over særskilt viktige lokalitetar for plante - og dyrelivet.
- Utarbeide samla oversikt over viktige døme på kvartærgeologiske fenomen og område som illustrerar berggrunnen si danningshistorie og spesielle bergartar og mineral førekomstar.
- Overvaking av utviklinga i utvalde referanseområde i naturreservata for å tidleg fange opp signal om evt. forureining og andre truslar.
 - Grånosmyrane: Registreringar av hekkefuglpopulasjonen.
 - Nordheimsdalen: Registreringar av hekkefugl i reservatet og av kryptogamflora og evertebratfauna knytt til gamalskog i dei sentrale delane med urskogspreg.
 - Bleia: Ettersyn av urvalmue lokaliteten.

Tiltak for skjøtsel og restaurering

Det vil ikkje vere mogleg å skjøtte alt som finst av kulturlandskap. Det vil likevel vere aktuelt å støtte andre område enn dei som er nemnde under dersom det kjem initiativ frå grunneigarar eller andre. Følgjande område vert tilrådd prioriterte, og det vil over tid vere aktuelt å utarbeide skjøtselsplanar for desse:

Kulturlandskapsområde

- Styvi – Holmo (skjøtselsplan frå 1994)
- Stigen - Stokko – Undredal (framlegg til skjøtselsplan er utarbeidd for Stokko 2006, Stigen igangsett i 2007))
- Nedbergo
- Dyrdal (reguleringsplan og stadanalyse oppstarta i 2006, plan for gamlevegen og Hjøльмо er utarbeidd)
- Ramsøy
- Fronnes (framlegg til skjøtselsplan er utarbeidd 2006)
- Bortomteigane
- Bakka

Kulturmiljø og tekniske kulturminne

- Styvi
- Nedbergo
- Stalheimskleivi
- Bygningssmiljø i strandsona på Bakka
- Nordheimsdalen (dersom det vert teke initiativ frå Allmenningstyret)

Tilrettelegging for friluftsliv

Følgjande område vert tilrådd:

- Strandområde sørvest for Dyrdal (Salthella). Trong for toalettanlegg, fast bål plass og tilrettelegging for enkel overnatting i telt, informasjon
- Fronnes. Trong for toalett, tilrettelegging for faste bål plassar, rydding og merking av stiar og informasjon
- På Holmo (1992), Odnes (2006) og Skalmenes (2006) er det sett opp toalett

Informasjonstiltak retta mot besøkande i Verdsarvområdet og dei einskilde verneområda

Tilgang på informasjon er eit særskilt viktig tiltak i Verdsarvområdet. Informasjonstrongen vil vere differensiert i høve områdetype, vernestatus og brukargruppe. Med 700 000 besøkande vil det vere mange ulike brukargrupper å rette informasjonstiltak mot.

- Informasjonsskilt ved alle tilkomstområde (sjå kapittel 4.14)
- Informasjonsmateriell /brosjyrar med presentasjon av
 - Verdsarvområdet med landskap, busetnad og næring,
 - verneområda med verneverdiar,
 - temainformasjon om kulturlandskap og kulturminne,
 - temainformasjon om geologi, planteliv og dyreliv

6.4. Rådgevande utval for Nærøyfjordområdet

Det vil alltid vere trong for å vurdere dei prinsipielle sidene ved eit forvaltningsopplegg som er etablert. For Nærøyfjordområdet som er samansett av 5 verneområde med ulike vernekategori (naturreservat, landskapsvern), vil føremål og difor og forvaltningspraksis variere noko. Heile området er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Fylkesmennene er i dag forvaltningsstyresmakt for verneområda i verdsarvområdet. Det er viktig at all forvaltning av verneområda ligg til same nivå.

Det er oppretta eit rådgevande utval for heile Nærøyfjordområdet (verdsarvområdet). Utvalet har følgjande medlemmer (kven som er medlem kan endrast):

- Aurland kommune
- Lærdal kommune
- Vik kommune
- Voss kommune
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Hordaland fylkeskommune
- Grendalag i Fresvik
- Grendalag i Bakka
- Grendalag i Dyrdal
- Representant frå grunneigarane på Styvi
- Grendalag i Gudvangen-Nærøydalen
- Grendalag i Undredal
- Grendalag i Flåm-Aurland
- Grendalag i Frønningen-Vindedal
- Grendalag i Stalheim-Jordalen
- Aurland fjellstyre
- Lærdal fjellstyre
- Naturvernforbundet
- Turlag
- Aurland-Lærdal reiselivslag
- Reiselivet i Voss-Vik
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (møteplikt og talerett, ikkje stemmerett)
- Fylkesmannen i Hordaland (møteplikt og talerett, ikkje stemmerett)
- Statens naturoppsyn (møteplikt og talerett, ikkje stemmerett)
- Sekretær for Verdsarvrådet i Nærøyfjorden (møteplikt og talerett, ikkje stemmerett)

Offentlege instansar kan møte med ein person i tillegg (bisitjar/fagperson). Alle instansar peikar ut både fast representant og vararepresentant.

Representantane frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, frå Fylkesmannen i Hordaland og frå Statens naturoppsyn møteplikt og talerett, men ikkje stemmerett. Det rådgivande utvalet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar og eit arbeidsutval på inntil 5 personar, for ein periode på 2 (to) år. Sekretæren

møter også i arbeidsutvalet. Utvalet skal ha møte minst ein gong i året. Fylkesmannen/sekretæren er ansvarleg for å kalle inn til møtet. Møteinnkalling skal skje minst ein måned før møtetidspunkt.

Arbeidsutvalet for Nærøyfjordutvalet består for tida av ordførarane i dei 4 kommunane i området.

6.5. Verdsarvråd for Vestnorsk fjordlandskap

Med verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap er det behov for samarbeid og erfaringsutveksling med forvaltninga i Geirangerfjordområdet. Det er difor oppretta eit (felles) Verdsarvråd for Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Utvalet bør møte 4 gonger pr. år. Aktuelle tema her er

- erfaringsutveksling
- felles strategiar (m.a. landbruk og kulturlandskap)
- felles informasjonsprofil og informasjonsformidling
- praktisering og tolking av vernereglar
- arbeid knytt til samle rapportering av utviklinga (Periodic Report kvart 6. år)

Verdsarvrådet har følgjande medlemmer:

- ordførar i Stranda kommune
- ordførar i Norddal kommune
- ordførar i Aurland kommune
- ordførar i Lærdal kommune
- ordførar i Vik kommune
- ordførar i Voss kommune
- fylkesdirektør i Møre og Romsdal fylke
- fylkesordførar i Møre og Romsdal fylke
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Fylkesordførar i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune
- ein repr frå Direktoratet for naturforvaltning (DN)
- ein repr frå Riksantikvaren (RA)
- ein repr frå Miljøverndepartementet (deltek etter behov)

Kvar representant kan om ønskeleg/naudsynt ha med eigen bisitjar. Representantar frå DN, RA og MD har tale- men ikkje stemmerett.

Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar for ein periode på 2 (to) år. Rådssekretær skal kome frå same delområde som leiaren. Leiinga av rådet vekslar mellom nord- og sørområdet. For retningslinjer for rådet sjå vedlegg 2.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har fått utarbeidd ein eigen logo for verdsarvstaden:



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

6.6. Nærøyfjorden Verdsarvpark: Regional naturpark og samarbeid med lokale utviklingsaktørar

Aurland kommune har teke initiativ til å få etablert regional natur- og kulturpark etter det systemet dei har i Frankrike med regionalpark. Dette vil vere eit godt supplement for å integrere verneområda og verdsarvområdet i Aurland, og gi verdsarvstatuen ei enno betre forankring lokalt, under nemninga "Nærøyfjorden Verdsarvpark". Nemninga regionalpark viser til at initiativet er teke i regionen eller av lokalsamfunna sjølve.

Næringslivsutvikling på grunnlag av lokale natur- og kulturressursar kan skape eit utvida reiselivssomgrep. Lokale organisasjonar og småskala entreprenørar som t.d. Aurland natur- og kulturarv, Stigen gard, Voss utferdslag, fjellstyra og Frønningen Grendalag kan vere viktige alliansepartnarar i utviklinga av gode kriteria for korleis reiselivet kan nytta verneområdet.

Det vil vere viktig for forvaltninga av Nærøyfjordområdet å kunne spele på lag med lokale aktørar for å fylle verneområda og heile Verdsarvområdet med aktivitet og næring som lar seg sameine med verneføremåla.

Nærøyfjorden Verdsarvpark er eit pilotprosjekt under Riksantikvaren si satsing på verdiskaping på kulturminneområdet, eit program som går over 4 år. Prosjektet omfattar alt frå restaurering og skjøtsel til bærekraftige, kommersielle aktivitetar og allsidige produkt. Her finn vi kulturminne knytte til stølsdrift, til villrein og driftehandel, gravhaugar og det spesielle kulturlandskapet. Nærøyfjorden Verdsarvpark femner om heile Aurland kommune og heile Nærøyfjordområdet inkludert delar av Vik, Voss og Lærdal kommunar. Prosjektet er ei stor satsing på natur og kulturbasert samfunns- og næringsutvikling med utgangspunkt i Verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet. Nærøyfjorden Verdsarvpark har som føresetnad for sitt næringsretta utviklingsarbeid å leggje dei kvalitetskrava som er stilt i høve godkjenning som Verdsarvområde til grunn for sine tiltak.

6.7. Økonomi

Det er fleire aktuelle kjelder for å finansiere oppfølging av forvaltningsplanen. Det gjeld

- Forvaltningsbudsjettet for verneområde (SNO og FM)
- SMIL-midlar (kommunane)
- Andre kommunale midlar
- Regionalt miljøprogram (staten v/ Fylkesmannen si landbruksavdeling)
- Norsk kulturminnefond
- Ulike ideelle organisasjonar/fond
- Friluftslivmidlar (staten)
- Verdsarvmidlar (statsbudsjettet)
- Innovasjon Norge (næringsutvikling, verdsarv kan vere eit argument for tilskot)
- Lokale fond

Det er viktig å nytte dei kjeldene som finst. Fleire kjelder vil vere naudsynt dersom ein skal klare å oppretthalde kulturlandskapet og få til inntekter for dei som lever og bur i området.

6.8. Rullering av forvaltningsplanen

For at forvaltningsplanen skal vere mest mogleg tenleg i høve aktuelle forvaltningsutfordringar og tiltak, skal det føretakast ein gjennomgang av forvaltningsmål, retningslinjer og tiltak kvart 10. år, med gjennomgang av aktuelle tema. Rullering av forvaltningsplanen må også vurderast i samband med rapportering til UNESCO om forvaltninga av verdsarvstatus, noko som skjer kvart 6. år, neste gong i 2013.

Kjelder og litteratur

- Aurland kommune 2000. Differensiert forvaltningsplan for Flåmsvassdraget.
- Aurland kommune. Reguleringsplan for Undredal.
- Aurland kommune 1998. Handlingsplan for natur- og landskapsforvaltning i Aurland kommune. Tematisk kommunedelplan vedteken 11.06.98.
- Aurland kommune 1994. Kommunedelplan for kulturlandskapet i Flåm og Flåmsdalen.
- Austad I., L. Hauge og T. Helle 1993. Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. Prioriterte område. Sogn og Fjordane Distriktshøgskule.
- Austad, I.- Braanaas, A. og Haltvik, M. (red.) 2003. Lauv som ressurs. Ny bruk av gammel kunnskap. HSF rapport nr. 40/2003. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Bruun, Magne 1996. Landskapsbildet i Norsk naturforvaltning. Institutt for Landskapsplanlegging, Norges landbrukshøgskole.
- Bøthun, S. W. 2003. Biologisk mangfald i Lærdal kommune. Aurland naturverkstad rapport nr. 2 - 2003.
- Bøthun, S.W. 2006: Fronnes i Aurlandsfjorden. Skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv (framlegg). Aurland naturverkstad rapport nr. 6 - 2006
- Bøthun, S.W. 2006: Rimstigen. Tilstand og plan for istandsetting. Aurland naturverkstad - Notat. 2006
- Bøthun, S.W. 2006: Slåttelandskapet Stokko. Plan for kulturlandskapskjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv (framlegg) Aurland naturverkstad rapport nr. 12 - 2006
- Bøthun, S.W. 2006: Stølen Hjølmo og gamlevegen i Dyrdal. Tilstand og kjøtsel. Aurland naturverkstad rapport nr. 13 - 2006
- Clemetsen, M. og Eik, L. O. 2002. Kasjmirgeit: Ny produktutvikling og verdiskaping basert på ull, kjøt og landskapspleie. Forprosjektrapport. Aurland Naturverkstad og Norges landbrukshøgskole, institutt for husdyrfag.
- Direktoratet for naturforvaltning 1996. Forvaltning av nasjonalparker. DN-rapport 1996-3
- Direktoratet for naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdsetting av biologisk mangfold. DN håndbok 13 - 1999.
- Direktoratet for naturforvaltning 2001. Områdevern og naturforvaltning. DN håndbok nr. 17 – 2001.
- Direktoratet for naturforvaltning 2001. Friluftsliv i konsekvensutredninger. DN håndbok nr. 18 – 2001.
- Djupedal, T. Undredal, bygda og kyrkja. Selja forlag 1997
- Dybwad, T. og Loftesnes, F.: Verdsarv Nærøyfjorden. Selja forlag 2006
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1994. Enkel kjøtselsplan for Styvi – Holmo landskapsvernområde. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane rapport nr. 4 – 1994.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1996. Framlegg til Nærøyfjorden landskapsvernområde. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdier i Dyrdalselvi, Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Vvv rapport 16 – 2001. Direktoratet for Naturforvaltning, Norges vassdrags og energiverk og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdier i Flåmsvassdraget, Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Vvv rapport 19 – 2001. Direktoratet for Naturforvaltning, Norges vassdrags og energiverk og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdier i Kolarselvi, Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Vvv rapport 18 – 2001. Direktoratet for Naturforvaltning, Norges vassdrags og energiverk og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdier i Undredalselvi, Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Vvv rapport 17 – 2001. Direktoratet for Naturforvaltning, Norges vassdrags og energiverk og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2003. Framlegg til Bleia naturreservat og Bleia – Storebotn landskapsvernområde. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 3 – 2003.
- Gausemel, S. og Rong, G. O. 2002. Nedberge: Historie og arealbruk på ein høgdegard i Aurland kommune, i Sogn og Fjordane. Kandidatoppgåve Landskapsforvaltning og planlegging våren 2002. Høgskulen og Sogn og Fjordane.
- Hov, Botolv: Styvi i Nærøyfjorden. Skald forlag 2006
- Levende Skog 1998. Standardutredninger fra Levende Skog. Levende Skog Rapport 9 a – d.
- Levende Skog udatert. Standarder for eit bærekraftig skogbruk: På Vestlandet. Brosjyre utgjeven av Levende Skog.

Miljøverndepartementet 1999. Verneplan for barskog i region Vest – Noreg. Kongelig resolusjon 17.12.1999.

Miljøverndepartementet 2002. Nærøyfjorden landskapsvernområde, kart. Målestokk 1:50 000. Statens kartverk Sogn og Fjordane.

Miljøverndepartementet 2002. Vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde i Aurland og Vik kommunar i Sogn og Fjordane fylke og Voss kommune i Hordaland fylke. Kgl. res. 8. 11.2002.

Miljøverndepartementet 2004: Vern av Bleia naturreservat og Bleia – Storebotnen landskapsvernområde i kommunane Aurland og Lærdal i Sogn og Fjordane fylke. Kgl. res. 8.10.2004

Miljøverndepartementet 2004. Geirangerfjord and Nærøyfjord: A Norwegian serial nomination of natural heritage sites for inscription on the UNESCO World Heritage list. Ministry of Environment, January 2004.

Moe, B. 2003. Registrering av biologisk mangfald i Voss kommune. Upublisert rapport.

Nasjonale registrering av verdifulle kulturlandskap 1994. Verdifulle kulturlandskap i Norge: Mer enn bare landskap! Del 4 sluttrapport fra det sentrale utvalget.

Nielsen Mona 1990. Plan for vern av kulturminner i Aurland kommune Del 1. Materielle kulturminner.

Nordisk Ministerråd 1996: Verdensarv i Norden. Forslag til nye områder på Verdensarvlisten. Nord 1996:30

Ohnstad, Å.: Undredal og Nærøy. Gard og ætt. 2006

Olje- og energidepartementet: Retningslinjer for små vannkraftverk. 2007

Roald, S. K. 2003. Biologisk mangfald i Aurland kommune. Aurland Naturverkstad rapport nr. 4 – 2003.

Sandvik, Jarle: Stadanalyse Dyrdal. 2007

Stortingsmelding nr. 40 (1994-95). Opptrapping av barskogvernet fram mot år 2000.

Stortingsmelding nr. 62 (1991-92). Ny landsplan for nasjonalparker og andre store verneområder i Norge.

Stortingsmelding nr. 68 (1980-81). Vern av norsk natur

Thue, Johs. B.: Nærøyfjorden. Skald forlag 2006

Topografisk hovudkartserie, M711, kartblad 1316 I (Gudvangen), 1317 II (Leikanger), 1416 III (Myrdal) og 1417 III (Sogndal).

Ugland IT Group: Nærøyfjorden i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Turkart. 2006

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, og Vega kommune: Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyane. 2007

Vedlegg

1. Verneforskrifter

- 1.1. Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde
- 1.2. Forskrift for Bleia - Storebotnen landskapsvernområde
- 1.3. Forskrift for Bleia naturreservat
- 1.4. Forskrift for Nordheimsdalen naturreservat
- 1.5. Forskrift for Grånosmyrane naturreservat

2. Retningslinjer for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap

3. Kart

- 3.1. Kart over Verdsarvområdet kring Nærøyfjorden som er omfatta av forvaltingsplanen, med verneområda
- 3.2. Kart over inngrepssone område (INON)
- 3.3. Oversikt over ulike forvaltningssoner: Vernesone, Brukssone, Sone for spesiell tilrettelegging, og Busette område.

4. Intensjonsavtale om Verdsarvområde (Declaration of intent)

Verneforskrifter for verneområde i Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, Nærøyfjorden

1.1 FORSKRIFT OM VERN AV NÆRØYFJORDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I KOMMUNANE AURLAND OG VIK I SOGN OG FJORDANE FYLKE OG VOSS KOMMUNE I HORDALAND FYLKE.

Fastsett ved kgl. res. 8.11.02. med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5¹ og §6 jfr. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1. AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

Aurland kommune: 1/1, 2, 3, 2/1, 2, 3/1, 5/1, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 7/1, 2, 8/1, 5, 6, 12/1, 30/1, 2, 3, 4, 6, 9, 14, 31/4, 33/1, 38/1, 2, 3, 8, 12, 13, 37, 48/1, 3, 5, 49/1, 2, 4, 6, 7, 8, 16, 50/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 14, 51/1, 2, 6, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 24, 27, 28, 32, 33, 34, 40, 42, 43, 44, 48, 52, 53, 60, 108, 52/1, 3, 4, 5, 53/1, 2, 55/1, 2, 56/1, 58/1, 2, 59/1, 2, 3, 4, 5, 9, 60/1, 2, 3, 4, 8, 61/1, 2, 3, 5, 6, 8, 62/1, 64/1, 2, 4, 5, 6, 9, 16, 20, 24, 65/1, 2, 3, 4, 5, 6, 66/1, 67/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 2

Vik kommune: 135/2, 4, 7, 8, 136/2, 4, 5, 9, 10, 12, 13, 137/2, 3, 6, 8, 138/1, 3, 4, 139/1, 3, 4, 140/1, 3, 4, 7, 8, 10, 13, 14, 15, 17, 18, 21, 22, 26, 32, 141/1, 4, 6, 10, 142/1, 2, 3, 5, 143/1, 144/1, 2, 3, 4, 5, 145/1, 146/1, 147/4, 148/1, 2, 3, 4, 23, 149/1, 2, 3, 7, 10, 11, 13, 150/1, 2

Voss kommune: 80/1, 4, 149/3, 4, 150/1, 4, 331/1, 332/1, 2, 4, 6, 15, 26, 28, 333/1, 3, 334/1, 2, 4, 335/1, 2, 3, 4, 5, 7, 336/1, 337/1, 2, 3, 4, 5, 338/2

Det samla arealet, inkl. sjø, er på ca 576 km², landareal på ca 547 km². Grensene for landskapsvernområdet framgår av vedlagde kart i målestokk 1:50 000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002.

Kart og verneforskrift finst i Miljøverndepartementet, i Direktoratet for naturforvaltning, hos fylkesmannen og i kommunane med areal i landskapsvernområdet.

§ 2. FØREMÅL

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbretforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

§ 3. VERNEREGLAR

1. Landskapet, plante- og dyrelivet.

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Dette gjeld til dømes:

- Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vegar, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vegar og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmande.

- b) Nydyrking, endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet.

Forvaltningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg eller på annan måte er i strid med føremålet med vernet. Dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt, kan Direktoratet for naturforvaltning fastsetje nærmare reglar om ferdsle.

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt særpreg og spesielle karakterer.
- b) Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje strir mot verneformålet.
- c) Vedlikehald av bygningar, gjerde, bruer, klopper, vegar og stiar og stenging av skorfeste og oppsetting av kve. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar av fasade på bygningen.
- d) Hogst, men ikkje samanhengande flater større enn fem dekar.
- e) Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.
- f) Jakt og fiske etter gjeldande regelverk.
- g) Gjennomføring av militær øving/trening i eksisterande sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- h) Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg, og ferdsel i samband med dette arbeidet.

1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

- a) Endra bruksformer i landbruket i samsvar med driftsplan.
- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.
- c) Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.
- d) Tilrettelegging av enkle traktorløyper for uttak av trevirke og i beitebrukssamanheng.
- e) Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka og vegen til Jordalen.
- f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.
- g) Ras- og flaumsikring av busetnad og innmark.
- h) Skogsdrift på flater større enn fem dekar i samsvar med driftsplan.
- i) Etablering av luftesjakter som er naudsynt i samband med underjordisk drift av mineral med uttaksstad utanfor verneområdet.
- j) Nyetablering av kystverket sine anlegg.

2. Motorferdsel

2.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing. Med landing meiner ein òg henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

2.2 Reglane i 2.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.
- b) Motorferdsel på fjorden, herunder å gå til land eller kai. Maksimum fart forbi Skalmenes-Bleiklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot.
- c) Motorferdsel på dei offentlege bilvegane i landskapsvernområdet.
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.
- e) Naudsynt motorferdsel på vinterføre til landbruksdrift som frakting av ved eller hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materialar til vøling av stolar o.l. Motorkøyrety kan på vinterføre nyttast til uthenting av ved frå eigen eigedom til fast bustad.

- f) Naudsynt lufttransport i samband med landbruksdrift. Lufttransport skal meldast til oppsynet før transporten tek til.
- g) Militær lågtflyging.
- h) Motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterande sikkerheitssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

2.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar. Traséane for snøscootertransport skal teiknast inn på kart.

§ 4. UNNTAK I SÆRSKILDE HØVE

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i spesielle tilfelle, når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 5. FORVALTNINGSPLAN

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan med nærmare gitte retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

§ 6. FORVALTNINGSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

§ 7. RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan nemnast opp eit rådgjevande utval for landskapsvernområdet.

§ 8. IVERKSETTING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

1.2 FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR BLEIA. VERN AV BLEIA - STOREBOTNEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE I AURLAND OG LÆRDAL KOMMUNAR I SOGN OG FJORDANE FYLKE

Fastsett ved Kongeleg resolusjon av 08.10.2004 i medhald av lov av 19. juni 1970 nr 63 om naturvern, § 5 og § 6, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 AVGRENSING

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

Aurland kommune: Aurland Nordre statsallmenning gnr./bnr. 57/2

Lærdal kommune: Lærdal Vestre statsallmenning (Bleia statsallmenning) gnr./bnr 85/4.

Det samla arealet er på ca 66 km², av dette er ca. 5 km² sjøareal. Grensene for landskapsvernområdet går fram av vedlagde kart i målestokk 1:50 000 datert Miljøverndepartementet oktober 2004.

Dei nøyaktige grensene for landskapsvernområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrift med kart skal oppbevarast i Aurland og Lærdal kommunar, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet

§ 2 FØREMÅL

Føremålet med Bleia - Storebotnen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Med de unntak som følgjer av pkt. 1.2 og 1.3 i forskriften er det forbod mot inngrep som

- a) Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vegar, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og varige og midlertidige innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrlegging, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vegar og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- b) Nydyrking, endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet.

Forvaltningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg.

1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) Vedlikehald av bygningar, gjerde, bruer, klopper, vegar og stiar og stenging av skorfeste og oppsetting av kve. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar av fasade på bygningen.
- b) Drift og vedlikehald av eksisterande kraftleidning og andre luftleidningar, kablar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.
- c) Naudsynt istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til vedkommande forvaltningstyresmakt.
- d) Oppgradering/fornyng av kraftleidning for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje krev vesentlege fysiske endringar i strid med verneføremålet.
- e) Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg.

1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd, fjellstyra sin aktivitet, og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskapet og tradisjonell byggeskikk.
- b) Påbygging, ombygging, flytting, eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskapet og tradisjonell byggeskikk.
- c) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.
- d) Oppgradering/fornyng av kraftleidning som ikkje faller inn under pkt. 1.2
- e) Framføring av nye kraftliner, kablar eller teleliner.
- f) Oppføring av nye anlegg for Kystverket.

2. Plantelivet

2.1 Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging. Innføring av nye planteartar er forbode.

2.2 Beiting, rydding av beite, slått og lauing er tillate.

2.3 Plukkhogst av ved til bruk på hytter i området er tillate. Særmerkte, dekorative og daude tre som vesentleg pregar skogsbiletet skal ikkje hoggast.

2.4 Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til hogst i avgrensa omfang, men ikkje samanhengjande flater større enn 1 da. Særmerkte, dekorative og daude tre og område som vesentleg pregar skogsbiletet skal ikkje hoggast.

3. Dyrelivet

3.1 Jakt er tillate etter viltlova og saltvassfiskelova.

3.2 Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova og saltvassfiskelova.

3.3 Havbeite utan synlege anlegg i overflata, er tillate

3.4 Forvaltningsstyremakta kan gje løyve til fiskekultiveringstiltak og kalking av fiskevatn.

4. Ferdsel

4.1 All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

4.2 Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyremakta.

5. Motorferdsel

5.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter over bakken og landing. Henting og bringing av passasjerar og gods der luftfartøyet ikkje kommer i direkte i kontakt med bakken, er også forbode.

5.2 Reglane i 4.1 er ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver bestemt av forvaltningsstyresmakta.
- b) Militær lågtflyging.
- c) Motorferdsel på fjorden, medrekna å gå til land eller kai og fortøye.
- d) Naudsynt motorferdsel på vinterføre til frakting av ved eller hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materialar og utstyr til vøling av stølar og til fjellstyra sine hytter o.l.
- e) Naudsynt lufttransport i samband med landbruksdrift. Lufttransport skal meldast til forvaltningsstyresmakta før transporten tek til.
- f) Naudsynt motorferdsel på vinterføre og med helikopter i samband med drift/tilsyn og vedlikehald av 300 kV kraftleidning. Statnett kan ved akutt naud/samanbrot på 300 kV linja foreta barmarkkøyering for å reparere 300 kV kraftlinje dersom vértilhøva gjer at helikopter ikkje kan nyttast. Barmarkkøyeringa skal rapporterast skriftleg til forvaltningsstyresmakta i ettertid
- g) Motorferdsel med snøskuter og bruk av helikopter i samband med teljing og registrering av villrein. Motorferdsla skal rapporterast årleg.

5.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til luft- og/eller snøskutertransport av materialar til hytter, stølar, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar.

6. Forureining

6.1 Forureining og forsøpling er forbode samt bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet

6.2 Unødvendig støy er forbode. Eksempel på dette er motor på modellfly og modellbåter. Lista er ikkje uttømmende.

§ 4 GENERELLE DISPENSASJONSREGLAR

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i spesielle tilfelle, når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 5 FORVALTNINGSPLAN

Det kan utarbeidast ein forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon m.v.. Forvaltningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Forvaltningsstyresmakta kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

§ 6 FORVALTNINGSTYRESMAKT

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

§ 7 RÅDGJEVANDE UTVAL

Det kan nemnast opp eit rådgjevande utval for landskapsvernområdet

§ 8 IKRAFTTREDING

Denne forskrifta trer i kraft straks.

1.3 FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR BLEIA. VERN AV BLEIA NATURRESERVAT I LÆRDAL KOMMUNE I SOGN OG FJORDANE FYLKE

Fastsett ved Kongelig resolusjon av 08.10.2004 i medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §8, jf. § 10 og §§ 21, 22, og 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet gjeld følgjande gnr/bnr i Lærdal kommune: Lærdal Vestre statsallmenning (samnemning for gnr/bnr 85/1 Hausen statsallmenning og 85/4 Bleia statsallmenning) og gnr/bnr 125/1, 41/2 og 41/6.

Naturreservatet dekkjer eit areal på ca 21, 8 km². Grensa ved sjøen går 5 m frå land i vatnspeilet ved lågaste normal fjøre sjø. Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1: 50 000 datert Miljøverndepartementet oktober 2004.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir oppbevart i Lærdal kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Føremål

Føremålet med fredinga er å sikre ein lokalitet med urvalmue (*Papaver radicum* ssp. *relictum*) av særleg vitskapleg verdi og eit særmerkt fjordlandskap sin kvartærgeologi med uvanleg storskala ravinar og fjellryggar, og med eit botanisk og urskogprega verdfullt område frå fjord til høg fjell.

§ 3 Vernereglar

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet.
Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting og såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hi-område, er freda mot skade, plukking og øydelegging. Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak og inngrep som kan endre naturmiljøet, som t.d. bergverksdrift, oppføring av bygningar, anlegg og varige og midlertidige innretningar, plassering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av kloakkleidningar og luftleidningar, bygging av vegar, opparbeiding og merking av stiar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode.

Opplistinga er ikkje uttømmende.

4. Motorisert ferdsel, på land og i vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Lågtflyging under 300 meter over bakken er forbode.
5. Idrettsarrangement, jaktprøver og annan organisert bruk av reservatet er forbode.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding er forbode.
7. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift av omsyn til fredingsformålet forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av reservatet.
8. Beiting er tillate. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift forby eller regulere beiting som kan skade eller øydeleggje verneverdiane.

§ 4 Unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Militær lågtflyging.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Organiserte turar (turlagsturar o.l.) utanfor inste Drøfta, avgrensa av Lemeggi og Hausanosi/Hausafjellet
5. Jakt etter viltlova og saltvassfiskeleva
6. Fiske etter innlandsfiskeleva og saltvassfiskeleva
7. Havbeite utan synlege anlegg i overflata
8. Uttak av ved (enkelttre) til bruk på hytter i området. Særmerkte, og dekorative og daude tre skal ikkje felast.
9. Vedlikehald av bygningar og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
10. Motorferdsel i sjø.
11. Fortøying av båtar til land og bruk av landfeste for fiske.
12. Slått på innmarka på indre Frønningen og naudsynt motorferdsel for å gjennomføre dette.
13. Drift og vedlikehald av Kystverket sine anlegg, og motorisert ferdsel på fjorden i samband med dette.
14. Bruk av kløvhest i samband med jakt.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande og nye stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
2. Oppføring av bygningar på gamle murar på den nedlagde garden Hausen
3. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
4. Avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning.
5. Opplag av båtar.

6. Oppsetjing av nye fortøyingsinnretningar.
7. Skjøtsel og istandsetjing av kulturminne.
8. Tillaging av båtstø for fjellstyrehytta ved sjøen i indre Drøfta.
9. Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg for sikker ferdsel og navigasjon.
10. Bruk av beltegåande "elgtrekk" i området frå Roti til Sovastubbene for utfrakting av felt hjortevilt. Løyve kan gjevast for fleire år.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet for fredinga krev det, og dessutan for vitenskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 7 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 9 Ikrafttreding

Denne forskrifta trer i kraft straks.

1.4 FORSKRIFT OM FREDING AV NORDHEIMSDALEN SOM NATURRESERVAT, AURLAND KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE

Fastsett ved kgl.res. 17. desember 1999 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8 og § 10 jf. § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §§ 8 og 10 jf. §§ 21, 22 og 23 er eit barskogområde i Aurland kommune i Sogn og Fjordane fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 17. desember 1999 under namnet Nordheimsdalen naturreservat.

II

Det freda området vedkjem 57/2 (Aurland nordre statsalmenning) og stølsrettar til 57/1 i Aurland kommune og stølsrettar til 125/1, 129/1, 130/1 og 131/1 i Lærdal kommune.

Reservatet dekkjer eit totalareal på 13300 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:50000 datert Miljøverndepartementet desember 1999.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og fredingsforskrifta blir oppbevarte i Aurland kommune, hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

III

Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit intakt nedbørsfelt med ein skoggradient frå fjøre til fjell, og som har eit uvanleg stort mangfald av ulike furuskogstypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogpreg som truleg er det sterkaste ein finn på Vestlandet.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting og såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av kloakkleidningar og luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorisert ferdsel, på land og vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfarty.
5. Idrettsarrangement, jaktprøver og annan organisert bruk av reservatet er forbode.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande veg er forbode.
7. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt på hjortevilt og ryper.
4. Fiske.
5. Beiting på eit nivå som ikkje er til skade for fredingsformålet.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med tiltak under kap. V pkt. 3 og 6.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
4. Avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning.
5. Opplag av båtar.
6. Istandsetjing og vedlikehald av eksisterande tømmerheis, veganlegg, kai og andre kulturminne i samråd med fylkeskulturetaten og forvaltningsstyresmakta.
7. Avgrensa uttak av ved og anna trevyrke til bruk på stolar, hytter og kulturminne i naturreservatet, og andre tiltak i samband med bruk og vedlikehald av desse.
8. Uttak av tømmer frå ein avgrensa del av reservatet, til kulturhistorisk dokumentasjon og demonstrasjon.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtseltiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet for fredinga krev det, og dessutan for vitenskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

IX

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmyndigheit etter denne forskrift.

X

Denne forskrifta trer i kraft straks.

1.5 FORSKRIFT OM FREDNING AV GRÅNOSMYRANE NATURRESERVAT, AURLAND OG VOSS KOMMUNAR, SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jfr. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jf. § 10 og §§ 21, 22 og 23, er eit fjell- og våtmarksområde i Aurland og Voss kommunar, Sogn og Fjordane og Hordaland fylke, freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet « Grånosmyrane naturreservat ».

II

Det freda området femner om følgjande gnr./bnr.: 48/1 i Aurland kommune og 150/3 og 150/4 i Voss kommune.

Reservatet dekkjer eit areal på 3350 dekar der ca 3015 dekar er landareal.

Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte kart i målestokk 1:50000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Aurland og Voss kommunar, hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane og fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkjast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet er å freda eit fjell- og våtmarksområde med hekkefunksjon for eit rikt og sårbart fugleliv.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye planteartar må ikkje innførast.
2. Dyr- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er freda mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte forureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Idrottsarrangement, jaktprøver og organisert bruk av naturreservatet er forbode.
5. Camping, teltslaging og oppsetting av kamuflasjeinnretningar i tida f.o.m. 1. juni til 1. august er forbode.
6. Motorisert ferdsel er forbode. Start og landing av luftfartøy, medrekna lågtflyging under 300 meter, er forbode. For vinterhalvåret gjeld elles lova om motorisert ferdsle i utmark og gjeldande reglar.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulans-, rednings-, politi-, brannvern, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd og naudsynt motorisert ferdsel i samband med dette.
2. Beite som ved fredningstidspunktet, tilsyn med beitedyr, samt naudsynt bruk av gjetarhund.
3. Jakt på hønsefugl, hjortevilt, hare og raudrev og mink.
4. Sanking av bær og sopp.
5. Fiske.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som gjer vesentleg skade.
2. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i kap V.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredningsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka, ferdselsavgrensinga og fiske i elva.

VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unnatak frå fredningsforskrifta når føremålet med fredninga tilseier det, for vitskaplege granskingar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredninga.

IX

Forvaltninga av fredningsforskrifta er tillagt fylkesmannen i Hordaland.

X

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

VERDSARVRÅDET

FOR

VESTNORSK FJORDLANDSKAP

SAMARBEIDSORGAN FOR VERDSARVOMRÅDET VESTNORSK
FJORDLANDSKAP



RETNINGSLINER FOR ARBEIDET

FORORD

Som del av oppfylginga av innskrivinga av Vestnorsk Fjordlandskap på UNESCO si liste over verdsarven er Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap formelt nedsett i dag.

Verdsarvrådet har som oppgåve å bidra til ei utvikling i områda som er i tråd med intensjonen for verdsarv. Rådet skal bidra til naudsynt samarbeid og informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda.

Rådet har som intensjon å være ein viktig arena for diskusjon, rådgjeving og avklaring i saker som kan ha betydning for oppfylging av verdsarvstatusen som tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.

Stranda 31. januar 2006

Stranda kommune

Norrdal kommune

Aurland kommune

Lærdal kommune

Vik kommune

Voss kommune

*Møre og Romsdal
Fylke*

*Sogn og Fjordane
fylkeskommune*

*Hordaland
fylkeskommune*

*Fylkesmannen i
Sogn og Fjordane*

*Fylkesmannen i
Hordaland*

*Direktoratet for
naturforvaltning*

RETNINGSLINER - VERDSARVRÅDET FOR VESTNORSK FJORDLANDSKAP

Føremål:

- å arbeide for godt samarbeid om ei oppfølging av verdsarvstatusen som er i tråd med intensjonen med verdsarvkonvensjonen, retningslinene for verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanen for verdsarvområdet.

Samansetjing:

- ordfører i Stranda kommune
- ordfører i Norddal kommune
- ordfører i Aurland kommune
- ordfører i Lærdal kommune
- ordfører i Vik kommune
- ordfører i Voss kommune
- fylkesdirektør og fylkesordfører i Møre og Romsdal fylke
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- fylkesordfører i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Fylkesmannen i Hordaland
- fylkesordfører i Hordaland fylkeskommune

- ein repr frå Direktoratet for naturforvaltning (DN)
- ein repr frå Riksantikvaren (RA)
- ein repr frå Miljøverndepartementet (deltek etter behov)

Kvar representant kan om ønskeleg/naudsynt ha med eigen bisittar.

Representantar frå DN, RA og MD har tale men ikkje stemmerett.

Konstituering:

- Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar for ein periode på 2 (to) år. Rådssekretær skal kome frå same delområde som leiaren.
- Leiinga av rådet vekslar mellom nord- og sørområdet

Tilsetting og drift av sekretariat:

- rådet opprettar eit sekretariat med på minst eitt årsverk
- sekretæren har tittelen "sekretariatsleiar for verdsarvrådet"

Møteverksemd:

- verdsarvrådet held møte etter behov (minimum to faste møte pr år).

Økonomi:

- Årlege statlege midlar til drift føres til rådet etter nærare avtale.
- Rådet opprettar ein eigen konto.
- Det vert ikkje ytt møtegodtgjering til representantane i rådet

Faste oppgåver:

- Samordning og harmonisering av initiativ, tiltak og planer som vedkjem "Vestnorsk fjordlandskap" som verdsarvområde
- Vere pådrivar for tiltak som er i tråd med statusen som verdsarvområde
- Drive bevisstgjerung og formidling av dei kvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen
- Vere kontaktpunkt for statlege myndigheiter i spørsmål som omhandlar heile verdsarvområdet (informasjon, rapportering, prioritering av ressursar med meir)
- Drift av eit rådssekretariat

- Utarbeiding og godkjenning av arbeidsinstruks for sekretariatet
- Arbeid med mobilisering av ressursar til gjennomføring av tiltak som er i tråd med intensjonane for verdsarvarbeidet
- Kompetanseutvikling knytt til forvaltning av verdsarvområdet
- Høyringsorgan for saker som vedkjem verdsarvstatusen
- Bygge nettverk mot andre relevante verdsarvområde

RETNINGSLINER FOR VERDSARVSEKRETARIATET v / sekretariatsleiaren for verdsarvrådet

Stillingstittel:


- Sekretariatsleiar for verdsarvrådet (Site coordinator)

Ansvar/oppgåver og mynde:

- sekretariatsleiaren skal ivareta rollen som kontaktpunkt (kontaktadresse) for verdsarvområdet, og syte for drift av kontaktnettverk for området
- sekretariatsleiaren skal setje i verk og fylgje opp vedtak i verdsarvrådet
- sekretariatsleiaren skal ha ansvar for saksframlegg, møteinnkalling og referat for verdsarvrådet
- sekretariatsleiaren har eit særleg ansvar for å gjere verdsarvkvitetane kjend (informasjon/formidling/syte for drift av nettstad)
- sekretariatsleiaren skal være kjend med retningslinene for oppfylging av verdsarvkonvensjonen og ha dette som styringsreiskap i arbeidet
- sekretariatsleiaren skal ha oversyn over utviklinga i området og syte for god informasjonsutveksling mellom aktørar og nivå
- sekretariatsleiaren deltek i nordisk nettverk for verdsarvforvaltarar




Verdsarvområde Nærøfjorden
 Vik, Aurland og Lærdal kommunar, Sogn og Fjordane
 Voss kommune, Hordaland


 Ekvadistans 80 meter
 Rutemått 5 km
 0 5 km

Kartgrunnlag: N50, kartblad 1316 L, 1317 II, 1416 IV, 1417 III
 Kartproduksjon: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Tolkningsforklaring


-  Grense for verdsarvområde
-  Naturreservat
-  Landskapsvernområde
-  Fylkesgrense
-  Kommunegrense
-  St
-  Skog
-  Dyrka mark
-  Myr
-  Teit busetnad




Verdsarvomsråde Nærøyfjorden

Vik, Aurland og Lærdal kommuner, Sogn og Fjordane
 Vestkommune, Herdalsind

Etviddelse 0,1 meter
 Rasteret 5 km




Kartprosjekt: M8, kartblad 1241, 13111, 14011V, 14111
 Kartproduksjon: Fylkeskartene i Sogn og Fjordane



Soneinndeling

- Verdsarvsone
- Brukssone
- Sone for særlig tilrettelegging
- Busstie område
- Grænse for verdsarvomsråde
- Naturreservat
- Landskapsvernområde
- Fylkesgrense
- Kommungrense

Declaration of Intent



THE WEST NORWEGIAN FJORDS Proposed World Heritage Site



MILJØVERNDEPARTEMENTET

Norwegian Ministry of the Environment



Fjord is a Norwegian word used internationally to denote an outstanding landform found only in recently glaciated parts of the world. Fjords are the most important symbol for Norway. Geirangerfjord and Nærøyfjord, along with their surroundings, superbly display the unique landforms and landscapes of the fjord systems of Western Norway, where the very soul of the fjords is to be found. The fjord landscape is at its most spectacular here, and this dramatic, beautiful scenery has had a magnetic draw on tourists from all over the world for more than a century.

The challenge for the future is to ensure that the unique natural values present in these fjord landscapes, the cultural heritage monuments, the traces of human activities and the traditional use of natural resources are preserved for posterity. It is also important to protect surviving traditional activities and help promote the positive development of the area based on intentions stated in national legislation and the World Heritage Convention. The landscape and buildings will as far as possible be preserved in line with the best local traditions.

If Geirangerfjord and Nærøyfjord along with their surroundings are inscribed on the UNESCO World Heritage List, Norway guarantees that the values in the area will endure.





On the occasion of the nomination of Geirangerfjord and Nærøyfjord with their surroundings, the borough councils of Norddal, Stranda, Vik, Voss, Aurland and Lærdal, the county administrations of Møre & Romsdal, Sogn & Fjordane and Hordaland, the Directorate for Nature Management and the Ministry of the Environment have agreed on the following main points:

- The objective of the World Heritage nomination of the site is that the landscape with its geological, biological and cultural values shall be preserved.
- A premise for the preservation of these important values is that traditional livelihoods and other business and industry can still operate profitably and that this economic activity can be developed at the same rate as in the rest of the country.
- The World Heritage Area shall be managed in line with existing national legislation. The objective of the nomination has not been to generate new laws and regulations that apply only to the site. The county administrations shall strive to ensure that the legislation does not counter the purpose of the World Heritage Area.
- Tourism, agriculture, aquaculture, fisheries and other commercial activities shall be developed in co-operation and with mutual regard.
- The World Heritage status of the area has no bearing on the hunting and shooting rights of landowners and entitled users.

Co-operation

- The six borough councils and the county governors of Møre & Romsdal, Sogn & Fjordane and Hordaland on behalf of the Norwegian state are jointly responsible for ensuring that the values in the landscape are preserved and that businesses can be run and developed without detriment to these values.
- Mutual understanding for the fields of interest of the various parties is fundamental for co-operation.
- Two consultative groups shall be set up to deal with matters regarding the values and problems of the World Heritage Area, one for the northern part and one for the southern part. These groups shall be composed of local representatives for businesses and organisations, the borough councils and the county administrations. When an office of the Norwegian Nature Inspectorate is opened in the area, it shall be represented in the groups. The groups shall meet regularly to deal with relevant issues that may arise between the various interests in the area. Support from the groups must be obtained before major projects which, for example, relate to development or investigations are implemented. The meetings shall be convened by the municipal administrations.



Stranda, Norddal, Vik, Voss, Aurland, Lærdal, Molde, Leikanger og Bergen
1st January 2004



Frank Sævi
Stranda Borough
Council



Tone Sandnes
Norddal Borough
Council



Olav F. Ellingsen
Aurland Borough
Council



Eirik Lunde
Vik Borough
Council



Steffen
Lærdal Borough
Council



Pjotr Christ
Voss Borough
Council



Jon Arnesen
Møre og Romsdal
County Council



Nils F. Sandal
Sogn og Fjordane
County Council



Knut Lebedel Myrnes
Hordaland
County Council



Stein Røising
County Governor of
Møre og Romsdal



Olavur Sletten
County Governor of
Sogn og Fjordane



Carin Flomhaugen
County Governor of
Hordaland





MILJØVERNDEPARTEMENTET

Norwegian Ministry of the Environment

Aktuelle rapportar i denne serie:

- Nr 3 - 1994 Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. ISBN 82-91031-20-7
- Nr 4 - 1994 Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde. ISBN 82-91031-21-5
- Nr 5 - 1994 Kontroll av matfiskanlegg for laks og aure 1991-93. ISBN 82-91031-22-3
- Nr 6 - 1994 Plan for minstekrav til reinsing - Sogn. og Fjordane. ISBN 82-91031-23-1
- Nr 1 - 1995 Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-25-8
- Nr 2 - 1995 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. Fagrapport 1994. ISBN 82-91031-26-6
- Nr 3 - 1995 Biologiske undersøkelser av noen kulturlandskap og edellauvskog i Sogn og Fjordane. i 1994. ISBN 82-91031-26-6
- Nr 4 - 1995 Bygder i Sogn og Fjordane - ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-27-4
- Nr 1 - 1996 Tenesteproduksjon i kommunane Flora, Førde og Gaular: dekningsgrad, prioritering og produktivitet. ISBN 82-91031-28-2
- Nr 2 - 1996 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-29-0
- Nr 3 - 1996 Prøvefiske i 21 vatn i Ytre Sogn og Sunnfjord. ISBN 82-91031-30-4
- Nr 1 - 1997 Europark 96 - Glenveigh National Park - Irland
- Nr 2 - 1997 Forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat. ISBN 82-91031-32-0
- Nr 3 - 1997 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-33-9
- Nr 4 - 1997 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-34-7
- Nr 1 - 1998 Fiskeressursar i regulerte vassdrag, sluttrapport. ISBN 82-91031-35-5
- Nr 2 - 1998 Forvaltning av nasjonalparker i USA. ISBN 82-91031-36-3
- Nr 3 - 1998 Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-37-7
- Nr 4 - 1998 Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsområde. ISBN 82-91031-39-8
- Nr 5 - 1998 Skjøtsel i heimre Utladalen – Samordna plan for kulturlandskapskjøtsel, bygningsvern, Tilrettelegging for ferdsel og informasjon i Utladalen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-40-1
- Nr 6 - 1998 Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998. ISBN 82-91031-43-6
- Nr 7 - 1998 Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998 Opplegg og idear i skulen. ISBN 82-91031-43-6
- Nr 1 - 1999 Europeisk nasjonalparksamarbeid – Norges nasjonalparker i eit internasjonalt perspektiv. ISBN 82-91031-44-4
- Nr 2 - 1999 Forvaltningsplan for Flostranda naturreservat. ISBN 82-91031-45-2
- Nr 1 - 2000 Bygder i Sogn og Fjordane – ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-46-0
- Nr 2 - 2000 Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-47-9
- Nr 3 - 2000 Hjorteforvaltning 2000 – Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-48-7
- Nr 4 - 2000 Nasjonalparker og næring hand i hand? ISBN 82-91031-49-5
- Nr 5 - 2000 Naturbruksprosjektet. ISBN 82-91031-50-9
- Nr 6 - 2000 Landbruksbygder i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-51-7
- Nr 1 - 2001 Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen Nasjonalpark. ISBN 82-91031-52-5
- Nr 2 - 2001 Nasjonalparker og andre naturvernområde i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-82-7
- Nr 3 - 2001 Storsopper i kommunene Leikanger, Luster og Sogndal registrert under XV Nordiske. Mykologiske kongress Sogndal 7. – 12. september. ISBN 82-91031-83-5
- Nr 4 - 2001 Framlegg til verneplan for myr i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-84-3
- Nr 1 - 2002 Prøvefiske i samband med planlagt vassdragsregulering i Kløvtveitvassdraget og deler av Yndesdalsvassdraget i Sogn og Fjordane fylke. ISBN 82-91031-85-1.
- Nr 2 - 2002 Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane. ISBN-82-91031-53-3
- Nr 3 - 2002 Status for eit utval artsrike enger i Sogn. ISBN-82-91031-54-1
- Nr 4 - 2002 Handlingsplan for eldreomsorga i Sogn og Fjordane, 1998 – 2001. ISBN-82-91031-56-8
- Nr 5 - 2002 Prøvefiske i 28 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2001. ISBN 82-91031-57-6
- Nr 6 - 2002 Ungfiskregistreringar i 10 regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2001. ISBN 82-91031-58-4
- Nr 1 - 2003 Naturfaglege registreringar innanfor planlagde Ålfotbreen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-59-2
- Nr 2 - 2003 Strandsoneretleiar. Strandsona – ein felles ressurs! ISBN 82-91031-60-6
- Nr 3 - 2003 Framlegg til Bleia naturreservat. Bleia-Storebotn landskapsvernområde. ISBN 82-91031-61-4
- Nr 4 - 2003 Skjøtselsplan for Findabotten i Stølsheim landskapsvernområde. ISBN 82-91031-62-2
- Nr 5 - 2003 Prøvefiske i 23 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2002. ISBN 82-91031-63-0
- Nr 6 - 2003 Ungfiskregistreringar i sju regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2002. ISBN 82-91031-64-9
- Nr 7 - 2003 Verneframlegg for Ålfotbreen landskapsvernområde. Høyringsutkast. ISBN 82-91031-65-7
- Nr 1 - 2004 Utviding av Stølsheimen landskapsvernområde med Finden og Finnefjorden. ISBN 82-91031-66-5
- Nr 2 - 2004 Prøvefiske i 18 regulerte vatn og ei elv i Sogn og Fjordane i 2003. ISBN 82-91031-67-3
- Nr 3 - 2004 Ungfiskregistreringar i fire regulerte elvar i Sogn og Fjordane i 2003. ISBN 82-91031-68-1
- Nr 1 - 2005 Endringer i vegetasjonen (suksesjoner) i Flostranda naturreservat, Stryn. ISBN 82-91031-70-3
- Nr 2 - 2005 Forvaltningplan for Nærøyfjordområdet (framlegg) ISBN 92-91031-71-1
- Nr 3 - 2005 Vern av Statskog SF sin grunn. Område i Sogn og Fjordane fylke. Utkast til verneplan. ISBN 82-91031-73-8
- Nr 1 - 2006 Bygder i Sogn og Fjordane - tilstandsanalyse 2005. ISBN 82-91031-87-8
- Nr 2 - 2006 Framlegg til verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-88-6
- Nr 3 - 2006 Fisk i regulerte vassdrag. Sluttrapport 2001 - 2004. ISBN 82-91031-89-4
- Nr 4 - 2006 Ungfiskregistreringar i Lærdalselva hausten 2005. ISBN 82-91031-90-8
- Nr 5 - 2006 Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane 2006. ISBN 82-91031-91-6
- Nr 1 - 2007 Utgåar
- Nr 2 - 2007 Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (framlegg) ISBN 82-91031-93-2/978-82-93.4
- Nr 3 - 2007 Verneframlegg for Krakksfjellet naturreservat. ISBN 82-91031-94-0/ISBN 978-82-91031-94-1
- Nr 4 - 2007 Prøvefiske i 14 regulerte vatn i Sogn og Fjordane i 2006. ISBN 82-91031-95-9/ISBN 978-82-91031-95-8
- Nr 5 - 2007 Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2007. ISBN 82-91031-96-7/ISBN 978-82-91031-96-5
- Nr 1 - 2008 Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden ISBN 978-82-91031-92-7

Sjå og Miljøstatus: <http://www.miljostatus.no/sognogfjordane/aktuelt/rapportar.htm>



Vestnorsk fjordlandskap




Fjorðar er mellom dei mest dramatiske og spektakulære landskapa på kloden. Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap femnar delar av dei lengste, djupaste, smalaste og vakraste fjordane i verda. Dette er område med eit natur og kulturinnhald som har trollbunde besøkande til alle tider. Av mange er desse fjordane rekna som sjølv symbolet på Noreg, det fremste fjordlandet i verda. Så er også det norske ordet "fjord" del av det internasjonale språket. Verdsarvområdet består av to delområde; Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet, som til saman utgjer 1227 km², der 107 km² er sjøareal.

Innafor naturvitenskapen vert dei to fjordområda rekna som klassiske døme på denne typen landskap. Store høgdeskilnader med bratte fjell opp i 1800 m og kort veg mellom sjø og høg fjell gjer at naturmangfaldet er stort. Begge delområda er utan større tekniske inngrep. Dei naturlege geologiske prosessane knytt til danning og utvikling av fjordar er ikkje påverka av menneskeverk. Samla har områda kvalitetar som gjer at dei er førte opp på UNESCO si liste over verdas kultur- og naturarv etter å ha oppfylt to av dei naturfaglege kriteria i konvensjonen, knytt til at dei er typelokalitet for fjordlandskapa i verda og at dei er mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa i verda. Kulturminna og kulturlandskapet i fjordane fortel at her har folk livnært seg heilt sidan isen trekte seg attende for 10 000 år sidan. Noreg har forplikta seg til å verne, bevare, formidle og overføre denne arven til komande generasjonar.

Nærøyfjordområdet

Nærøyfjordområdet har stor variasjon i landskapsstypar og spenner frå nakent høg fjell kring Fresvikbreen til lune vikar med varmekjær lauvskog nede ved fjorden. Den 17 km lange Nærøyfjorden er berre 250 m brei på det smalaste og er omkransa av fjell som når opp i 1760 moh. Hengande dalar, fossefall, skarpe gjel og store rasfelt er dramatiske innslag i dei stupbratte fjellsidene. Høg fjellområda har rolege former og er restar etter det gamle slettelandet slik det låg før isen tok til å grave ut dei mektige dalgangane. Den storfelte rasskråninga som strekker seg frå fjellet Bleia og til botnen av Sognefjorden syner at fjordlandskapet framleis er i utvikling. I dette dramatiske landskapet veks den sjeldne urvalma (Papaver radicum ssp. relictum). På rassicre plassar kring fjordane ligg fleire mindre grender der jordbruk framleis er viktigaste næringsveg.

Meri informasjon om verdsarv Vestnorsk fjordlandskap: www.verdsarv.com
 Sekretariat Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjordområdet - c/o Aurland kommune, Vangen 1, 5175 Aurland, Tel. + 47 57 63 29 00



fjords are among the most dramatic and spectacular landscapes on the planet. The World Heritage Area, the West Norwegian fjords, embraces some of the longest, deepest, narrowest and most beautiful fjords in the world. Their scenery and cultural heritage have spellbound visitors down the ages. Many people consider the fjords the very symbol of Norway, the foremost nation of fjords in the world. It is through no mere chance that the Norwegian word "fjord" has entered the international vocabulary. The World Heritage Area comprises two sub-areas, Geirangerfjord and Nærøyfjord. Together with their surroundings, the entire area covers 1227 km², 107 km² of which are sea.

Scientists have regarded these areas as classic examples of fjord landscape. Great differences in altitude and short distances between sea and mountaintop create a great diversity of scenery and natural history. Both sub-areas lack major, man-made infrastructures. Natural geological processes linked with the formation and evolution of the fjords are not affected by the works of man. Together, these areas have qualities that resulted in them being inscribed on the UNESCO list of the world's cultural and natural heritage after fulfilling two of the scientific criteria in the Convention. The West Norwegian fjords are classic, superbly developed fjords, considered as the type locality for fjord landscapes in the world. The areas are considered to be among the most scenically outstanding fjord areas on the planet. Remnants of old and now mostly abandoned transhumant farms add a cultural aspect to the dramatic natural landscape that complements and adds human interest to the area. Norway is dedicated to protecting, preserving, making known and passing on this heritage to future generations.

The Nærøyfjord area

The Nærøyfjord area has a great variety of landscape, ranging from naked peaks around the Fresvik glacier to sheltered bays with broadleaved deciduous woodland by the fjord. Flanked by mountains towering to 1760 m above sea level, Nærøyfjord is 17 km long and only 250 m broad at its narrowest point. Hanging valleys, waterfalls, narrow canyons and long screes are dramatic features on the precipitous mountainsides. The mountaintops are not jagged and are remnants of the ancient plains that existed before rivers and ice began to excavate the deep valleys. The magnificent scree slopes that stretch down from Bleia, a peak at the head of Sognefjord, show that the fjord landscape is still evolving. A rare sub-species of the arctic poppy (Papaver radicum ssp. relictum) grows there. Several small settlements occupy sites around the fjord that are safe from avalanches, and farming is the most important occupation there.

Additional information on the World Heritage Site The West Norwegian Fjords: www.verdsarv.com
 Site Manager West Norwegian Fjords - The Nærøyfjord area - c/o Aurland kommune, Vangen 1, 5175 Aurland, Tel. + 47 57 63 29 00







Verdsarv
Vestnorsk fjordlandskap